

Innkalling

Utval	Sykkylven kontrollutval
Møtestad	Sykkylven rådhus
Dato	04.05.2023
Tidspunkt	kl 14:00

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: post@sksiks.no eller på telefon 90741399

Varamedlem møter etter nærare innkalling.

Sakliste

- PS 10/23 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 11/23 Kontrollutvalet sin uttale - årsrekneskap og årsmelding 2022 - Sykkylven kommune
- PS 12/23 Eigarskapsmelding Sykkylven kommune - kommunestyret sitt vedtak
- PS 13/23 Meldingar
- MS 05/23 Kommunestyret sitt vedtak - rapport frå forvaltningsrevisjon 2022

Ålesund, 26.04.2023

Leonhard Vårdal
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Rådgjevar SKS IKS

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 10/23	Sykkylven kontrollutval	04.05.2023

Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Vedlegg

Møteprotokoll - Sykkylven kontrollutval - 16.03.2023

Møteprotokoll

Utval	Sykkylven kontrollutval
Møtestad	Sykkylven rådhus
Dato	16.03.2023
Tidspunkt	kl 15:00 - 16:30

Følgjande medlemmer møtte

Grethe Melseth
Kjellaug Roald
Leonhard Vårdal
Målfinn Aanning
Petter Hole-Drabløs

Møtenotat

Til og med sak 08/23 var frå Møre og Romsdal revisjon SA oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor Kurt Løvoll og forvaltningsrevisor Ingrid Walstad Larsen til stades. Og frå kommunen sin administrasjon kommunedirektør Bente G. Vikhagen, kommunalsjef oppvekst Bjørnar Midtbust og rådgivar barnehage Øyvind Fet.

Frå kontrollutvalsekretariatet var rådgivar Solveig Kvamme til stades på heile møtet.

Leonhard Vårdal
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Rådgjevar SKS IKS

Sakliste

- PS 07/23 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 08/23 Rapport forvaltningsrevisjon 2022 - ressursbruk i barnehageområdet
- PS 09/23 Meldingar
- MS 02/23 Sykkylven kontrollutval medlemskap i Forum for kontroll og tilsyn
- MS 03/23 Høyring - tilrådingar for god skikk og praksis i kontrollutvalsekretariata
- MS 04/23 Program FKT sin fagkonferanse for kontrollutval i Trondheim - frist 21.04.2023

PS 07/23 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Sykkylven kontrollutval 16.03.2023

Behandling

Votering: Samrøystes

SYKU - 07/23 vedtak

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

PS 08/23 Rapport forvaltningsrevisjon 2022 - ressursbruk i barnehageområdet

Sekretariatet si tilråding:

Kommunestyret sluttar seg til dei tilrådingar som revisor gjev i rapporten frå forvaltningsrevisjon ressursbruk i barnehageområdet og ber kommunedirektøren merke seg desse.

Kommunestyret bed kommunedirektøren om å rapportere skriftleg til kontrollutvalet innan utgangen av august 2023, på oppfølging av revisor sine tilrådingar.

Sykkylven kontrollutval 16.03.2023

Behandling

Nytt forslag, foreslått av Leonhard Vårdal,

Kommunestyret sluttar seg til tilrådingane i rapporten frå forvaltningsrevisjon ressursbruk i barnehageområdet og ber kommunedirektøren merke seg desse:

1. Gjennomføre årleg/jamleg gjennomgang av skriftlege prosedyrar/rutinar i tråd med god internkontroll.
2. Sjå nærare på om det kan vere aktuelt å publisere rutinar/prosedyrar slik at private barnehagar også har direkte tilgang til desse.
3. Setje opp og publisere flytskjema, årshjul eller liknande i eit heilskapleg system som viser fasane innanfor spesialpedagogisk hjelp (jf rettleiar spesialpedagogisk hjelp), med tilhøyrande prosedyrar, fristar og rutinar.
4. Gjennomføre evaluering av nye rutinar/iverksette tiltak/organisering knytt til tidleg innsats og systemarbeid. (Til dømes trefftid, fagteam, samarbeidsrutinar BTI)
5. Endre mal for enkeltvedtak for å sikre at det kjem fram i vedtaket kva som er barnet sitt synspunkt og korleis barnet sin meining er lagt vekt på.

Kommunestyret bed kommunedirektøren om å rapportere skrifteleg til kontrollutvalet innan utgangen av august 2023, på oppfølging av tilrådingane.

Votering: Samrøystes

SYKU - 08/23 vedtak

Kommunestyret sluttar seg til tilrådingane i rapporten frå forvaltningsrevisjon ressursbruk i barnehageområdet og ber kommunedirektøren merke seg desse:

1. Gjennomføre årleg/jamleg gjennomgang av skriftelege prosedyrar/rutinar i tråd med god internkontroll.
2. Sjå nærare på om det kan vere aktuelt å publisere rutinar/prosedyrar slik at private barnehagar også har direkte tilgang til desse.
3. Setje opp og publisere flytskjema, årshjul eller liknande i eit heilskapleg system som viser fasane innanfor spesialpedagogisk hjelp (jf rettleiar spesialpedagogisk hjelp), med tilhøyrande prosedyrar, fristar og rutinar.
4. Gjennomføre evaluering av nye rutinar/iverksette tiltak/organisering knytt til tidleg innsats og systemarbeid. (Til dømes trefftid, fagteam, samarbeidsrutinar BTI)
5. Endre mal for enkeltvedtak for å sikre at det kjem fram i vedtaket kva som er barnet sitt synspunkt og korleis barnet sin meining er lagt vekt på.

Kommunestyret bed kommunedirektøren om å rapportere skrifteleg til kontrollutvalet innan utgangen av august 2023, på oppfølging av tilrådingane.

PS 09/23 Meldingar

MS 02/23 Sykkylven kontrollutval medlemskap i Forum for kontroll og tilsyn

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Sykkylven kontrollutval 16.03.2023

Behandling

Votering: Samrøystes

SYKU - 02/23 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

MS 03/23 Høring - tilrådingar for god skikk og praksis i kontrollutvalsekretariata

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande og bed sekretariatet ta med dei innspel som kom i møtet inn i sekretariatet sitt høyringsvar.

Sykkylven kontrollutval 16.03.2023

Behandling

Votering: Samrøystes

SYKU - 03/23 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande og bed sekretariatet ta med dei innspel som kom i møtet inn i sekretariatet sitt høyringsvar.

MS 04/23 Program FKT sin fagkonferanse for kontrollutval i Trondheim - frist 21.04.2023

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Sykkylven kontrollutval 16.03.2023

Behandling

Leiar koordinerer påmelding for dei medlemmane som har høve til å delta.

Votering: Samrøystes

SYKU - 04/23 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
PS 11/23	Sykkylven kontrollutval	04.05.2023

Kontrollutvalet sin uttale - årsrekneskap og årsmelding 2022 - Sykkylven kommune

Sekretariatet si tilråding til kontrollutvalet sin uttale:

Kontrollutvalet er ikkje kjent med tilhøve som skulle ha kome fram i dialog med revisor eller gjennom kontrollhandlingar retta mot økonomiforvaltninga, som kunne ha konsekvens for innhaldet i denne uttalen frå kontrollutvalet.

Sykkylven kontrollutval uttaler med dette at dei vil råde kommunestyret til å godkjenne årsrekneskap og årsmelding 2022 for Sykkylven kommune.

Saksframlegg:

Sekretariatet tilrår ein slik prosess i kontrollutvalet sitt møte 04.05.2022:

- revisor gjev sin presentasjon av revisjonsarbeidet, revisjonsmeldinga og revisor si rolle.
- kommunedirektøren er invitert til å gje ein kort presentasjon av Sykkylven kommune sitt årsrekneskap og årsmelding 2022, med spesielt fokus på avvik i høve til budsjett og endra føresetnader.
- sekretariatet gjev ein kort informasjon om saksutgreiinga og tilrådinga til uttalen
- kontrollutvalet kan stille oppklarande spørsmål til kommunedirektør og revisor før utvalet drøftar sjølve saka

Bakgrunn:

Kontrollutvalet har ansvar for at det blir ført kontroll med økonomiforvaltninga til kommunen. Det vil seie å sjå til at den er i samsvar med lov og forskrift og kommunen sine egne reglement og vedtak. jf. kommunelova § 23-2. Ansvaret gjeld økonomiforvaltninga generelt og er eit særskilt ansvar ved sida av ansvaret kontrollutvalet har for rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapkontroll.

Dagens kommunelov stiller ei rekkje nye og grunnleggande krav til økonomiforvaltning og berekraft i kommunane, jf. Kommunelova § 14-1.

Dette krev at økonomisk handleevne må takast vare på over tid, planer for eiga verksemd og økonomi skal vera realistiske, finansielle middel og gjeld skal forvaltast utan vesentleg finansiell risiko, og betalingsforpliktingar skal innfriast ved forfall.

Kommunelova legg ansvaret på kommunestyret til å sjå til at økonomiforvaltninga skjer i tråd med lov, forskrift og kommunen sine egne reglement og vedtak.

Kontrollutvalet sitt ansvar er å uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapen og årsmeldinga før formannskapet skal gje si innstilling, slik at dei kan ta omsyn til uttalen. jf. kommunelova § 14-3.

Uttalen skal difor sendast kommunestyret, med kopi til formannskapet.

Vurdering:

Grunnlagsdokumenta for kontrollutvalet sin uttale er Sykkylven kommune sitt årsrekneskap og årsmelding 2022. Samt melding frå oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor datert 11.april 2023 og dei kontrollaktivitetar som har vore retta mot økonomiforvaltninga gjennom året.

Sykkylven kommune har i 2022 eit netto driftsresultat på kr 15 421 554.

Revisor har i revisjonsmeldinga ikkje gitt særskilte merknadar til årsrekneskapen eller årsmeldinga for 2022.

Det er opp til kontrollutvalet sjølv å avgjere kva uttalen til årsrekneskap og årsmelding skal innehalde. Verken kommunelov eller kontrollutvalsforskrift stiller konkrete krav til innhaldet, ut over at den skal knyte seg til forhold i årsrekneskap eller årsmelding, og tilhøyrande revisjonsmelding.

Når revisor sin revisjonsrapport med frist 30. juni kjem til kontrollutvalet, kan utvalet velje å gå nærare inn på økonomiforvaltninga. Om utvalet ynskjer det kan dei då be revisor og/eller kommunedirektør om å kommentere enkelte forhold nærare.

Årsrekneskapen

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og at kommunestyret sine målsetjingar er oppfylt. Grunnlaget for kontrollen er den avlagde årsrekneskapen, årsmeldinga og revisjonsmeldinga. Alt vart levert innan dei fristar kommunelova set.

Kontrollutvalet kan føreslå endringar i årsrekneskapen dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk.

Oppdragsansvarleg revisor har supplert kontrollutvalet med relevant informasjon gjennom året og ingen avvik er rapportert eller avdekt.

Revisor stadfestar at kommunen har oppfylt si plikt med registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningane i tråd med lov og god bokføringskikk.

Årsmelding:

Årsmeldinga skal mellom anna omtale tilhøve som er viktige for å vurdere den økonomiske

utvikling og stilling, og om desse tek vare på den økonomiske handleevna over tid.

Årsmeldinga skal innehalde ei vurdering av:

- Kommunen si måloppnåing og andre ikkje-økonomiske forhold som er av vesentleg verdi for kommunen eller innbyggjarane.
- Tiltak som er sett i verk og tiltak som blir planlagd sett i verk for å sikre ein høg etisk standard.
- Den faktiske tilstanden når det gjeld likestilling av kjønn.
- Kva kommunen gjer for å oppfylle aktivitetsplikta til arbeidsgivar etter likestillings- og diskrimineringslova § 26.

Årsmeldinga gjev tilfredsstillande opplysningar sett opp mot desse punkta. Revisor melder i si revisjonsmelding at årsrekneskapen inneheld dei opplysningane som lov og forskrift krev. Opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.

Finansielle måltal

Hovudformålet med økonomiforvaltninga etter kommunelova §14-1 er å ta vare på den økonomiske handleevna. Kommunestyret skal sjølv vedta finansielle måltal for utvikling av kommuneøkonomien, og omtale av utviklinga for desse måltala bør normalt finnast i årsmeldinga, jf. kommunelova §14-7 punkt a. I årsmelding 2022 for Sykkylven kommune finn vi omtalen av måltala på side 30 og utover i årsmeldinga.

Budsjettavvik

Det er etter kommunelova stilt krav til at kommunedirektøren i årsmeldinga gjer greie for moglege budsjettavvik. Omtalen av budsjettavvik finn vi i årsmeldinga kapittel 3, i 22 punkt frå side 25. Revisor omtaler dette i si melding og gjer greie for det ansvaret som ligg i å forklare både beløpsmessige avvik og premissane for desse. I revisor sin konklusjon går det fram at årsmeldinga gjev tilstrekkeleg informasjon for vesentlege budsjettavvik.

Kontrollarbeidet:

Årsmeldinga har eit eige avsnitt i kapittel 3 som i årsmeldinga vert kalla forvaltningsrevisjonar, punkt 3.3.15 side 47.

Vi skuldar å gjere merksam på at ein forvaltningsrevisjon er nemning på ei spesiell type kontrollhandling som kontrollutvalet bestiller og revisjonen utfører. Den er definert i kommunelova § 23-3 første ledd som systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak.

Kontrollutvalet har i 2022 bestilt og starta opp kun ein forvaltningsrevisjon; ressursbruk innan barnehageområdet. Rapporten vart levert og vedtatt i 2023.

I 2021 fekk kontrollutvalet bestilt og gjennomført ein forvaltningsrevisjon på offentlege innkjøp og anskaffingar.

Når det gjeld dei punkta som i årsmeldinga er lista opp under forvaltningsrevisjon, så er dei alle ein del av rekneskapsrevisjonen i form av attestasjonshandlingar og forenkla etterlevingskontroll som revisor utfører. Revisor rapporterer jamleg til kontrollutvalet på desse handlingane knytt til kontrollutvalet sitt påsjåar-ansvar.

Bruken av omgrepet forvaltningsrevisjon slik det er gjort i årsmeldinga vert ikkje rett bruk og kunne heller vore kalla revisjonar eller rekneskapsrevisjon.

Konklusjon

Med grunnlag i kontrollutvalet sine kontrollaktivitetar retta mot økonomiforvaltninga, og etter ei samla vurdering, tilrår kontrollutvalet at årsrekneskap og årsmelding for 2022 blir godkjent slik den ligg føre.

Kontrollutvalet har gjennom året fått presentert revisjonsplan, forenkla etterlevingskontroll, interimrevisjon og unummererte forhold. Slik sett har kontrollutvalet eit godt fagleg grunnlag for å gje sin uttale. Revisjonsmeldinga er ei normalmelding gitt utan atterhald. Dette betyr at revisjonen ikkje har avdekt eller påvist vesentlege feil og manglar i kommunen si rapportering.

Kontrollutvalet er i dialog med revisor, ikkje gjort kjent med andre forhold som kunne hatt konsekvens for uttalen frå kontrollutvalet, jf. kommunelova §14-3.

Vedlegg

Uavhengig revisor si melding 2022 - Sykkylven kommune

Årsrekneskap 2022 Sykkylven kommune

Årsmelding 2022 Sykkylven kommune

Uttale frå leiinga 2022 - Sykkylven kommune

Til kommunestyret i Sykkylven Kommune

Kopi:
Kontrollutvalet
Formannskapet
Kommunedirektøren

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Uttale om årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Sykkylven Kommune som viser eit netto driftsresultat på kr 15 421 554. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2022, oversikt over løyvingar til drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, samt notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining:

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gir årsrekneskapen i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunekassa per 31. desember 2022, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelova og god kommunal rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift, god kommunal revisjonsskikk i Noreg og International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta "Revisors oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen". Vi er uavhengige av kommunen i samsvar med krava i lover og forskrifter i Noreg, og har etterlevd dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Årsmeldinga og anna ytterlegare informasjon

Kommunedirektøren er ansvarleg for informasjonen i årsmeldinga og den ytterlegare informasjonen som er publisert saman med årsrekneskapen. Ytterlegare informasjon omfattar den lovbestemte årsmeldinga og anna informasjon i kommunens årsrapport. Vår konklusjon om årsrekneskapen ovanfor dekkjer verken informasjonen i årsmeldinga eller annan ytterlegare informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese årsmeldinga og anna ytterlegare informasjon. Føremålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga, anna ytterlegare informasjon og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen av årsrekneskapen, eller om informasjonen i årsmeldinga og anna ytterlegare informasjon elles tilsynelatande er vesentleg feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsmeldinga eller anna ytterlegare informasjon tilsynelatande er vesentleg feil. Vi har ikkje noko å rapportere om det.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav, og
- at opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.

Vi viser elles til avsnittet «Konklusjon om årsmeldinga» og «Uttale om forklaring for vesentlege budsjettavvik» under vår uttale om andre lovmessige krav.

Kommunedirektøren sitt ansvar for årsrekneskapen

Kommunedirektøren er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med kommunelovas regler og god kommunal rekneskapskikk i Noreg. Kommunedirektøren er også ansvarleg for slik internkontroll han/ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom den åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser, kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerdene som brukarane tar, på grunnlag av årsrekneskapen.

For meir omtale av revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen, sjå www.nkrf.no/revisjonsberetninger - revisjonsberetning nr. 1.

Uttale om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar, i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Uttale om forklaring for vesentlege budsjettavvik

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit, knytt til Sykkylven Kommune si forklaring for vesentlege budsjettavvik, enten det skuldast beløpsmessige avvik eller avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane.

Konklusjon

Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis, er vi ikkje blitt kjende med forhold som gjev grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Kommunedirektøren sitt ansvar for å forklare budsjettavvik og revisor sine oppgaver og plikter knytta til uttale om budsjettavvik

For meir omtale av Kommunedirektørens ansvar for forklaring til budsjettavvik og revisor sine oppgaver og plikter ved fråsegn om forklaringa til vesentlege budsjettavvik vises det til www.nkrf.no/revisjonsberetninger - revisjonsberetning nr. 1.


Ålesund, 11. april 2023

Møre og Romsdal Revisjon SA



Kathrin Haram

oppdragsansvarlig revisor



SYKKYLVEN

Rekneskap

År 2022

Innhald

Del 1 – Driftsrekneskap.....	3
Del 2 – Investeringsrekneskap	7
Del 3 – Balanserekneskap	10
Del 4 – Notar	11

Del 1 – Driftsrekneskap

Økonomiske oversikter				
Økonomisk oversikt - drift	Rekneskap 2022	Reg. budsjett	Oppr.budsjet	Rekneskap i fjor
Driftsinntekter				
1 Rammetilskudd	257 292 904	241 158 000	233 858 000	236 049 399
2 Inntekts- og formuesskatt	229 060 513	221 283 000	221 283 000	222 362 916
3 Eiendomsskatt	15 661 379	15 000 000	15 000 000	12 640 479
4 Andre skatteinntekter	297 298	620 000	620 000	297 298
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	30 728 844	16 700 000	23 350 000	14 711 213
6 Overføringer og tilskudd fra andre	94 204 778	48 370 367	48 332 867	102 060 502
7 Brukerbetalinger	19 794 633	20 102 349	20 102 349	17 539 411
8 Salgs- og leieinntekter	19 106 994	16 424 310	16 424 310	18 272 503
9 Sum driftsinntekter	666 147 343	579 658 026	578 970 526	623 933 720
Driftsutgifter				
10 Lønnsutgifter	351 960 107	335 886 693	327 036 693	335 465 207
11 Sosiale utgifter	71 492 699	76 474 530	84 574 530	83 117 435
12 Kjøp av varer og tjenester	173 419 263	128 329 112	123 779 112	151 946 734
13 Overføringer og tilskudd til andre	30 201 776	22 469 500	26 332 000	27 448 095
14 Avskrivninger	23 892 430	23 605 272	23 605 272	23 605 275
15 Sum driftsutgifter	650 966 274	586 765 107	585 327 607	621 582 746
16 Brutto driftsresultat	15 181 069	-7 107 081	-6 357 081	2 350 974
Finansinntekter				
17 Renteinntekter	3 084 818	1 364 000	1 364 000	1 517 865
18 Utbytter	7 068 416	7 000 000	7 000 000	6 573 663
19 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	-	-	-	-
20 Renteutgifter	11 425 520	6 469 000	6 469 000	4 563 027
21 Avdrag på lån	22 379 659	21 505 000	21 505 000	21 366 723
22 Netto finansutgifter	-23 651 945	-19 610 000	-19 610 000	-17 838 222
23 Motpost avskrivninger	23 892 430	23 600 000	23 600 000	23 605 275
24 Netto driftsresultat	15 421 554	-3 117 081	-2 367 081	8 118 027
Disp. eller dekning av netto driftsresultat:				
25 Overføring til investering	-	-	-	442 223
26 Avsetninger til bundne driftsfond	2 950 494	410 919	410 919	5 773 728
27 Bruk av bundne driftsfond	-3 705 193	-1 202 000	-1 202 000	-3 432 574
28 Avsetninger til disposisjonsfond	17 226 253	-	-	5 339 410
29 Bruk av disposisjonsfond	-1 050 000	-2 326 000	-1 576 000	-4 759
30 Dekning av tidligere års merforbruk	-	-	-	-
31 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	15 421 554	-3 117 081	-2 367 081	8 118 027
32 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	-	-	-	-

Økonomisk oversikt – bevilgning drift

Økonomiske oversikter	Rekneskap 2022	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Rekneskap i fjor
Bevilgningsoversikt - drift (regnskap)				
1 Rammetilskudd	257 292 904	241 158 000	233 858 000	236 049 399
2 Inntekts- og formueskatt	229 060 513	221 283 000	221 283 000	222 362 916
3 Eiendomsskatt	15 661 379	15 000 000	15 000 000	12 640 479
4 Andre generelle driftsinntekter	31 026 142	17 320 000	23 970 000	15 008 511
5 Sum generelle driftsinntekter	533 040 939	494 761 000	494 111 000	486 061 305
6 Sum bevilgninger drift, netto	493 967 440	478 262 809	476 862 809	460 105 057
7 Avskrivninger	23 892 430	23 605 272	23 605 272	23 605 275
8 Sum netto driftsutgifter	517 859 870	501 868 081	500 468 081	483 710 332
9 Brutto driftsresultat	15 181 069	-7 107 081	-6 357 081	2 350 973
10 Renteinntekter	3 084 818	1 364 000	1 364 000	1 517 865
11 Utbytter	7 068 416	7 000 000	7 000 000	6 573 663
12 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	-	-	-	-
13 Renteutgifter	11 425 520	6 469 000	6 469 000	4 563 027
14 Avdrag på lån	22 379 659	21 505 000	21 505 000	21 366 723
15 Netto finansutgifter	-23 651 945	-19 610 000	-19 610 000	-17 838 222
16 Motpost avskrivninger	23 892 430	23 600 000	23 600 000	23 605 275
17 Netto driftsresultat	15 421 553	-3 117 081	-2 367 081	8 118 026
Disponering eller dekning av netto driftsresultat				
18 Overføring til investering	-	-	-	442 223
19 Avsetninger til bundne driftsfond	2 950 494	410 919	410 919	5 773 728
20 Bruk av bundne driftsfond	-3 705 193	-1 202 000	-1 202 000	-3 432 574
21 Avsetninger til disposisjonsfond	17 226 253	-	-	5 339 410
22 Bruk av disposisjonsfond	-1 050 000	-2 326 000	-1 576 000	-4 759
23 Dekning av tidligere års merforbruk	-	-	-	-
24 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	15 421 554	-3 117 081	-2 367 081	8 118 027
25 Fremført til inndeckning i senere år (merforbruk)	-	-	-	-

Oversikt – løyvingar budsjettområde

	Oversikt løyvingar budsettområde	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
	Spes drrift - alle løyvingar	2022	2022	2022	2021
	Barnehage				
200	BARNEHAGEADMINISTRASJON	8 497 494	10 410 902	10 409 919	9 713 511
210	VIK BARNEHAGE	199 743	-	-	1 908 190
211	TANDSTAD BARNEHAGE	907 253	1 406 047	1 410 267	2 118 602
212	BLAKSTAD BARNEHAGE	4 414 362	4 498 158	4 500 000	4 423 052
213	ULLAVIK BARNEHAGE	6 516 867	6 799 413	6 814 311	6 302 983
214	VIKEDALEN BARNEHAGE	8 085 115	8 389 005	8 400 003	7 845 758
220	PRIVATE BARNEHAGAR	30 826 769	27 505 500	27 505 500	29 189 276
	SUM	59 447 603	59 009 025	59 040 000	61 501 372
	Oppvekst				
301	AURE SKULE	16 142 844	16 468 431	16 463 924	15 959 614
302	SØRESTRANDA SKULE	14 912 241	14 443 954	14 433 619	14 763 261
304	ULLAVIK SKULE	14 791 226	14 525 209	14 500 036	14 836 146
306	VIK SKULE	11 986 580	12 690 593	12 700 000	11 871 199
310	UNGDOMSSKULE OG VAKSENOPPLÆRING	32 887 701	33 619 065	33 609 234	34 386 486
320	FELLES FOR SKULANE	12 463 540	8 094 466	8 094 466	8 800 389
350	BARNE- OG FAMILIETENESTER	41 266 047	41 342 952	39 461 721	15 800
	SUM	144 450 179	141 184 670	139 263 000	100 632 895
	Helse				
401	SYKKYLVEN BU- OG AKTIVITETSSENTER	56 820 844	56 015 439	56 408 032	53 048 688
402	HEIMETENESTENE DISTRIKT	52 229 163	53 765 557	55 431 133	53 641 140
403	BARNE- OG FAMILIETENESTENE	-	-	-	43 823 190
404	NAV KOMMUNE	5 222 569	6 123 196	6 127 747	4 020 228
405	SAMHANDLINGSREFORMA	1 207 034	2 373 000	2 373 000	958 062
406	BU- OG REHABILITERINGSTENESTENE	47 092 985	46 653 083	46 991 642	44 012 209
407	HELSE OG VELFERD	37 578 081	27 678 950	24 539 446	15 555 561
	SUM	200 150 676	192 609 225	191 871 000	215 059 078
	Kultur				
500	KULTUR	10 741 837	10 640 093	10 605 000	11 792 563
	SUM	10 741 837	10 640 093	10 605 000	11 792 563
	Teknisk				
601	NÆRING	-	-	1 081 000	122 026
602	TEKNISKE TENESTER	60 531 344	61 283 541	59 536 000	59 942 450
	SUM	60 531 344	61 283 541	60 617 000	60 064 476
	Råhuset				
701	KOMMUNELEIINGA	14 905 076	14 478 406	14 897 235	17 665 651
710	FELLESTENESTENE	18 364 315	18 135 421	17 796 765	17 003 797
	SUM	33 269 391	32 613 827	32 694 000	34 669 448
	Politisk				
800	POLITISK STYRING	10 797 740	11 082 376	10 845 000	9 975 047
	SUM	10 797 740	11 082 376	10 845 000	9 975 047
	Finans				
930	LØYVINGAR OG FINANS	39 737 147	34 783 004	33 383 004	16 630 527
990	AVSKRIVNINGAR	-23 892 430	-23 600 000	-23 600 000	-23 605 275
	Sum bevilgninger drift, netto	493 967 440	478 262 809	476 862 809	460 105 057

Oversikt budsjettavvik og disposisjonar – drift.

Oversikt over samlet budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjoner i drift		
1	Netto driftsresultat	15 421 553,82
2	Avsetninger til bundne driftsfond	-2 950 494,00
3	Bruk av bundne driftsfond	3 705 193,00
4	Overføring til investering ihht årsbudsjettet og fullmakter	0,00
5	Avsetninger til disposisjonsfond ihht årsbudsjettet og fullmakter	
6	Bruk av disposisjonsfond ihht årsbudsjettet og fullmakter	2 326 000,00
7	Budsjettert dekning av tidligere års merforbruk	0,00
8	Årets budsjettavvik (mer- eller mindreforbruk før strykninger)	18 502 252,82
9	Stryke overføring til investering	0,00
10	Strykning av budsjettert avsetning til disp.fond	0,00
11	Stryke dekning av tidligere års merforbruk	0,00
12	Strykning av bruk av disposisjonsfond	-1 276 000,00
13	Mer eller mindreforbruk etter strykninger	17 226 252,82
14	Bruk av disp.fond for red av årets merforbruk etter strykninger	0
15	Bruk av disposisjonsfond for inndeckning av tidligere års merforbruk	0
16	Bruk av mindreforbruk etter strykninger for dekn av tidl. års merforbruk	0
17	Avsetning av mindreforbruk etter strykninger til disposisjonsfond	-17 226 253
18	Fremført til inndeckning i senere år	-0,18

Drift:

Det er i hovudsak innan finansområdet (kap.9) med høgare skatteinnngong og tilskot til integrering det er avvik på inntektssida. Innan utgiftssida er det i hovudsak innan helse som det største avviket i høve budsjettet er.

Dette kjem fram i rekneskapan side 5 og 6 – Oversikt løyvingar budsjettområde, samt under kommunalområda sine omtale i årsmeldinga.

Administrasjonen har gjennom 2022 hatt god oversikt over dei periodiserte rekneskapa der konklusjonen var at kommunen styrte mot eit positivt driftsresultat.

Del 2 – Investeringsrekneskap

Økonomiske oversikter				
	Rekneskap 2022	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Rekneskap i fjor
Bevilgningsoversikt - invest. (regnskap)				
1 Investeringer i varige driftsmidler	235 280 853	297 266 000	200 618 000	44 745 210
2 Tilskudd til andres investeringer	300 000	300 000	300 000	300 000
3 Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	1 397 455	1 000 000	1 000 000	2 784 192
4 Utlån av egne midler	-	-	-	-
5 Avdrag på lån	-	-	-	-
6 Sum investeringsutgifter	236 978 308	298 566 000	201 918 000	47 829 402
7 Kompensasjon for merverdiavgift	44 929 132	59 282 200	40 123 600	7 966 151
8 Tilskudd fra andre	940 000	3 700 000	3 500 000	40 000
9 Salg av varige driftsmidler	2 465 782	1 445 000	-	189 875
10 Salg av finansielle anleggsmidler	-	-	-	716 882
11 Utdeling fra selskaper	-	-	-	-
12 Mottatte avdrag på utlån av egne midler	-	-	-	-
13 Bruk av lån	187 388 910	244 938 800	169 294 400	37 079 059
14 Sum investeringsinntekter	235 723 824	309 366 000	212 918 000	45 991 967
15 Videreutlån	9 485 000	12 000 000	12 000 000	10 250 342
16 Bruk av lån til videreutlån	9 485 000	-	-	10 250 342
17 Avdrag på lån til videreutlån	2 080 345	-	-	1 601 370
18 Mottatte avdrag på videreutlån	3 982 992	-	-	1 256 874
19 Netto utgifter videreutlån	-1 902 647	12 000 000	12 000 000	344 496
20 Overføring fra drift	-	-	-	-442 223
21 Avsetninger til bundne investeringsfond	1 902 647	-	-	-
22 Bruk av bundne investeringsfond	-	-	-	-
23 Avsetninger til ubundet investeringsfond	-	-	-	716 882
24 Bruk av ubundet investeringsfond	-1 254 483	-1 200 000	-1 000 000	-2 456 591
25 Dekning av tidligere års udekket beløp	-	-	-	-
26 Sum overføring fra drift og netto avsetninger	648 164	-1 200 000	-1 000 000	-2 181 932
27 Fremført til inndekning i senere år (udekket beløp)	-	-	-	-

Oversikt investeringsløyvingar/prosjekt.

	Investeringsløyvingar / Prosjekt	Regnskap	Buds(end)	Budsjett
		2022	2022	2022
Ansvar				
10004	VELFERDSTEKNOLOGI	85 590	574 000	-
10005	SPAREBANKBYGGET	-	1 250 000	-
10101	KRIKANE BHG - OVERTAKING	-	11 500 000	-
10102	NY TANKBIL - BRANNVESENET	1 626 631	4 142 000	2 100 000
10104	FORTAU YX - ØVRE TYNES	184 631	613 000	-
10105	KJØP AV BILAR	884 320	855 000	-
11300	IKT GRUNNSKULEN	-	300 000	300 000
12005	GREBSTADVEGEN	39 394	-	-
12025	BUSTADOMRÅDER	-303 729	-1 445 000	-
12900	LÅN TIL VIDAREUTLÅN (STARTLÅN)	-	-	-
14005	GARDEROBE BUAS/HEIMETENESTENE	38 627	200 000	200 000
14022	KJØP AV AKSJAR OG ANDELAR	12 500	-	-
14027	INVENTAR OG UTSTYR BUAS (KJØKKEN)	-	1 855 000	1 800 000
16007	KYSTSTI OG FORTAU VED SMÅBÅTHAMNA	3 406 041	6 250 000	-
17002	NY SENTRUMSSKULE	188 044 654	225 904 000	164 188 000
17005	IKT OPPSTARTSLØYVING	880 528	876 000	530 000
17011	KYRKJELEG FELLESRÅD	300 000	300 000	300 000
17013	TRAFIKKTRYGGING, AUTOVERN	218 750	525 000	250 000
17015	VEG MEIERIDALEN	19 372 862	7 000 000	7 000 000
17023	OVERVASSANLEGG	146 734	-	-
19001	LEGESENTER	278 465	500 000	500 000
19002	KUNSTGRASBANE	-940 000	-	-
19003	ENØK-TILTAK BUAS	3 794 513	4 882 000	3 500 000
19006	SENTRUMSUTVIKLING, BUSSTOPP	2 781 891	1 515 000	1 000 000
19016	NYTT BIBLIOTEKLOKALE	13 213 451	16 875 000	8 100 000
19017	HEIMETENESTA - KONTOR OG KJØKKEN	96 446	100 000	100 000
19019	PROSJEKTERING BUSTADER HEILDØGNSOMSORG	-	500 000	500 000
19020	KAIOMRÅDET - TILTAK OG UTVIKLING	90 725	500 000	500 000
19021	MINNELUND ETABLERING	-	200 000	200 000
19022	NYTT ALARMSYSTEM BUAS	73 725	6 000 000	6 000 000
19023	DIGITALISERING - ARKIV	-	350 000	350 000
19024	MINDRE KLIMA- OG MILJØTILTAK	-	300 000	-
19026	TOMTESALG/TILLEGGSAREAL	-2 008 707	-	-
19999	FELLES FINANSIERING AV INVESTERINGAR	-232 318 042	-292 421 000	-197 418 000
	Sum ansvar (1): 1	-	-	-
	TOTALT	0	0	0

Oversikt budsjettavvik og disposisjonar – investering.

Oversikt over samlet budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjoner i investering		
<i>Budsjettavvik og disponeringer - investering</i>		Regnskap 2022
1	Sum utgifter og inntekter eksklusive bruk av lån	-196 225 746
2	<i>Avsetninger til bundne investeringsfond</i>	-1 902 647
3	<i>Bruk av bundne investeringsfond</i>	0
4	<i>Budsjettert bruk av lån</i>	244 938 800
5	<i>Overføring fra drift ihht årsbudsjettet og fullmakter</i>	0
6	<i>Avsetninger til ubundet investeringsfond ihht årsbudsjettet og fullmakter</i>	0
7	Bruk av ubundet investeringsfond ihht årsbudsjettet og fullmakter	1 254 483
8	Dekning av tidligere års udekket beløp	0
9	Årets budsjettavvik	48 064 890
10	Strykning av avsetninger til ubundet investeringsfond	0
10	Strykning av overføring fra drift	0
11	Strykning av bruk av lån (reduisert bruk av lån)	-48 064 890
12	Strykning av bruk av ubundet inv.fond	0
13	Udisponert beløp etter strykninger	0
14	Avsetning av udisponert beløp etter strykning til ubundet inv.fond	0
15	Fremført til inndeckning	0

Investering:

Oversikta ovanfor viser bokførte investeringsutgifter på 232 mill., medan vedteke budsjett for investeringane i 2022 var på 292 mill.

Dette er eit avvik, som i hovudsak skuldast at budsjett inneheld ny sentrumsskule vidare bygging, nytt alarmsystem BUAS, ny brannbil og bibliotekbygget. Desse prosjekta/ midlane saman med løyvingar i 2023 er godt i gang i det vidare i året.

Alle prosjekta er vedteke og vidareført mellom åra gjennom rebudsjetteringsvedtak.

Del 3 – Balanserekneskap

Økonomiske oversikter		
Oversikt - balanse	Rekneskap 2022	Rekneskap 2021
EIENDELER		
A. Anleggsmidler	1 739 271 792	1 479 605 722
I. Varige driftsmidler	891 569 716	680 370 707
1. Faste eiendommer og anlegg	878 792 014	668 164 932
2. Utstyr, maskiner og transportmidler	12 777 702	12 205 775
II. Finansielle anleggsmidler	130 474 799	125 958 769
1. Aksjer og andeler	85 263 402	85 629 766
2. Obligasjoner	-	-
3. Utlån	45 211 397	40 329 003
III. Immaterielle eiendeler	-	-
IV. Pensjonsmidler	717 227 277	673 276 246
B. Omløpsmidler	160 252 315	169 586 737
I. Bankinnskudd og kontanter	73 951 260	103 533 546
II. Finansielle omløpsmidler	-	-
1. Aksjer og andeler	-	-
2. Obligasjoner	-	-
3. Sertifikater	-	-
4. Derivater	-	-
III. Kortsiktige fordringer	86 301 055	66 053 191
1. Kundefordringer	8 511 043	8 485 187
2. Andre kortsiktige fordringer	52 594 208	38 747 815
3. Premieavvik	25 195 804	18 820 189
Sum eiendeler	1 899 524 107	1 649 192 459
EGENKAPITAL OG GJELD		
C. Egenkapital	306 996 692	257 611 945
I. Egenkapital drift	55 361 153	40 995 560
1. Disposisjonsfond	38 332 513	23 410 743
2. Bundne driftsfond	17 028 639	17 584 817
3. Merforbruk i driftsregnskapet	-	-
4. Mindreforbruk i driftsregnskapet	-	-
II. Egenkapital investering	2 758 480	1 054 355
1. Ubundet investeringsfond	248 144	248 145
2. Bundne investeringsfond	2 510 335	806 210
3. Udekket beløp i investeringsregnskapet	-	-
III. Annen egenkapital	248 877 060	215 562 030
1. Kapitalkonto	256 834 972	223 519 942
2. Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen drift	-492 981	-492 981
3. Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen investering	-7 464 931	-7 464 931
D. Langsiktig gjeld	1 472 326 536	1 299 499 406
I. Lån	762 142 567	643 252 571
1. Gjeld til kredittinstitusjoner	762 142 567	643 252 571
2. Obligasjonslån	-	-
3. Sertifikatlån	-	-
II. Pensjonsforpliktelse	710 183 969	656 246 835
E. Kortsiktig gjeld	120 200 879	92 081 108
I. Kortsiktig gjeld	120 200 879	92 081 108
1. Leverandørgjeld	42 830 445	27 643 585
2. Likviditetslån	-	-
3. Derivater	-	-
4. Annen kortsiktig gjeld	77 992 286	64 934 058
5. Premieavvik	-621 852	-496 536
Sum egenkapital og gjeld	1 899 524 107	1 649 192 459
F. Memoriakonti		
I. Ubrukte lånemidler	-5 775 731	47 748 180
II. Andre memoriakonti	-	-
III. Motkonto for memoriakontiene	5 775 731	-47 748 180

Notar til rekneskapen

Innhald:

Del 1 – Driftsrekneskap.....	3
Del 2 – Investeringsrekneskap	7
Del 3 – Balanserekneskap	10
Del 4 – Notar	11
Om notar og årsmelding	13
Rekneskapsprinsipp og vurderingsreglar	13
Rekneskapsprinsipp.....	13
Klassifisering av anleggsmidlar og omløpsmidlar	13
Klassifisering av gjeld	14
Vurderingsreglar.....	14
MVA-plikt og MVA-kompensasjon	14
Robek-registeret	14
Underskotsdekking.....	14
Brutto driftsresultat	15
Netto driftsresultat.....	15
Krav til netto driftsresultat	15
Netto driftsresultat over år:.....	16
Note nr. 1 – Endring i arbeidskapital	17
Note nr. 2 – Kapital konto	18
Note nr. 3 – Vesentleg endring i rekneskapsprinsipp.....	19
Note nr. 4 – Eignedelar	20
Note nr. 5 – Aksjar og lutar.....	21
Note nr. 6 – Finansielle anleggsmidlar, samt utlån	22
Note nr. 7 – Markedbaserte finansielle omløpsmidler	22
Note nr. 8 Renter	23
Note nr. 9 – Lån.....	23
Note nr. 10 – Avdrag lån.....	24
Note nr. 11 – Pensjon	25
Note nr. 12 – Garantiar gjeve av kommunen	26
Note nr. 13 – Bunde fond	26
Note nr. 14 – Sjølvkostområde.....	27
Note nr. 15 – Sal av aksjer	29
Note nr. 16 – Ytingar til leiande personar	30
Note nr. 17 – Godtgjersle revisjon	30
Note nr, 18 – Andre notar.....	31

Om notar og årsmelding

I kommunelova § 14-6 går det fram at rekneskapen også skal innehalde noteopplysningar.

I budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-2 (Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding for kommunar og fylkeskommunar) er det også stilt opp krav om notar.

Iflg. GKRS er krav til faste noteopplysningar uttømmende regulert i budsjett- og rekneskapsforskrifta §§ 5-10 til 5-14. Notekravet i budsjett- og rekneskapsforskrifta er dermed lagt til grunn.

Det er også verdt å merke seg § 5-15:

Det skal også givast noteopplysningar om andre tilhøve viss opplysningane ikkje går fram av rekneskapen elles, og er vesentlege for vurdering av den økonomiske utviklinga og stillinga. Det skal også givast noteopplysningar om andre tilhøve når det følgjer av anna lov eller forskrift.

Notane skal nummererast.

I oppstillingane i årsrekneskapen skal det so langt som mogleg givast henvising til tilhøyrande note.

For notar som er forskriftfastsette er forskriftsheimelen gitt opp for kvar note.

Rekneskapsprinsipp og vurderingsreglar

Rekneskapen er utarbeidd i samsvar med lovreglar i Kommunelova, reglar budsjett- og rekneskapsforskrifta og standardar i medhald av god kommunal rekneskapskikk.

Rekneskapsprinsipp

All tilgang på, og bruk av midlar i året som vedkjem kommunen si verksemd går fram av driftsrekneskapen eller investeringsrekneskapen. Rekneskapsføring av tilgang og bruk av midlar berre i balanserekneskapen vert ikkje gjort.

Alle utgifter, utbetalingar, inntekter og innbetalingar er rekneskapsført brutto. Dette gjeld også interne finansieringstransaksjonar. Alle kjente utgifter, utbetalingar, inntekter og innbetalingar i året er teke med i årsrekneskapen, anten dei er betalt eller ikkje. For lån er berre den delen av lånet som faktisk er brukt i året ført i investeringsrekneskapen. Den delen av lånet som ikkje er brukt, er registrert på memoriapost.

Dersom enkelte utgifter, utbetalingar, inntekter eller innbetalingar ikkje kan fastsetjast eksakt når rekneskapen vert avlagd, vert det med utgangspunkt i regulert budsjett eller beste estimat registrert eit beløp i årsrekneskapen.

Klassifisering av anleggsmidlar og omløpsmidlar

I balanserekneskapen er anleggsmidlar eigedelar bestemt til varig eige eller bruk for kommunen. Andre eigedelar er omløpsmidlar. Fordringar knytt til eigen vare- og tenesteproduksjon er omløpsmidlar.

Andre fordringar er omløpsmidlar dersom desse forfell til betaling innan eitt år etter inntakstidspunktet. Elles er dei klassifisert som anleggsmidlar.

Kommunen føl KRS (F) nr 4 – Avgrensing mellom driftsrekneskapen og investeringsrekneskapen. Standarden har særleg mykje å sei for skiljet mellom vedlikehald og påkosting når det gjeld anleggsmidlar. Utgifter som kjem til for å oppretthalde anleggsmiddelet sitt kvalitetsnivå vert utgiftsført i

driftsrekneskapen. Utgifter som representerer ei standardheving av anleggsmiddelet utover standard ved inntakstidspunkt vert utgiftsført i investeringsrekneskapen og aktivert på anleggsmiddelet i balansen.

Klassifisering av gjeld

Langsiktig gjeld er knytt til formåla i kommunelovas §§ 14-15 til 14-17, med unntak av likviditetstrekk-krett/likviditetslån, jf kl § 14-15 siste ledd. All anna gjeld er kortsiktig gjeld. Neste års avdrag på utlån inngår i anleggsmidlar og neste års avdrag på lån inngår i langsiktig gjeld.

Kommunen har ikkje likviditetslån, obligasjonslån eller sertifikatlån.

Vurderingsreglar

Omløpsmidlar vert vurdert til lågaste verdi av inntakskost og verkeleg verdi. Marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar skal alltid vurderast til verkeleg verdi.

Uteståande fordringar er vurdert til pålydande.

Anleggsmidlar er vurdert til inntakskost. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid vert avskrive med like store årlege beløp over levetida til anleggsmiddelet. Avskrivningane startar året etter anleggsmiddelet er innteke/teke i bruk av verksemda. Avskrivingsperiodane er i tråd med § 3-4 i budsjett- og rekneskapsforskrifta.

Anleggsmidlar som har hatt verdifall som er forventa ikkje å vere forbigåande er nedskrive til verkeleg verdi i balansen.

Vurderingane for egedelar gjeld tilsvarande for kortsiktig og langsiktig gjeld. Opptakskost utgjer gjelds-posten sin pålydande i norske kroner på det tidspunktet som gjelda oppstår. Låneomkostningar (gebyr, provisjonar mv.) og over- og underkurs er finansutgifter og –inntekter. Over- og underkurs vert periodisert over lånet si løpetid som kortsiktig fordring/gjeld etter same prinsipp som gjeld for obligasjonar som vert haldne til forfall.

MVA-plikt og MVA-kompensasjon

Kommunen føl reglane i mva-lova for dei tenestoområda som er omfatta av lova. For kommunens verksemd elles krev kommunen mva-kompensasjon der lovverket gir heimel for dette.

Robek-registeret

Sykkylven kommune er ikkje registrert i ROBEK-registeret (Register over kommune er underlagt betinget økonomisk kontroll).

Underskotsdekking

Sykkylven kommune har ikkje udekka rekneskapsmessige underskot frå tidlegare år.

Brutto driftsresultat

Dette viser kommunens driftsresultat, før det vert teke omsyn til finansresultat.

Avskrivningar er rekna inn i brutto driftsresultat, mens avdrag vert halde utanfor.

Tallet gir eit bilde av om kommunen er avhengig av til dømes gode resultat på børsen for å opprett-halde si eiga formue, eller har disposisjonsfond å trekke på.

Brutto driftsresultat er tradisjonelt noko dårlegare resultatomgrep enn netto driftsresultat, fordi avskrivningane kan vere vesentleg større enn kva kommunen betaler i avdrag.

Brutto driftsresultat kan samanliknast med driftsresultatet i et bedriftsregnskap.

Brutto driftsresultat	ÅR 2022	ÅR 2021	ÅR 2020
Frå rekneskapen	15 181 069	2 350 974	-6 618 382

Netto driftsresultat

Netto driftsresultat fortel om kommunens drift gikk med overskot eller underskot.

Ifølge staten, Teknisk berekningsutval for kommunal økonomi (TBU) og KS er dette det viktigaste nøkkel-talet i kommunens rekneskap, og det som liknar mest på årsresultat hos ei bedrift.

Netto driftsresultat skil seg fra brutto driftsresultat ved at finansinntekter er med – og finansutgifter, der avdrag på lån har erstatta avskrivningar som kostnad.



Netto driftsresultat	År 2022	År 2021	År 2020
Frå rekneskapen	15 421 554	8 118 027	-4 192 694

Krav til netto driftsresultat

Teknisk berekningsutval for kommunal økonomi (TBU) skriv at netto driftsresultat over tid bør utgjere minst 1,75 prosent av driftsinntektene.

Netto i prosent av driftsinntektene	År 2022	År 2021	År 2020	År 2019	År 2018
Frå rekneskapen	2,31	1,30	-0,73	-0,34	0,27

Netto driftsresultat over år:



Vi ser her at frå og med år 2017 vart resultatet dårlegare krava netto driftsresultat (1,75%). For året 2022 har resultatet vorte betre en krava.

Note nr. 1 – Endring i arbeidskapital**Budsjett og rekneskapsforskrifta § 5-10 a)**

BALANSEN	31.12.2022	01.01.2022	Endring
Omløpsmidler	160 252 314,96	169 586 736,63	-9 334 421,67
Kortsiktig gjeld	120 200 879,19	92 081 107,91	28 119 771,28
Arbeidskapital	40 051 435,77	77 505 628,72	-37 454 192,95

DRIFTS- OG INVESTERINGSREGNSKAPET (bevilgningsoversikter)	2022
Netto driftsresultat	15 421 553,00
Netto utgifter/inntekter i investering	-648 161,00
Endring ubrukte lånemidler (økning +/-reduksjon-)	-53 523 910,45
Endring arbeidskapital i drifts- og investeringsregnskapet	-37 454 196,45
Differanse i endring arbeidskapital balanse og drift og investering	3,50

FORKLARING TIL DIFFERANSE I ENDRING ARBEIDSKAPITAL

Endring i regnskapsprinsipp som påvirker arbeidskapital, drift

Endring i regnskapsprinsipp som påvirker arbeidskapital, investering

Andre forklaringer

Sum forklaringer

Note nr. 2 – Kapital konto

Budsjett og rekneskapsforskrifta, § 5-10, b)

BALANSEN	31.12.2022	01.01.2022	Endring
Anleggsmidler	1 739 271 792,47	1 479 605 722,35	259 666 070,12
Langsiktig gjeld	1 472 326 536,00	1 299 499 406,00	172 827 130,00
Endring ubrukte lånemidler	-5 775 730,57	47 748 179,88	-53 523 910,45
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker anleggsmidler			
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker langsiktig gjeld			
Netto endring	261 169 525,90	227 854 496,23	33 315 029,67

Spesifikasjon av transaksjoner mot kapitalkonto (ikke notekrav) (Data legges inn i arkfane "Data")

KAPITALKONTO			
01.01.2022 Balanse (underskudd i kapital)	0,00	01.01.2022 Balanse (kapital)	223 519 942,08
Debetposter i året:		Kreditposter i året:	
Salg av fast eiendom og anlegg	0,00	Aktivering av fast eiendom og anlegg	231 441 638,00
Nedskrivninger fast eiendom	1,00	Oppskrivning av fast eiendom	0,00
Avskrivning av fast eiendom og anlegg	20 814 555,06		
Salg av utstyr, maskiner og transportmidler	0,00	Aktivering av utstyr, maskiner og transportmidler	3 685 867,00
Nedskrivning av utstyr, maskiner og transportmidler	36 065,12	Oppskrivning av utstyr, maskiner og transportmidler	0,00
Avskrivninger av utstyr, maskiner og transportmidler	3 077 874,69	Kjøp av aksjer og andeler	1 397 455,00
Salg av aksjer og andeler	0,00	Oppskrivning av aksjer og andeler	0,00
Nedskrivning av aksjer og andeler	1 763 819,00	Utlån formidlings/startlån	9 485 000,00
Avdrag på formidlings/startlån	3 982 992,49	Utlån sosial lån	0,00
Avdrag på sosial lån	400,00	Utlån egne midler	0,00
Avdrag på utlånte egne midler	0,00	Utlån næring	0,00
Avdrag på næringsutlån	0,00	Oppskrivning utlån	0,00
Avskrivning sosial utlån	619 213,52	Avdrag på eksterne lån	24 460 004,00
Avskrevet andre utlån	0,00	Urealisert kursgevinst utenlandslån	0,00
Bruk av midler fra eksterne lån	196 873 910,00	UB Pensjonsmidler (netto)	43 951 031,00
Urealisert kurstap utenlandslån	0,00	Estimatavik pensjonmidler	0,00
UB Pensjonsforpliktelse (netto)	52 507 747,00	Reversing nedskrivning av fast eiendom	0,00
		Aga netto pensjonsmidler/forpliktelse	-1 429 387,00
Estimatavik pensjonsforpliktelse	0,00	Reversing nedskrivning av utstyr, maskiner og transportmidler	0,00
31.12.2022 Balanse Kapitalkonto	256 834 971,75	31.12.2022 Balanse (underskudd i kapital)	0
Avstemming	256 834 972,20		
Differanse	-0,45		

Note nr. 3 – Vesentleg endring i rekneskapsprinsipp

Budsjett og rekneskapsforskrifta, § 5-10, c)

c) Det skal opplyses om vesentlige endringer i regnskapsprinsipp. Det skal også opplyses om vesentlige endringer i regnskapsestimater og om vesentlige korrigeringer av tidligere års feil.

- Grunnlaget for å belaste renter/finanskostnader på investeringsprosjekt i bygge/prosjektperioden i investeringsrekneskapen, har fått ny grense i 2022 og vil kun gjelde for prosjekt over 10 million kroner. Andre mindre prosjekt belastes løpande finanskostnader i driftsrekneskapen.
- Sykkylven kommune har ikkje andre vesentlege endringar i rekneskapsprinsippa i årsrekneskapen for 2022 i høve tidlegare år.

Note nr. 4 – Egedelar

Budsjett og rekneskapsforskrifta 5-11 , a)

Kommunen har 6 anleggsmiddelgrupper med tilhørande avskrivingsplan for dei 5 første.

Anleggsmidlar som har avgrensa utnyttbar levetid, vert å avskrive over den utnyttbare levetida til anleggsmiddelet. For anlegg som er aktivert per 31.12.22 er avskrivningstida sett til maksimal avskrivningstid i tablået under.

For anlegg aktivert i år 2022 er det gjort ei konkret vurdering av avskrivningstid. Avskrivningstida kan ikkje vere lengre enn:

Avskrivningane skal starte seinast etter at anleggsmiddelet er innkjøpt/teke i bruk.

Anleggsmiddelgrupper, maksimum levetid

Tekst	GRUPPE 1	GRUPPE 2	GRUPPE 3	GRUPPE 4	GRUPPE 5	GRUPPE 6
Bokført verdi per 1.1	3 613 198	7 020 336	17 783 674	464 162 154	155 096 512	32 695 080
Tilgang	966 118	1 093 118	1 626 631	212 510 343	17 155 957	1 775 338
Avgang						
Avskrivninger	1 176 911	1 712 468	1 591 607	14 961 446	4 449 998	
Nedskrivninger	37 830	-1 765				
Reverserte nedskrivninger						
Bokført verdi 31.12	3 364 575	6 402 751	17 818 698	661 711 051	167 802 471	34 470 418
Avskr.periode	5 år	10 år	20 år	40 år	50 år	I.A.

Renter i byggetid aktiveres på prosjekt over 10 mill.

GRUPPE 1 = EDB-utstyr, kontormaskiner og liknande.

GRUPPE 2 = anleggsmaskiner, inventar og utstyr

GRUPPE 3 = brannbilar, parkeringsplassar, trafikklys, tekn.anlegg

GRUPPE 4 = Buasteder, skular, barnehagar, vegar, idr.hallar, leidn.nett

GRUPPE 5 = forretn.-og lagerbygg, adm.bygg, sjukh./inst., kulturbygg

GRUPPE 6 = ikkje avskrivbare anleggsmidlar

Det er ikkje gjort større nedskrivningar eller reverseringar i 2022 utover ordinære avskrivningar.

Note nr. 5 – Aksjar og lutar**Budsjett og rekneskapsforskrifta, § 5-11, b)**

Selskapets navn	Eierandel i %	Vesentlig endringer i eierandel	Vesentlig nedskrivning	Reversering nedskrivning	Bokført verdi 31.12
EIGARINNSK. ÅKNES/TAJF. IKS	20 %				200 000
ÅRIM IKS	8 %	awiklet mot aksjer i Bingsa Gjenwinning AS	40 000		-
MURITUNET AS	0,50 %				70 000
AURE OMSORGSBUSTADER AS	100 %				352 000
SYKKYLVEN BUSTADELSKAP AS	100 %				4 600 000
SYKKYLVEN ENERGI HOLDING AS	100 %				51 670 516
RADIO STORFJORD AS		awiklet	1		-
BYRG KOMPETANSE AS	0,01 %				10 000
STORFJORDTERMINALEN AS	100 %				8 100 000
HAREID FASTL.SAMBAND AS	0,11 %				10 000
BINGSA GJENVINNING AS	1,95 %			46 000	46 000
BIBLIOTEKSENTRALEN AL	1 %				1 500
STORFJORDSAMBANDET AS	34 %				4
SYKKYLVEN RESSURSSENTER AS/FU	1 %				6 000
VELLEDALEN I BALANSE AS	0,006 %				5 000
SYKKYLVEN NÆRINGSUTV. AS	52,00 %				26 000
UTVIKLINGSFORUM FOR ÅLESUND LUFTHAVN VIGRA AS	2,44 %				25 000
MØRE OG ROMSDAL REVISJON SA	2,60 %				105 000
STRAUMGJERDE VASSVERK	1 %				5 000
DET NORSKE TEATRET LL	1 %				3
STORFJORD KULTURHUS SA	1 %				1
SYKKYLVEN LEGETJENESTE AS	100 %	awiklet	1 639 346		-
PLUSSLAB AS	25 %				12 500
NORSK MØBELFAGLEG SENTER	25 %				17 000
KOMPETANSESENTER FOR NORSK MØBELINDUSTRI		under awikling			600 000
SYKKYLVEN FRLUFTSENTER	12,90 %				30 000
HUNDEIDVIK VASSVERK VERDI PÅL	1 %				5 000
ØVRE VELLEDALEN VASSVERK, PÅL	1 %				5 000
EIGENKAPITALINNSKOT KLP					19 361 878

Årsaken til nedskrivning/reversering:

23 aksjar i Bingsa Gjenwinning AS mottatt i bytte mot eigerandel i awiklet Årim IKS

Note nr. 6 – Finansielle anleggsmidler, samt utlån

Budsjett og regnskapsforskriften, § 5-11, b/c)

Kommunen har ikkje finansielle anleggsmidler, jf Finansreglementet gjeldande pr.2022, som seier at kommune sin overskotslikviditet skal setjast i bank eller med tryggleik lik som for bankinnskot.

Sykkylven kommune har fylgjande på utlånssida:

Låntaker	Utlån (beløp)	Finansiert med egne midler	Finansiert med lån	Vesentlig tap
Storfjordterminalen AS	6 564 100	6 564 100		
Startlån	38 647 297		38 647 297	
Sosiallån				619 214

Sosiallån ble avskrevet i rekneskapen for 2022 i forbindelse med foreldelse

Note nr. 7 – Markedbaserte finansielle omløpsmidler

Budsjett og regnskapsforskriften, § 5-11, d)

Aktivklasse	Anskaffelseskost	Markedsverdi 1.1.	Resultatført verdiendring	Markedsverdi 31.12
Rentepapirer				
Aksjefond				
Aksjer				
Sertifikater				
Obligasjoner				
Sum	0			0 *

Derivat	Markedsverdi 1.1.	Resultatført verdiendring	Markedsverdi 31.12
Fra			
Kjøpt opsjon			
Solgt opsjon			
Osv.			
Sum	0		0

*Sykkylven kommune har ikkje markedbaserte finansielle omløpsmidler

Note nr. 8 Renter

Budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-11, e)

Finansiell eiendel (sikring)	Sikringsinstrument	Formål med sikringen	Sikringens utløp (år)
Aksjer			
Andeler			
Obligasjoner			
Utlån			
Sertifikater			
Gjeld	Fastrenteavtale	Fastrente	2024 og 2025
Osv.			

Finansreglementet av desember 2021 ligg til grunn for plasseringar og innlån mv.

Sykkylven kommune har ikkje rentebytteavtaler eller andre finansielle sikringsinstrument utover finansreglementet sitt krav om 30% i fastrentelån på egne investeringar. Finansrapportane i 2022 syner at vilkåra er oppfylgt på kommunen sine egne lån.

Note nr. 9 – Lån

Budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-12 a)

Eksterne lån	Bokført verdi 31.12	Løpetid/år	Rentefot	Refinansering*
Lån til egne investeringer	705 533 260	18,9	2,25	Ingen
Lån til andres investeringer	5 550 000	37,0	2,25	Ingen
Lån til innfrielse av kausjoner	-	-	Ingen	Ingen
Lån til videre utlån	50 782 554	30	flytende	Ingen
Finansielle leieavtaler	276 753	5 år	3,95	Ingen

Gjeldsporteføljens gjennomsnittlige kapitalbinding er 18,19 år og den gjennomsnittlige rentebindingen er 0,73 år

Lånegjeld vedkomande sjølvkost (VAR) vedkomande vatn og avlaup vert betalt av Sykkylven Energi AS som leige for anleggsmidlane. Gjeld vedkomande formidlingslån er etablerings- og startlån som vert betalt av innbyggjarar kommunen har vidareutlånt midlane til.

Lån vedkomande Stranda kommune er eit lån til asfalt deler av Nysætervegen, der Stranda kommune refunderer Sykkylven kommune kostnadene med renter og avdrag.


Lån til asfalt, kr 7 000 000 i år 2019 vert betalt ved innbetalingar frå hytteeigarar på Nysætra. (Ca 300.000 pr år.)

For "Kompensasjonsordning skule- og svømmeanlegg (Ungdomsskulen og Sørestranda skule)" er det berre renter som vert kompensert.

Kommunen har i rekneskapsåret ikkje måtta innfri nokon garanti.

Långivere, motparter og produktfordeling

Største långiver er KommunalBanken som har en andel på 82%. Nest størst er KLP med 11%.



Långiver	Gjeld	Andel i %
KommunalBanken	628.620.500	82,44%
KLP	83.188.557	10,91%
Husbanken	50.749.186	6,66%

Andel av lån som er vidarelån, finansiert av andre/tilskot, sjølvkost-område mv utgjør ca 22% av den totale lånegjelda til Sykkylven kommune.

Note nr. 10 – Avdrag lån

Budsjett- og rekneskapsforskriftene § 5-12, b)

Grunnlag for beregning av minimumsavdrag	Beløp
Beregnet minimumsavdrag etter kommuneloven §14-18, 1. ledd	22 266 209
Korrigerings for mottatte avdrag videreutlån til avdrag andre lån	
Betalte avdrag	22 379 659
Differanse mellom beregnet, korrigerede og betalte avdrag	-113 450

Grunnlag for beregning av minimumsavdrag	
Bokført verdi avskrivbare anleggsmidler	647 675 626
Bokført verdi lånegjeld	603 592 064
Avskrivninger	23 892 430

Note nr. 11 – Pensjon**Budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-12 c)**

Kommunen har 4 pensjonsordningar.

PENSJONSKASSE	OMFATTAR
Kommunal Landspensjonkasse KLP	Pensjonsordning ordførar
Statens Pensjonkasse SPK	Undervisningspersonale som vert omfatta av læraravtalen
Kommunal Landspensjonkasse KLP	Sjukepleiarar
Kommunal Landspensjonkasse KLP	Pensjonsordning for tilsette på vanlege komm. vilkår – mao dei som ikkje er i SPK eller KLP Sjukepleiarar

Spesifikasjon av pensjonskostnad og årets premieavvik	Beløp
Årets pensjonsopptjening, nåverdi	34 885 131
Rentekostnad av påløpt pensjonsforpliktelse	20 847 013
- Forventet avkastning på pensjonsmidlene	-23 692 417
Administrasjonskostnader	1 674 038
Netto pensjonskostnad (inkl. adm.)	33 713 765
Årets pensjonspremie	46 009 462
Årets premieavvik	12 295 697
Amortiseringsperioder	
Premieavvik over 15 år	
Premieavvik over 10 år	
Premieavvik over 7 år	6 417 820
Premieavvik totalt	6 417 820

Samlede pensjonskostnader	Beløp
Netto pensjonskostnad	32 039 727
Årets amortiseringskostnader	8 091 858
Samlet pensjonskostnad	40 131 585

Premiefond	Beløp
Innestående på premiefond 01.01.	43 384 004
Tilført premiefondet i løpet av året	14 621 614
Bruk av premiefondet i løpet av året	-15 300 000
Innestående på premiefond 31.12.	42 705 618

Pensjonsmidler	Beløp
Pensjonsmidler pr. 01.01	673 276 235
Premieinnbetaling	46 009 462
Administrasjon	-1 674 038
Forventet avkastning	23 692 417
Utbetalinger	-21 075 730
Estimatavvik - midler	-3 001 080
Pensjonsmidler pr. 31.12	717 227 266

Pensjonsforpliktelser	Beløp
Pensjonsforpliktelser pr. 01.01	658 351 176
Estimatavvik	17 851 333
Årets opptjening	34 885 131
Rentekostnad	20 847 013
Utbetalinger	-21 075 730
Pensjonsforpliktelse pr. 31.12	710 858 923

Pensjonsmidler og pensjonsforpliktelser	Beløp	Arbeidsgiveravgift
Brutto påløpte pensjonsforpliktelser pr. 31.12.	710 858 923	
Pensjonsmidler pr. 31.12.	717 227 266	
Netto pensjonsforpliktelser pr. 31.12.	-6 368 344	-675 037

Estimatavvik og planendringer	Pensjonsmidler Beløp	Pensjonsforpliktelser Beløp
Estimatavvik 31.12.	-3 001 080	17 851 333
Virkningen av planendringer		

Beregningsforutsetninger	KLP	SPK
Forventet avkastning pensjonsmidler	3,50 %	3 %
Diskonteringsrente	3,00 %	3 %
Forventet årlig lønnsvekst	1,98 %	1,98 %
Forventet årlig G- og pensjonsregulering	1,98 %	1,98 %
Forventet pensjonsregulering	1,22 %	

Note nr. 12 – Garantiar gjeve av kommunen

Budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-12 d)

Garantien er stilt for	Formål	Type garanti	Vedtatt garantiramme (ekskl. tillegg)	Saldo 31.12	Forventet låneopptak (utover saldo)	Tillegg for renter og omkostn. ol.	Godkjenning	Utløper
Sykkylven Friluftssenter SA	skisenter	Sparebanken Møre kausjon	10 000 000	7 574 964			2017	16 år
Aure Omsorgsbustader AS	omsorgsboligar	Husbanken garanti	2 395 000	485 876			1996	30 år
Aure Omsorgsbustader AS	omsorgsboligar	Husbanken garanti	5 115 000	1 153 393			1997	30 år
Aure Omsorgsbustader AS	omsorgsboligar	Husbanken garanti	6 097 000	2 109 507			2000	30 år
Sykkylven Bustadselskap AS	kommunale bustadar	Husbanken garanti	2 690 000	446 282			1995	30 år
Aure Omsorgsbustader AS	omsorgsboligar	Kommunalbanken kausjon	10 420 000	2 987 040			1999	10 år
Årim KS/Bingsa Gjenvinning AS	inv.innan hushaldsrer	selvskyldnerkausjon	4 351 032	3 955 484		435 103	2022	11 år (tillegg 2 år)
Sum garantierlån ved kausjon								

Note nr. 13 – Bunde fond

Budsjett og rekneskapsforskriften, § 5-13, a)

Bunde fond - formål	Bokført verdi 01.01.	Avsetning	Bruk	Bokført verdi 31.12.
Bundne driftsfond	14 824 623	2 312 473	3 559 490	13 577 604
Selvkostfond				
Øremerket statsstilsjudd				
Næringsfond/Kraftfond	1 211 955	644 011		1 855 966
Gavefond	1 548 239	192 532	145 703	1 595 069
Osv.				
Sum	17 584 817	3 149 016	3 705 193	17 028 639
Bundne investeringsfond	806 210	1 905 198	201 073	2 510 335
Øremerket statsstilsjudd				
Gavefond				
Osv.				
Sum	806 210	1 905 198	201 073	2 510 335

kr.201.073,- er Langelandfond flyttet frå investeringsfond til driftsfond

Årsak til at det ikke har vært brukt av fondet i regnskapsåret:

Sjå budsjettavvik oversikten på einingane.

Brutto/nettodriftsresultat betre en budsjettert og derfor ikkje brukt av fond for saldering av rekneskapen (1,2 million)

Sjølvkost fond innan VAR-område er styrt av Sykkylven Energi AS og framkjem i note 14.

Sjølvkost fond innan feiing, plan

Note nr. 14 – Sjølvkostområde

Budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-13 b)

VAR-området (Sykkylven Energi AS)
UTGIFTER OG INNTEKTER ÅR 2022

Tal i heile 1000	VATN	AVLØP	RENOVASJON	SUM VAR
Sum driftsinntekter	7 218	15 179	9 912	32 309
Varekostnad	(28)	(22)	-	(50)
Lønskostnadar	(920)	(3 040)	(57)	(4 016)
Driftskostnadar	(5 194)	(8 728)	(10 020)	(23 942)
Avskrivningar	(1 124)	(2 310)	-	(3 434)
Sum driftskostnadar	(7 266)	(14 100)	(10 077)	(31 443)
Driftsresultat	(48)	1 079	(165)	866
Finans	(868)	(2 283)	74	(3 078)
Til(-)/frå fond(+)	916	1 205	91	2 211
Resultat etter finansgifter og avsettingar	0	0	0	0

FONDSUTVIKLING	VATN	AVLØP	RENOVASJON	SUM VAR
Sum fond 1.1.2021	1 854	(777)	2 399	3 476
Tilført i år 2021*)	(1 150)	(784)	(259)	(2 194)
Sum fond 1.1.2022	704	(1 561)	2 140	1 282
Tilført i år 2022	(916)	(1 205)	(91)	(2 211)
Sum fond 31.12.2022	(212)	(2 766)	2 048	(929)
2022 justert for estimatavvik 2021	(989)	(1 294)	(71)	(2 354)

*) Tilført 2021 består av:	VATN	AVLØP	RENOVASJON	SUM VAR
Tilført i år 2021 prognose	(1 076)	(695)	(279)	(2 051)
Estimatavvik 2021	(74)	(89)	20	(143)
Endeleg fondsavsetning 2021	(1 150)	(784)	(259)	(2 194)

Rekneskapen og fordeling av felleskostnadar for 2022 er basert på estimat per februar 2023.
Det same gjeld avskrivningar.

Det er i 2022 etablert sjølvkost rekneskap innan feiing, kart/oppmåling eller plan/bygning.

Sjølvkostområde feiing	
Dekningsgrad i %	99,5
Gebyrinntekter	-917 072
Beregnet selvkost (kostnader)	920 810
Selvkostresultat (over-/underskudd)	3 738
Avsetning til selvkostfond	0
Bruk av selvkostfond	0
Dekning av fremført underskudd	0
Fremføring av årets underskudd	0
Akkumulert underskudd til fremføring	
Bokført verdi 31.12	0

*Nytt fond etablert i 2023

Sjølvkostområde kartoppmåling	
Dekningsgrad i %	45,3
Gebyrinntekter	-786 845
Beregnet selvkost (kostnader)	1 734 477
Selvkostresultat (over-/underskudd)	947 632
Avsetning til selvkostfond	0
Bruk av selvkostfond	0
Dekning av fremført underskudd	0
Fremføring av årets underskudd	0
Akkumulert underskudd til fremføring	947630
Bokført verdi 31.12	0

Sykkylven kommunestyre vedtok 12.desember 2022 nye satsar for gebyr området for 2023 som skal ta større høgde for «underdekninga» i rekneskapen. Nytt fond etablert i 2023.

Sjølvkostområde plan og bygning	
Dekningsgrad i %	99,7
Gebyrinntekter	-889 423
Beregnet selvkost (kostnader)	891 229
Selvkostresultat (over-/underskudd)	1 806
Avsetning til selvkostfond	0
Bruk av selvkostfond	0
Dekning av fremført underskudd	0
Fremføring av årets underskudd	0
Akkumulert underskudd til fremføring	0
Bokført verdi 31.12	0

*Nytt fond etablert i 2023

Andre sjølvkostområder	
Dekningsgrad i %	
Gebyrinntekter	
Beregnet selvkost (kostnader)	
Selvkostresultat (over-/underskudd)	
Avsetning til selvkostfond	
Bruk av selvkostfond	
Dekning av fremført underskudd	
Fremføring av årets underskudd	
Akkumulert underskudd til fremføring	
Bokført verdi 31.12	0

*Ingen andre sjølvkostområde i 2022.

Note nr. 15 – Sal av aksjer

Budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-13 c)

Salg av aksjer klassifisert som finansielle anleggsmidler	Ander ført i driftsregnskapet (opptjente resultater)	Andel ført i investeringsregnskapet (utdeling av innskutt kapital mv.)
Sum	0	0

Note nr. 16 – Ytingar til leiande personar

Budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-13, d)

	Brutto lønn	Fast godtgjøreelse	Bonus	Eventuelt annen tilleggsgodtgjøreelse
Kommunedirektør 01.01.22	532 567			
Kommunedirektør 01.04.22	303 057			
Kommunedirektør 01.08.22	562 500			
Kommuneråd				
Ordfører	938 600			
Eventuelt andre				

Det er ikkje etterlønnssavtale med kommunedirektør.

Ordfører har ein etterlønnssavtale der han er sikra vanleg ordførargodtgjøreelse i 3 månader.

Note nr. 17 – Godtgjøreelse revisjon

Budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-13 e)

	Godtgjøreelse
Revisjon	857 037
Kontrollutvalsekretariatet	392 759
Sum	1 249 796

Note nr, 18 – Andre notar

Budsjett- og rekneskapsforskrifta § 15-15, 1.ledd første punktum

Ingen spesielle usikre forpliktingar og hendingar for 2022 rekneskapen. Under visar ein dei ulike kretsløpa i kommunerekneskapen. Kretsløp 1 inngår i note 1.

Kretsløp 2 - Egenkapitalen

Kapittel	Balansen	31.12.2022	01.01.2022	Endring
2.5	Egenkapital	306 996 692,24	257 611 945,07	
2.5990	Kapitalkonto	256 834 971,75	223 519 942,08	
Differanse		50 161 720,49	34 092 002,99	16 069 717,50

Driftsregnskapet 2022		Investeringsregnskapet 2022		Sum
Art	Beløp	Art	Beløp	
- Sum bruk av avsetninger, 940 - 950	4 755 193,00	- Bruk av ubundne investeringsfond, 940	1 254 483,00	
- årets merforbruk, 980	0,00	- Bruk av bundne investeringsfond, 950	0,00	
		- Udekket i år, 980	0,00	
		+ Avsatt til inndekking av tidligere års udekket,	0,00	
		+ Avsatt til ubundne investeringsfond, 540	0,00	
+ Sum avsetninger, 530 - 550	20 176 747,00	+ Avsatt til bundne investeringsfond, 550	1 902 647,00	
Sum/differanse	15 421 554,00	Sum/differanse	648 164,00	16 069 718,00

Avstemming mellom regnskapsdelene	Beløp
Differanse	-0,50

Kretsløp 3 - Anleggsmidler og langsiktig gjeld


Kapittel	Balansen	31.12.2022	01.01.2022	Endring
2.2	Anleggsmidler (+ v/økning)	1 739 271 792,47	1 479 605 722,35	259 666 070,12
2.4	Langsiktig gjeld (- v/økning)	1 472 326 536,00	1 299 499 406,00	-172 827 130,00
Differanse				86 838 940,12
2.9100	Memoriakonto for ubruke lånemidler (+ økning / - reduksjon)			-53 523 910,45
Sum endring i balansen (beregnet endring kapitalkonto)				33 315 029,67

Kapittel	Balansen	31.12.2022	01.01.2022	Endring
2.5990	Kapitalkonto	256 834 971,75	223 519 942,08	33 315 029,67

Avstemming mellom regnskapsdelene	Beløp
Differanse	0,00

Sykkylven 31.12.2022
16.02.2023

Torbjørn Emblem
økonomisjef



Årsrapport 2022

Sykkylven kommune



INNHALD

1	OVERBLIKK	5
1.1	Innleiing ved kommundirektør	5
1.2	Ordføreren har ordet.....	7
2	OVERORDNA MÅL OG RESULTAT FOR KOMMUNESAMFUNNET	7
2.1	Berekraft.....	17
2.2	Verdiskaping	17
2.3	Livskvalitet, likeverd og mangfald:	19
2.4	Bustadsituasjonen	20
2.5	Tenestekvalitet	21
2.6	Heilskapleg verksemdstyring i Sykkylven kommune:.....	21
3	ØKONOMI OG ORGANISASJON	25
3.1	Økonomi	25
3.1.1	Driftsresultat.....	25
3.1.2	Investeringsrekneskapen.....	30
3.1.3	Balanse	30
3.1.4	Fond.....	30
3.1.5	Pensjon	30
3.1.6	Finansielle måltal.....	30
3.1.7	Finansforvaltning	32
3.1.8	Likviditet	32

3.1.9	Lånegjeld	32
3.1.10	Samanlikning med andre kommunar- KOSTRA	33
3.2	Politisk organisasjon:	36
3.3	Administrativ organisasjon	37
3.3.1	Våre tilsette	38
3.3.2	Lærlingar	38
3.3.3	Kompetanse og rekruttering	38
3.3.4	Sjukefråvær	39
3.3.5	Likestilling og diskriminering:	40
3.3.6	Heiltidskultur:	41
3.3.7	Avvik	41
3.3.8	ROS-analyser	42
3.3.9	Tenestekvalitet	43
3.3.10	Personvern og informasjonssikkerheit	44
3.3.11	Samfunnssikkerheit og beredskap	44
3.3.12	Tiltak for å sikre høg etisk standard	45
3.3.13	HMS	45
3.3.14	Statlege tilsyn	46
3.3.15	Forvaltningsrevisjonar	47
3.3.16	Kommunebarometeret	47
4	TENESTEOMRÅDA	49
4.1	Oppvekst og kultur	51

4.1.1	Barnehagane:	54
4.1.2	Blakstad naturbarnehage	54
4.1.3	Ullavik barnehage	55
4.1.4	Vikedalen barnehage.....	55
4.1.5	Grunnskulane og SFO:	57
4.1.6	Aure skule/SFO	58
4.1.7	Sørestranda skule/SFO	58
4.1.8	Ullavik skule/SFO	59
4.1.9	Vik skule/SFO	59
4.1.10	Sykkylven ungdomsskule og opplæringscenter (vaksenopplæring).....	59
4.1.11	Barne- og familietenestene	62
4.1.12	Kultureininga	64
4.2	Helse, omsorg og velferd.....	66
4.2.1	Eining helse og velferd.....	70
4.2.2	Tenestekontor, koordinerande eining og førebyggjande tenester.....	70
4.2.3	Legetenestene	71
4.2.4	Heimetenestene	72
4.2.5	Bu- og aktivitetssenteret	73
4.2.6	Bu- og rehabiliteringstenestene	73
4.2.7	NAV Sykkylven-Stranda	74
4.3	Fellestenestene	76
4.4	Tekniske tenester	80

1 OVERBLIKK

1.1 Innleiing ved kommunedirektør

Takk for innsatsen!

Eg vil takke dei tilsette i Sykkylven kommune for jobben dei gjer kvar dag for innbyggjarane i kommunen. I denne årsrapporten får du eit lite innblikk i det spekteret av tenester som kommunen tilbyr. Rapporten oppsummerer året som har gått, og korleis vi har jobba med heilskapleg styring, som enkelt sagt handlar om å ha orden og kontroll i eige hus. Det er sjølvsagt viktig å ha orden, system og god internkontroll. I tillegg er måten vi opptrer på i møte med innbyggjarane avgjerande viktig. Det er i desse daglege møta mellom menneske den viktigaste kvaliteten i tenestene blir synleg.

Eg vil og takke for evne til endring og omstilling, noko som i åra framover kjem til å vere normalsituasjonen. I 2022 har vi snakka mykje om korleis befolkningsammansettinga endrar seg, og at vi kjem til å verte færre som skal gje tenester til fleire. Vi skal gjere det vi kan for å møte dette på ein god måte. I Sykkylven kommune har ein allereie gjort viktige grep for å møte denne utfordringa. Ein har fokus på samlokalisering av tenester med tanke på både økonomisk, miljømessig og kvalitetsmessig god drift. I 2022 var oppstartsåret for den nye flotte skulen i sentrum, noko som er eit viktig løft for heile kommunesamfunnet. Tenestetilbodet til eldre og andre med omsorgsbehov er og i endring, og i 2022 har vi sett i gong mogleg studiar for korleis ein kan vidareutvikle gode og framtidsretta bu tilbod for dei av innbyggjarane våre

som treng omsorgstenester frå kommunen. Nokre av endringane har skapt uro og spørsmål. Å skape felles forståing for at det er viktig å gjere nødvendig omstilling tidsnok er avgjerande. I Sykkylven kommune har vi store mogelegheiter til å lukkast med løysingar som kombinerer effektivitet med kvalitet, dersom vi får med oss alle i forståinga om at endring er nødvendig.

I Sykkylven kommune har det vore stor vilje til å ta imot menneske frå andre delar av verda. I 2022 fekk vi mange nye innbyggjarar frå Ukraina. Som kommune har vi sett stor pris på frivillige og innbyggjarane sin måte å stille opp på i denne ekstraordinære situasjonen. For Sykkylvssamfunnet er våre nyinnflyttarar ein viktig ressurs, og vi treng alle med på laget for å sikre at dei kjenner seg inkludert og verdsett. Dette er avgjerande for at dei vil bli verande og skape seg ei framtid hos oss.

Økonomi får ein grundig omtale seinare i årsrapporten. Kort kan vi seie at dei siste to åra har bidratt til eit positivt netto driftsresultat, samt evne til bygge fond som buffer for uføresette hendingar.

Til tross for dette er utgiftsnivået samla sett noko høgt i forhold til normalinntektene til kommunen. I 2022 starta difor arbeidet med ei omorganisering av heile kommunen for å etablere ein administrativ modell som sikrar god styring, utvikling og heilskapstenking innanfor det vi har av tilgjengelege ressursar. Ein slik prosess kan vere krevjande på mange vis, og det er difor godt å sjå at tilsette har bidratt konstruktivt med både innspel og engasjement i prosessen.

Elles kan vi seie at kommunesektoren ikkje er i nokon anna båt enn resten av norsk økonomi, og 2022 var eit år der vi i større grad enn tidlegare fekk oppleve å bli påverka av den globale situasjonen. Næringslivet i Sykkylven har lange internasjonale tradisjonar og kjenner frå før korleis det er å vere sårbar

for globale svingingar. Gjennom omstillingsprogrammet, som du kan lese meir om i denne rapporten, samarbeider kommunen og næringsliv om å støtte opp under, og byggje vidare på, den skaparkrafta som Sykkylven er kjenneteikna av. Målet er å utvikle ei breidde i næringslivet i Sykkylven, for å redusere den sårbarheita som kjem av ein ein-sidedig næringsstruktur. Omstillingsarbeidet skal òg bidra til å styrke Sykkylven sin attraktivitet som næringslivs- og bustadkommune.

Elles vil eg takke politikarane i Sykkylven kommune for eit godt samarbeid gjennom året. Eit tett samarbeid mellom politisk og administrativ leiing er avgjerande dersom vi skal lukkast!

Kommunedirektør
Bente G Vikhagen

1.2 Ordføreren har ordet

2 OVERORDNA MÅL OG RESULTAT FOR KOMMUNESAMFUNNET

Sykkylven kommune har dei siste to åra vore i prosess med å utarbeide ny samfunnsplan. Dette er kommunen in overordna strategiske plan. Denne årsrapporten vil vi svare ut korleis det har blitt arbeidd mot måloppnåing og kva som er resultatet av arbeidet. Sjølv om samfunnsplanen ikkje vart endeleg vedteken før i 2023, har vi valt å bygge opp strukturen i årsrapport for 2023 med bakgrunn i denne , då mål og fokusområde var politisk forankra tidleg i prosessen tilbake til 2021.

Sykkylven kommune sin visjon er SKAPARGLEDE.

Skaparglede symboliserer den kreative krafta og pågangsmotet som har lagt grunnlaget for dagens Sykkylvs-samfunn.

Visjonen er knytt til at Sykkylven:

- er ein kommune der skaparglede er ein gjennomgåande verdi for heile lokalsamfunnet.
- skaper trivsel, sosiale og friske menneske som meistrar eigen kvardag.
- er ein levande og skapande kommune, ein kommune med mangfald, som pulserer, skaper energi og kreativitet.
- er eit samfunn som skaper gode løysingar, tilpassa den enkelte sine behov.

- skaper gode tilhøve til naboane våre, og gjer nytte av at vi ligg nær både by og fjell.
- bygg stoltheit og identitet ved å ta det beste frå fortida med oss inn i framtida.
- er ein berekraftig kommune i tråd med FN sine berekraftsmål.

Det overordna målet:

Å vere ei berekraftig kommune i tråd med FNs berekraftsmål.

Utfordringar og mogelegheiter:

Ei berekraftig utvikling er avgjerande for at Sykkylven skal vere eit livskraftig lokalsamfunn inn i framtida. Kommunen må tilpasse seg samfunnsendringar og utnytte nye mogelegheiter for å skape ein attraktiv kommune for nye innbyggjarar.

Endringsvilje, innovasjon og skaparglede er grunnlag for omstilling og utvikling. Tett samarbeid mellom kommune, næringsliv og ulike kompetansmiljø legg grunnlag for ei berekraftig utvikling.

Ei av dei største berekraftsutfordringane for kommunane framover er å tilpasse oss dei store endringane i befolkningsmansettinga dei neste tiåra. Sykkylven kommune er ikkje noko unntak. Som følgje av nedgangen i talet på barn og unge vil kommunane få mindre statlege midlar til denne gruppa. Det betyr at driftsnivået må tilpassast endringane i talet på barn og unge. Samtidig må kommunane rigge ein eldreomsorg som tek høgde for den store auken i talet på eldre.

Sykkylven kommune har ein samfunnsplan med ambisjonar om å :

- Motvirke folketalsnedgang.
- Gjere Sykkylven meir attraktiv for nye innbyggjarar.
- Vekst og utvikling for eksisterande næringsliv.
- Omstille og tilrettelegge for nye arbeidsplassar.
- Utnytte potensiale for reiselivsnæring i kommunen.
- Vidareutvikle sentrum.
- Skape ein berekraftig kommune i tråd med FNs berekraftsmål
- Klimatilpassing tryggleik for følgjer av klimaendringar.
- Omstille og tilpasse det kommunale tenestetilbodet i tråd med endra behov og rammevilkår

Dette syner tala:

Folketal, fødselsoverskot, innflyttingar, netto innflytting og folketalsvekst i åra 2013 – 2022:

År	Folketal	Fødsels overskot	Innflyttingar	Netto innflytting	Folketilvekst
2023	7630				
2022	7558	1	337	72	72
2021	7596	-19	261	-20	-38
2020	7625	1	207	-30	-29
2019	7657	-9	192	-25	-32
2018	7695	-4	225	-33	-38
2017	7695	-5	255	5	0
2016	7675	11	257	10	20
2015	7707	25	193	-57	-32
2014	7730	17	197	-40	-23
2013	7673	12	275	45	57

Innvandring:

I 2012 var 9,6 % av befolkninga i Sykkylven innvandrarar: 732
i 2022 var 15,1% av befolkninga i Sykkylven innvandrarar: 1141

Som elles for Møre og Romsdal har innvandring til Sykkylven vore avgjerande for folketalsutviklinga. Med innvandrarbefolkninga meiner vi innvandrarar og barn av innvandrarar.


2022 var eit spesielt år med tanke på krig i Europa og eit stort behov for at kommunane tok imot flyktningar. Sykkylven kommune tok imot 80 personar. Siste kvartal 2022 var veksten i befolkninga på 40 personar i Sykkylven kommune. Vi tok imot mange frå Ukraina .



Demografisk utvikling:

Tala syner at vi vert færre yngre og fleire eldre. Vi held oss friske lenger og levealderen aukar. Dette er på mange måtar ei god utvikling, men har i seg nokre utfordringar. Nasjonalt har antallet eldre over 80 år auka jamnt og trutt sidan andre verdenskrig. Vekstraten framover kjem til å føre til utfordringar vi ikkje har sett før i dei kommunale tenestene. Parallelt med denne utviklinga, bremsar veksten i tilgjengeleg arbeidskraft før den stoppar heilt opp. For første gang i moderne tid, fra midten av 2030-tallet, vil antallet personer i yrkesaktiv alder felle i absolutte tall. Denne utviklinga vil forsterke seg ytterlegare etter 2040. Demografiutviklinga betyr altså både ei auke i tal eldre og ein reduksjon i tal personar i arbeidsfør alder-samtidig.

([Helsepersonellkommissjonen](#))



Figur 1.2 Norges befolkning etter aldergrupper, observert før 2022 og fremskrevet deretter. 1846–2060

Fremskrivningene bruker SSBs hovedalternativ for befolkningsutvikling, med middels fruktbarhet, levealder og innvandring (MMM)


Kilde: SSB statistikkbank tabellene 10211 og 13599.

Framskrivningane for Sykkylven kommune ser slik ut:

Demografi



Folketalet aldersfordelt - framskrivning




Sykkylven kommune

SSB sitt framskrivingsalternativ MMMM (hovudalternativ) ligg til grunn for framskrivningane.

Kjelde: SSB

Andelen personer over 67 aukar:



Figur 1 Personar i Sykkylven over 67 år

Sysseisseting, pendling, bustadar

Dette arbeider innbyggjarane i Sykkylven med:


Næring	2020
Jordbruk, skogbruk og fiske	59
Sekundærnæringar	1 763
Varehandel, hotell og restaurant, samferdsel, finanstjen., forretningsmessig tjen., eiendom	918
Off.adm., forsvar, sosialforsikring	113
Undervisning	293
Helse- og sosialtjenester	666
Personlig tjenesteyting	86

Kilde: Sysseisseting, registerbasert, Statistisk sentralbyrå

Sykkylven kommune vert vurdert å vere noko sårbar grunna einsidig næringsliv. Satsing på nyviningar og initiativ som ynskjer å utvikle seg i Sykkylven er difor viktig. Det er og ein styrke for Sykkylve å ligge nær

Ålesund. Å utvikle gode bukvalitetar slik at folk vel å bu i Sykkylven sjølv om ein eller to i husstanden pendlar er også sentralt.

Arbeidsplassdekning i Møre og Romsdal 2021



Arbeidsplassdekning er talet på arbeidsplassar (sysselsette etter arbeidsstad) i prosent av talet på arbeidstakarar (sysselsette etter bustad) i eit område. Arbeidsplassdekning på meir enn 100 prosent betyr at talet på arbeidstakarar som arbeider i kommunen er høgare enn talet på arbeidstakarar som er busette i kommunen.

Pendling



Pendler ut av kommunen

2022

830 personer



Pendler inn til kommunen

2022

597 personer


Kjelde: Sysselsetting, registerbasert, Statistisk sentralbyrå

I 2021 pendla 789 ut av kommunen og 644 inn til kommunen

Dersom vi koblar arbeidsplassdekning saman med pendlingsstraumar får vi eit bilete av kor integrerte dei ulike bu- og arbeidsmarknadsregionane i fylket er.

Meir om dette i [Fylkesstatistikk 2022 - Møre og Romsdal \(webflow.com\)](https://webflow.com)

Figur 2 syner arbeidsplassdekninga i kommunane i Møre og Romsdal:



Figur 2 Arbeidsplassdekning i kommunane i Møre og Romsdal i 2017 og 2021

Her kjem det fram korleis folk pendlar inn og ut av ulike kommunar, og seier oss noko om kva som er funksjonelle bu- og arbeidsmarknadsområde:

Interaksjon mellom kommunane, 2021, per 4.kvartal

Bustadkommune	Største utpendlings bustadkommune	Syssette busett i bustadkommune	Syssette med arbeidsstad i bustadkommune	Syssette med arbeidsstad i største utpendlingskommune	Tal busette i kommunen med arbeidsstad i kommunen	Del syssette som er busett i kommunen i % av arbeidsplassar i kommunen	Personar som pendlar inn i kommunen	Personar som pendlar ut av kommunen	Relativ del utpendlarar til største utpendlingskommune
Kristiansund	Molde	11 469	11 251	310	9 348	81,5	1 903	2 121	2,7
Molde	Hustadvika	16 330	19 297	517	13 503	82,7	5 794	2 827	3,2
Ålesund	Sula	35 192	37 629	885	29 681	84,3	7 948	5 504	2,5
Vanylven	Stad	1 499	1 286	56	1 101	73,4	185	398	3,7
Sande	Herøy	1 170	1 177	118	769	65,7	408	401	10,1
Herøy	Ulstein	4 391	4 348	426	3 191	72,7	1 157	1 200	9,7
Ulstein	Hareid	4 278	4 727	404	2 542	59,4	2 185	1 736	9,4
Hareid	Ulstein	2 391	1 776	620	1 082	45,3	694	1 309	25,9
Ørsta	Volda	5 468	4 635	1 147	3 362	61,5	1 273	2 103	21,0
Stranda	Sykkylven	2 399	2 502	113	1 965	81,9	537	434	4,7
Sykkylven	Ålesund	3 995	3 850	395	3 206	80,3	644	789	9,9
Sula	Ålesund	4 964	3 194	2 323	2 048	41,3	1 146	2 916	46,8
Giske	Ålesund	4 435	2 731	1 877	2 080	46,9	651	2 355	42,3
Vestnes	Ålesund	3 437	2 936	286	2 452	71,3	484	982	8,3
Rauma	Molde	3 564	3 302	266	2 831	79,4	471	733	7,5
Aukra	Molde	1 715	345	518	0	0,0	345	822	30,2
Averøy	Kristiansund	2 892	2 206	618	1 711	59,2	495	1 170	21,4
Gjemnes	Molde	1 326	876	328	654	49,3	222	671	24,7
Tingvoll	Kristiansund	1 437	1 042	180	894	62,2	148	542	12,5
Sunndal	Molde	3 339	3 470	90	2 853	85,4	617	485	2,7
Surnadal	Rindal	2 911	2 909	96	2 386	82,0	523	525	3,3
Smøla	Kristiansund	1 093	1 136	38	945	86,5	191	148	3,5
Aure	Kristiansund	1 664	1 544	104	1 262	75,8	282	401	6,3
Volda	Ørsta	5 266	5 231	800	3 251	61,7	1 980	2 015	15,2
Fjord	Ålesund	1 310	1 294	204	918	70,1	376	392	15,6
Hustadvika	Molde	6 921	4 632	1 973	3 703	53,5	929	3 086	28,5

Utpendling til største utpendlingskommune

Over 25 prosent
15 til 25 prosent


Bustadsituasjonen er eit av fokusområda i kommune sin samfunnsplan. Her ser vi utvikling av type bustadar i Sykkylven kommune:

	Boliger (beboede og ubebodde)				
	2018	2019	2020	2021	2022
K-1528 Sykkylven					
Enebolig	2 654	2 654	2 659	2 670	2 676
Tomannsbolig	331	331	334	335	333
Rekkehus, kjedehus og andre småhus	386	394	398	411	411
Boligblokk	129	136	136	136	142
Bygning for bofellesskap	34	34	34	34	34
Andre bygningstyper	148	150	152	154	155

Figur 3Utvikling av ulike typar bustadar i Sykkylven kommune

Den største endringa i type bustadar har vore auken i mindre bueningar som rekkehus og blokk.

For å nå ambisjonane som omtalt ovanfor har desse fokusområda blitt peika ut:



Meir om fokusområda, og kva vi har oppnådd av resultat i 2022:

2.1 Berekraft

Målet om å vere ei berekraftig kommune er overordna og gjennomgåande viktig for alt vi gjer. Berekraftig utvikling handlar om både økonomiske forhold, klima og miljø og sosiale forhold/ livskvalitet. Korleis det vert jobba konkret kjem fram under dei andre fokusområda.



2.2 Verdiskaping

MÅL: Sykkylven har eit berekraftig og mangfaldig næringsliv som tilbyr varierte arbeidsplassar

Sykkylven kommune vil:

- Fokuserer på entreprenørskap og nyskaping
- Vere ein næringsvennleg kommune som gjer det lett å etablere, drive og utvikle næring i Sykkylven

Dette har vi oppnådd i 2022:

Høg aktivitet i den ekstraordinære næringsssatsinga vår "Omstillingsprogrammet" som gjennomførte sitt 2. av 6 driftsår i 2022. Totalt har omstillingsprogrammet bidrege til å sikre 12 arbeidsplassar og

skape 10,8 nye arbeidsplassar i 2022, og har støtta 23 utviklingsprosjekt i frå næringslivet. [I årsrapport for 2022](#) kjem det fram kva for mål, aktivitetar og resultat som vart oppnådd.

Gjennom næringsapparatet har fleire grundarar og bedrifter i Sykkylven fått støtte til å utvikle sine idear og prosjekt i tidleg fase, for å sikre eit godtarbeide kontinuerleg med omstilling og utvikling. Det er også starta eit Gründerforum som ein del av satsinga, og vi har motteke og innvilga 23 prosjektsøknadar i frå bedrifter og nettverk. Prosjektarbeidet i bedriftene er ein viktig drivar for å sikre og skape nye arbeidsplassar.

Sykkylven Næringsutvikling AS (SNU) , si storsatsing, [SkaparLINKEN](#), det nye kontorfellesskapet i Aure sentrum opna i januar 2022. Her er det lokale næringsapparatet samla. SkaparLINKEN har også vore ein viktig arena for mykje av aktiviteten som omstillingsprogrammet har gjennomført i 2022. Lokala har vist seg å fungere, slik som ønska, som ein møteplass og ein koplingsarena. Det er lav terskel for å kome innom lokala i sentrum av Aure, med små og store spørsmål knytt til næringsutvikling.

Det er oppretta eit næringsteam i kommunen for å sikre eit tettare samarbeid mellom kommunen, SNU og programleiar i omstillingsprogrammet. Dette har resultert i at ordførar og teknisk sjef har ein fast møteplass med publikum i SkaparLINKEN, frå 8:30-9:30 den fyste torsdagen kvar måned. Formålet med næringsteamet er betre samhandling på tvers internt i kommuneorganisasjonen på områder som gjeld næringslivet. Næringsteamet møtast kvar 14.dag.

[Masterplan Sykkylven](#) vart ferdig november 2022. SNU var prosjekteigar av planprosessen. Neste steg er å gå frå ord til handling med ein handlingsplan frå 2023-2026.

Rekrutteringskampanje «Moglegheiter» for næringsliv og kommune –

Omstillingsprogrammet støtta og hadde prosjektansvar for ein rekrutteringskampanje på vegne av Sykkylven Industri og Næringslag og Sykkylven kommune. Programleiar for Omstillingsprogrammet har og delteke saman med næringslivet i Sykkylven på « Bli Med Hjem», som er ei fellessatsing i Fylket på å få utflyttarar til å kome heim til dei spanande jobbane og gode lokalsamfunna vi har her i Møre og Romsdal.

Gjennom SNU har omstillingsprogrammet tilgang til eit **regionalt nettverk**, som deira samarbeidspartnarar i Ålesund kunnskapspark (åkp), Destinasjon Ålesund og Sunnmøre (DÅS), Framtidslaben, Hoppid Møre og Romsdal, næringsavdelinga i Stranda kommune og i Fjord kommune. I tillegg har **Sykkylven Næringssselskap AS etablert seg som ein node til innovasjonsselskapet Nordveggen i Rauma kommune.**

Det er oppretta eit **samarbeidsforum for skule og næringsliv, «Skulenær»**, der 4 nettverksmøter er gjennomført, og lagt opp til fast 4 møter per år.

Innan havbruk har to oppdrettsanlegg har etablert seg i kommunen. I 2022 har det vore tett dialog med nye interessentar, og ein Sjøarealplan er under utarbeiding for å sikre berekraftig arealbruk også innan denne type næring. For kommunen vil slike etableringar gje oss tilgang på midlar frå det nasjonale Havbruksfondet. I 2022 var kommunen tildelt 2,3 mill frå dette fondet.

Storfjordsambandet AS er eit viktig verkøy for Sykkylven kommune i å bidratt til ein felles og framtidsretta bu- og arbeidsmarknad for denne delen av Sunnmøre. Selskapets sitt formål er å utgreie alternativ for kryssing av Storfjorden med eit køyrbart samband, eventuelt arbeide for betring av eksisterande ferjesamband, og det som står i samband med dette. Dette inneber å skape ein effektiv kvardag og ei tryggare framtid

med meir føreseielege transportmogelegheiter som sikrar attraktivitet og konkurransevne for innbyggjarar og næringsliv.

I 2022 auke Sykkylven kommune sitt engasjement i Selskapet då arbeidet gjekk over i ei ny og avgjerande fase. Storfjordsambandet AS skal førebu, finansiere og gjennomføre konseptvalutredning (KVU) og uavhengig kvalitetssikring av konseptval (KS1) for Storfjordsambandet som heilheit, i samsvar med prosesskrava i frå Møre og Romsdal fylkeskommune (prosedyre for prosess og kvalitetssikring av «sjølvfinansierande prosjekt»). Dette arbeidet vert ferdigstilt i 2023 og er ein avgjerande milepel for framtida.

2.3 Livskvalitet, likeverd og mangfald:



MÅL: Sykkylven er eit berekraftig lokalsamfunn med høg livskvalitet for innbyggjarane.

Sykkylven kommune vil:

- Vere eit attraktivt og sosialt berekraftig samfunn for alle
- Gjere slik at innbyggjarane meistrar eigen livssituasjon og er friske

Dette har vi oppnådd i 2022:

Kulturhus, idrettsanlegg, skular, bibliotek og frivilligsentral skaper aktivitet der svært mange av våre innbyggjarar er ein del av det som skjer.

Utstyrssentralen som er koordinert gjennom frivilligsentralen gjer at fleire kan delta i fritidsaktivitetar.

Fjellseter området er eit svært viktig område for folkehelse og livskvalitet. Gjennom sikring av areal, bygging av parkeringsplassar på fjellet, ny turveg ved Dravlausstølen, tilskot til utbetringar i skiløypene, driftstilskot til friluftssenteret, mm., bidreg kommunen til trivsel, møteplassar og styrka folkehelse.

Det vart etablert ei ordning med gratis buss frå Aursnes til Fjellsetra som gjer terskelen låg for å kome seg til det fantastiske området. Medlemskap i Sunnmøre friluftsråd gav kvit sand på badeplassen i Haugbukta og ulike aktivitetstilbod retta mot born og unge.

Biblioteket vart bestemt flytta til nye lokale . Nytt bibliotek på bakkeplan, i samspel med andre aktørar i same bygg, legg til rette for nye møteplassar og aktivitetar, samhandling med nye aktørar og eit endå betre tilbod. I 2022 vart skaparlinken etablert i sentrum, det same vart nytt NAV kontor for Sykkylven og Stranda. Arbeidsplassar i sentrum er viktig for aktivitet og attraktivitet.

I 2022 vart Sykkylven vart godkjent som trafikktrygg kommune, ei godkjenning som forpliktar til vidare innsats. Viktige trafikktryggingstiltak i 2022 er:

Meieridalprosjektet som har sikra trygg skuleveg for elevane ved Sørestranda skule.

Ny busshaldeplass er etablert i sentrum og bidreg til ryddigare oppstillingsplass og tryggare ferdsel i sentrumskjerna.

Ny rundkjøring kom på plass i det mest ulykkesutsette krysset i Sykkylven. Senka fart bidrar til eit venlegare sentrum for mjuke trafikkantar og eit tryggare trafikkbilde generelt.

Bygging av nye Aure barneskule starta i 2022. Nybygget er eit framtidsretta og berekraftig bygg, universelt utforma, og er eit løft for heile bygda.

2.4 Bustadsituasjonen

MÅL: Sykkylven er ein attraktiv kommune å busette seg i.

Sykkylven kommune vil:

- Legge til rette for ny busetting i kommunen
- Ha eit attraktiv og levande sentrum
- Vere eit trygt samfunn

Dette har vi oppnådd i 2022:

Kommunen har rullert og oppdatert planverk for sentrum som legg til rette for privat utbygging av nye bustadområde.

Dette har medført at fleire områder vart regulert og starta opparbeiding på i 2022.

Kommunen ha og ei rekke [kommunale tomter](#) som er tilgjengeleg for sal.

Viktige klima og miljøtiltak vart gjennomført i 2022.

Mellom anna har Sykkylven Energi Holding AS, vårt kommunalt eigde selskap bidratt til miljøvennlege løysingar gjennom tre moderne sileanlegg er etablert. Dette aukar kvliteten på rensinga og har bidratt til ei nødvendig opprydding i utslippsituasjonen langs sjøsida.

Energieffektivisering i kommunale bygg er ei viktig satsing. Eitt viktig prosjekt som vart igangsett i 2022 var overgang til varmepumpeteknologi ved BUAS. Også Sørestranda skule og nye Aure skule har denne teknologien. Prosjektet ved Buas har som mål å spare 800 000 kw timar i året. Prosjektet er delfinansiert av midlar frå ENOVA. Dette ei eitt av fleire energisparingsprosjekt som vil kunne bidra til at vi når måla våre i klima og miljøplanen om å ta ansvar for redusert klimafotavtrykk.

På sjøfronten vart vidare saksprosess avklart og utbyggar utarbeida reguleringsplan som vart vedtatt lagt ut på høyring hausten 2022. Elevar ved vidaregåande skule kartla universell utforming i sentrum. Kommunen har fått tilskot til hellelegging av langhustufta på Auremarka. I samarbeid med Aura-Påls venner søker ein fullfinansiering. Samfunnstryggleik har auka fokus i alle plansaker. Kommunen har etter kvart fått kartlagt dei tettast utbygde områda for både skredfare og kvikkleire. Klimaendringar og auka fokus på overflatevatn stiller auka krav til handsaming av plan- og byggesaker. Beredskapsarbeid og krisehandtering er godt organisert og sett i system. Kommunen har god dialog med statsforvaltaren beredskapsarbeidet. Meir om beredskap finn du under Eininga Fellestenestene.

2.5 Tenestekvalitet

MÅL: Sykkylven kommune leverer tenester av god kvalitet tilpassa innbyggerane sine behov og innanfor berekraftige økonomiske rammer.

Dette har vi oppnådd i 2022:

Det vart etablert kvalitetsutval for heile kommunen i 2022, og på tvers av helseeininingane vart det oppretta kvalitetsgruppe som har bidrege til eit stort løft i kvalitetsarbeidet.

Ein heilskapleg tenestemodell er utvikla gjennom prosjektet velferdsteknologi til barn, unge og vaksne med medfødde eller tidleg erverva funksjonsnedsettingar på tvers av både helse og oppvekst

Tilbodet *Sterk og Stødig* vart etablert. Dette er eitt tilbod om fysisk aktivitet og sosial møteplass har vore ein suksess og bidreg til at om lag 60 eldre nyttar tilbodet. Sterk og stødig vert gitt i ulike kommunedelar og er eit tiltak som vert drifta i samarbeid mellom fysioterapeut og frivillige

«Kva er viktig for meg?» - satsinga har bidrege til auka fokus på brukarmedverknad blant anna i vurdering og tildeling av helse og omsorgstenester ved tenestekontoret

Heilskapleg innsatstrapp har i helsetenestene bidrege til auka fokus på meir førebygging for å sikre at vi utnyttar ressursane best mogleg

Besøk av *Matgledekorps* har sett fokus på gode måltid og matglede for dei eldre på bu- og aktivitetssenteret

NAV har etablert fast samarbeid med Sykkylven vidaregåande skule, med fokus på å hindre utanforskap, og fråfall i skulen

Det vart ved bu- og aktivitetssenteret etablert ei stilling gjennom *HELT MED* ordninga, som har som skal sikre arbeid til personar med ulike funksjonshindringar inn i ordinært arbeid

Fagbrev på jobb er eit av tiltaka for å sikre kompetansebygging og til å rekruttere og behalde fagfolk

Den nye barneskulen i sentrum har vore under bygging. Dette er eit viktig grep for å sikre eit godt grunnskuletilbod til barn i Sykkylven kommune både økonomisk , sosialt og knytt til klima- og miljø.

2.6 Heilskapleg verksemdstyring i Sykkylven kommune:

Sykkylven kommune har ansvar for ei rekke samfunnsoppgåver og har fleire ulike roller:

- Demokratisk arena: Kommunen er en politisk styrt organisasjon, og er ein arena for lokaldemokrati.
- Samfunnsutviklar: Kommunen har en sentral rolle knytt til samfunnsutvikling lokalt, med ansvar for blant annet arealforvaltning, infrastruktur, tettstadsutvikling, næringsutvikling, miljø og folkehelse.
- Tenesteutøvar: Kommunen er leverandør av en rekke offentlige velferdstjenester til innbyggerane.
- Myndigheit: Kommunen utøver myndighet i henhold til lov, rettet mot enkeltindivid, bedrifter eller organisasjonar.

- Arbeidsgjevar: Kommunen har arbeidsgjevaransvar for dei tilsette i organisasjonen.

God leiing, plan- og styringsprosessar er ein føresetnad for at Sykkylven kommune kan ivareta desse rollene. God verksemdsstyring skal ivareta både folkevalde sitt ansvar for strategisk styring og prioritering, og kommunedirektøren sitt ansvar for å setje i verk politiske vedtak.

Verksemdstyring femnar om all aktivitet knytt til leiing, planlegging og styring av drift- og utviklingsoppgåver, og skal sikre:

- etterleving av lover og forskrifter
- iverksetting av politiske og administrative vedtak, prioriteringar og mål
- best mogelege resultat og kvalitet i tenestene
- lik og samordna styring mellom og innan tenesteområda
- effektiv ressursutnytting

Desse fire styringsprinsippa ligg til grunn for det heilskaplege styringssystemet i Sykkylven kommune:

1. Mål- og resultatstyring
2. Risikobasert styring
3. Internkontroll
4. Forbetring og innovasjon

Slik arbeider vi med mål- og resultatstyring i Sykkylven kommune:

- Kommunen sine mål blir definert i kommuneplanen.
- Måla blir konkretisert gjennom oppdragsbrev
- Leiarane forpliktar seg til måloppnåing gjennom leiaravtalar.

- Det blir gjennomført halvårleg styringsdialog mellom einingane og kommunedirektør/ kommunalsjef
- Det blir gjennomført kvartalvis oppfølging av leiarane med fokus på budsjett
- Årsrapporten gir ei samla vurdering av status og måloppnåing for alle måla.

Slik arbeider vi med risikobasert styring i Sykkylven kommune:

- Alle einingar gjennomfører risikoanalyse på einingsnivå
- Kommunedirektøren gjennomfører overordna risikoanalyse på tenesteområde- og kommunenivå.
- I tillegg vert det gjennomført risikoanalysar i samband med prosjektarbeid.
- I kommunen si daglege drift skal uønska hendingar og forbetringar registrerast og handterast gjennom avvikssystemet. Det skal settast i verk tiltak for å førebygge at uønska hendingar gjentar seg. Det skal gjennomførast kartlegging og risikovurdering av arbeidsmiljø og tenestekvalitet som ein del av det systematiske kvalitetsarbeidet i avdelingane.
- Sykkylven kommune jobbar med ei meir risikobasert og mindre hendingsbasert tilnærming til kva som er satsingsområde i tenestene. Arbeidet med å jobbe meir risikobasert vart sett i gang i samband med auka fokus på kvalitetsarbeid i 2022.
- Behovet for å jobbe meir risikobasert har også vorte stadfesta etter tilsyn frå Statsforvaltaren, både på skuleområdet og i helsesektoren. Risikobasert styring er ein viktig del av det heilskaplege styringssystemet som er under utvikling.

Slik arbeider vi med internkontroll i Sykkylven kommune:

- Kontrollutvalet fører løpande kontroll med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret.
- Kommunedirektøren har ansvar for internkontroll med administrasjonen si verksemd.
- Dette ansvaret blir ivaretatt både av kommunedirektøren (fullmaktsnivå 1) og einingsleiarane (fullmaktsnivå 2).
- Statsforvaltaren og andre statlege myndigheiter fører kontroll med om kommunen si verksemd og vedtak er i samsvar med dei lovpålagde kommunepliktene.

Slik arbeider vi med forbetring og innovasjon i Sykkylven kommune


- Som ein del av den daglege drifta, arbeider alle einingar med å forbetre sine tenester og prosessar i samsvar med kommunen sine verktøy for kontinuerleg forbetring.
- I tilfelle der kontinuerleg forbetring ikkje er tilstrekkeleg for å løyse utfordringane, vert det gjennomført større utviklingsaktivitetar og prosjekt
- Alle einingar arbeider for å utvikle ein aktiv innovasjonskultur, og har tilstrekkeleg kompetanse og verktøy for å kunne gjennomføre endringsprosessar.

- Forbetring og innovasjon handlar om å utvikle ein kultur for endring, om å fange opp idear for forbetring, om å ha verktøy for å videre utvikle ideane, samt møteplassar for å dele informasjon og å lære av kvarandre.

Det overordna ansvaret for verksemdsstyringa i Sykkylven ligg til kommunedirektøren, og i ulike stab/ støttefunksjonar vil systemet bli koordinert. Koordinerte styringsprosessar og eit hensiktsmessig årshjul skal sikre at einingsleiarane kan ivareta dette ansvaret på en god måte. Årshjul for heilskapleg verksemdstyring inneheld både administrativ og politisk rapportering.

I denne årsrapporten rapporterer kommunedirektøren på den samla verksemdsstyringa til politisk leiing.

Figuren på neste side viser hovudaktivitetane i Sykkylven kommune sitt årshjul for heilskapleg verksemdsstyring.



Figur 4 Årshjul for heilskapleg verksemdsstyring

3 ØKONOMI OG ORGANISASJON

3.1 Økonomi

3.1.1 Driftsresultat

Brutto driftsresultat


Dette viser kommunens driftsresultat, før det vert teke omsyn til finansresultat. Brutto driftsresultat er tradisjonelt noko dårlegare resultatomgrep enn netto driftsresultat, fordi avskrivningane kan vere vesentleg større enn kva kommunen betaler i avdrag. Brutto driftsresultat kan samanliknast med driftsresultatet i et bedriftsregnskap. Avskrivningar er rekna inn i brutto driftsresultat, medan avdrag vert halde utanfor.

Brutto driftsresultat	2022	2021	2020
Frå rekneskapen	15 181 069	2 350 974	-6 618 382

Netto driftsresultat

Netto driftsresultat fortel om kommunens drift gjeikk med overskot eller underskot. Netto driftsresultat skil seg frå brutto driftsresultat ved at finansinntekter er med – og finansutgifter, der avdrag på lån har erstatta avskrivningar som kostnad.

Netto driftsresultat	2022	2021	2020
Frå rekneskapen	15 121 554	8 118 027	-4 192 694



Figur 5 Netto driftsresultat

Budsjettavvik

Administrasjonen har eit tydeleg forhold til kva prioriteringar, løyvingar, mål og premisser som ligg til grunn i årsbudsjett og økonomiplanen til kommunen. Av denne grunn er det heller ikkje blitt gjort budsjettendringar på avvik som har oppstått gjennom året.

Drift

Det er i hovudsak innan finansområdet (kap.9) med høgare skatteinngong og tilskot til integrering. Det er avvik på inntektssida. Innan utgiftssida er det i hovudsak innan helse som det største avviket i høve budsjettet er.

Dette kjem fram i rekneskapen side 5 og 6 – Oversikt løyvingar budsjettområde, samt under kommunalområda sine omtale i årsmeldinga.

Administrasjonen har gjennom 2022 hatt god oversikt over dei periodiserte rekneskapa der konklusjonen var at kommunen styrte mot eit positivt driftsresultat.

1. Samla driftsinntekter

Rammetilskotet og skatteinntekter er budsjettert med grunnlaget frå statsbudsjettet som vart lagt fram i oktober 2021 med seinare justeringar i regjeringskifte, og justerte tal blir jamnleg oppdatert i KS sin prognosemodell. Det er i hovudsak skatteinnngongen som har vore vesentleg større enn budsjettert i 2022, saman med auke i integreringstilskot i november/desember månad.

2. Eigedomsskatteutskrivninga for 2022 er endra i tråd med takstgrunnlaget/endringslistene pr. 2021. Kommunestyret vedtok for 2022 en skattetakst på 3,2 promille.

3. Finansinntekter

Følgjande finansinntekter er overbudsjettert:

- Renteinntekter bankkonti ca 3 million i år mot ca 1,5 million for 2021.

4. Renteutgifter innlån

Kommunen har hatt renteutgifter og avdrag på innlån på totalt ca 34 million i 2022, mot budsjettert 26 million i 2021. Rentenivået har vore straks høgare gjennom 2022. Det er ikkje foretatt budsjettendring på dette i 2022, men teke med i økonomirapporteringa og i budsjettarbeidet inn i 2023.

5. Premieavvik pensjon

KLP utarbeidar prognosar som kommunane nyttar i budsjettarbeidet. Mange faktorar ligg til grunn i desse prognosane, men likevel må kommunane gjere lokale vurderingar av premieavviket. Sykkylven kommune vurderte premieavviket for 2022 til 10,4 MNOK for Sykkylven kommune i samband med budsjettarbeidet. Resultatet syner høgare tal for 2022. Kommunen har gjort alle rekneskapsmessige justeringar i samsvar med årsoppgåva frå KLP.

6. Sjølvkost (sjå note 14 i rekneskapen)

Budsjettet for 2022 på sjølvkostområda vart registrert i null. Det er Sykkylven Energi AS som har ansvar for VAR-område Sykkylven kommune. Sykkylven kommune på dei 3 andre områda – feiing , kart/oppmåling og plan og bygning. Forskjellen mellom sjølvkost- og driftsrekneskapen kan illustrerast slik ville kunne framstå slik om alt var ført gjennom kommunene.

Samlet selvkost:

+ Direkte driftsutgifter
- Andre inntekter enn gebyrinntekter
+ Indirekte driftsutgifter (adm. utgifter)
+ Kalkulatorisk rentekostnad
+ Kalkulatorisk avskrivningskostnad
= Gebyrgrunnlag
- Gebyrinntekter
= Selvkostresultat*

Driftsregnskapet:

+ Direkte driftsutgifter
- Andre inntekter enn gebyrinntekter
= Resultat før gebyrinntekter
- Gebyrinntekter
= Driftsresultat (alltid større enn selvkostresultat)

* Selvkostresultatet føres mot selvkostfond og/eller memoriakonti i balanseregnskapet.

Postene finnes bare i selvkostkalkylen og utgjør bl.a. selvkostområdenes bidrag til kommunekassens rente- og avdragsutgifter. Postene skal ikke føres i driftsregnskapet.

Utover dette har Sykkylven kommune fortsatt eit negativt fond på ca kroner 500.000,- mot avlaup som ein må finne inndekning for i dei

næraste åra. Dette er knytt til utgreiingar i samband med avlaup på Fjellseter område.

Ytterlegare informasjon til budsjettavvik kjem fram i rekneskapen og under kommunalområda sine kommentarar i årsmeldinga.

Investering:

Tabellen på side 8 og 9 i rekneskapen viser dei største investeringsprosjekta med gjenstående budsjetttramme pr. 31.12.2022.

Oversikta ovanfor viser bokførte investeringsutgifter på 232 mill., medan vedteke budsjett for investeringane i 2022 var på 292 mill.

Dette er eit avvik, som i hovudsak skuldast at budsjett inneheld ny sentrumsskule vidare bygging, nytt alarmsystem BUAS, ny brannbil og bibliotekbygget. Desse prosjekta/ midlane saman med løyvingar i 2023 er godt i gang i det vidare i år.

Alle prosjekta er vedteke og vidareført mellom åra gjennom rebudsjetteringsvedtak.

Budsjettavvik investeringsbudsjett

INVESTERINGSBUDSJETT - større budsjettavvik	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Årsak
	2022	2022	2022	
VELFERDSTEKNOLOGI	85 590	574 000	-	1
SPAREBANKBYGGET (Bibliotekløyving)	-	1 250 000	-	2
KRIKANE BHG - OVERTAKING	-	11 500 000	-	3
NY TANKBIL - BRANNVESENET	1 626 631	4 142 000	2 100 000	4
FORTAU YX - ØVRE TYNES	184 631	613 000	-	5
IKT GRUNNSKULEN	-	300 000	300 000	6
BUSTADOMRÅDER	-303 729	-1 445 000	-	7
INVENTAR OG UTSTYR BUAS (KJØKKEN)	-	1 855 000	1 800 000	8
KYSTSTI OG FORTAU VED SMÅBÅTHAMNA	3 406 041	6 250 000	-	9
NY SENTRUMSSKULE	188 044 654	225 904 000	164 188 000	10
VEG MEIERIDALEN	19 372 862	7 000 000	7 000 000	11
LEGESENTER	278 465	500 000	500 000	12
KUNSTGRASBANE	-940 000	-	-	13
ENØK-TILTAK BUAS	3 794 513	4 882 000	3 500 000	14
NYTT BIBLIOTEKLOKALE	13 213 451	16 875 000	8 100 000	15
PROSJEKTERING BUSTADER HEILDØGNSOMSORG	-	500 000	500 000	16
KAIOMRÅDET - TILTAK OG UTVIKLING	90 725	500 000	500 000	17
MINNELUND ETABLERING	-	200 000	200 000	18
NYTT ALARMSYSTEM BUAS	73 725	6 000 000	6 000 000	19
DIGITALISERING - ARKIV	-	350 000	350 000	20
MINDRE KLIMA- OG MILJØTILTAK	-	300 000	-	21
TOMTESALG/TILLEGGSAREAL	-2 008 707	-	-	22

Kommentarar til tabellen ovanfor:

Pkt 1.

Innføring av Velferdsteknologi skjer løpande med investering i nytt utstyr. Gjennom 2022 har ein hatt fokus på innføring og bruk av tidlegare anskaffelser. Det er årsaken til at nytt utstyr har vore utsett til 2023. Løyvinga er rebudsjettert i k.sak 14/23 for året 2023.

Pkt 2.

Løyvinga gjeld ekstraløyving vindu i 2.etasjen bibliotekbygget. Byggeperioden er 2022 tom mars 2023. Løyvinga er nytta i sluttføringa av bibliotekbygget no i 2023. Løyvinga er rebudsjettert i k.sak 14/23.

Pkt 3.

Løyvinga til Krikane barnehage vart rebudsjettert frå tidlegare år og inn i 2022. Det er vedteke at denne private barnehagen ikkje skal kjøpast og grunnlaget og løyvinga til dette formålet utgår. LLøyvinga gjekk ut i 2022 og er ikkje rebudsjettert i 2023.

Pkt 4.

Ny brannbil er anskaffa og løyvinga er gjort over åra 2021 og 2022. Pga leveringsforsening frå leverandør har ikkje siste andel av anskaffelsen vore gjort i 2022. Levering og endeleg oppgjer skjer i 2.kvartal 2023. Løyvinga er rebudsjettert i 2023.

Pkt 5.

Løyvinga til fortau YX – Øvre Tynes

Pkt 6.

Løyvinga til IKT i grunnskulen har vore utsett pga tilpasningar og vurderingar rundt Nye Aure barneskule. Behovsavklaringar etter samanslåing av 3 skular til 1 skule. Det er årsakeen til at løyvinga og bruken er utsett til 2023. Løyvinga er rebudsjettert i k.sk 14/23 for året 2023.

Pkt 7.

Ansvarsområdet må ein sjå i samanheng med ansvar tomtosal med sal av tomt – Jarnes skule. Dersom ein ser desse ansvarsområda i samanheng er budsjettavviket mindre og utgjer sal av tomteareal som skjer gjennom året. Avviket er ikkje vesentleg basert på ledige tomteareal til fastsette prisar.

Pkt 8.

Inventar-kjøkken BUAS har vore forsinka i vurderingane rundt grunnlaget og behovet for størrelsen på oppgraderinga av golv og utstyr. Det har vore gjort vurderingar gjennom 2022 og grunnlag for eit anbod/forespørsel er gjort. Løyvinga er rebudsjettert i k.sak 14/23 inn i 2023 og er under gjennomføring no.

Pkt 9.

Kyststi og fortau – småbåthavna er eit felles prosjekt med MR-Fylke med gjennomføring i 2022 og 2023. Prosjektet har god framdrift og sluttføres 1.halvår 2023. Restløyvinga er rebudsjettert i 2023.

Pkt 10.

Nye Aure Barneskule har ei byggeperiode for 2021 – 2023. Skulen skal stå ferdig i september/oktober 2023. Restløyvinga skuldast noko avvik på betalingsplan mot budsjettløyving for 2022. Byggeplan og leverandør held fortsatt endeleg ferdigdato gjennom 2023. Løyvinga er rebudsjettert inn i 2023.

Pkt 11.

Løyvinga – Veg Meieridalen – vart handsama i rebudsjetteringssaka for 2021 inn i 2022. Meirforbruket i høve den formelle løyvinga vart teke opp

i k.sak 37/22 , der endeleg løyving skal skje / salderes mot investeringsmidlane som ligg i budsjettet på – vegar til fordeling – på kr 13.251.000,-i 2021. Dette skal skal skje i samband med endeleg byggerekneskap no 2023. Meirforbruket skuldast i hovudsak uforutsette kostnader til masse og grunnlag for anbodet.

Pkt 12.

Prosjektering legesenter pågår gjennom 2022 og vidare inn i 2023. Løyvinga er delvis nytta i 2022 og restarande er rebudsjettert inn i 2023. Utgreiing omkring legekantoret og alternativ eigarform og evt plassering vert slutført i løpet av 1.halvår 2023. Utgreiingane har tatt inn i seg fleire alternativ enn tidlegare planlagt.

Pkt 13.

Dette er motteke «tippemidlar» som ein tidlegare har forskottert på prosjekt. Dei var motteke no i 2022.

Pkt 14.

ENØK tiltak BUAS – har gjennom 2022 vore gjennom prosjektering, anbudsutlysing og val av leverandør sommaren 2022. Prosjektoppstar har vore i 2022, men pga forsinkelser frå leverandør har prosjektet ikkje vore slutført innanfor året. Det har endeleg ferdigstilling no i første halvår 2023. Restløyvinga har vore rebudsjettert inn i 2023.

Pkt 15.

Nytt bibliotek vart vedteke av kommunestyre i mars 2022 med tilhøyrande løyvingssak. Anbod og val av leverandør vart gjort sommaren 2022. Byggeperioden var planlagt fram til februar 2023. Det har vore ein

forsinkelse frå leverandør from tom mars månad. Prosjektet er slutført i 1.kvartal 2023 og overteke av Sykkylven kommune. Løyvinga er rebudsjettert inn i 2023.

Pkt 16.

Prosjektering av nye heildøgns omsorgsbustader har vore starta i 2022 og går vidare inn i 2023. Val av plan og prioriteringar har gjort at prosjekteringa har teken lengre tid enn tidlegare forventa. Sykkylven kommune og Husbanken har ein fellesdialog rundt vidare framdrift i prosjektering a av ulike prosjekt frå Sone 3 til andre nye tiltak (skuleområde mv..) Løyvinga er rebudsjettert.

Pkt 17.

Prosjektering rundt Kai-område har delvis starta i 2022 og vert vidareført inn i 2023. Prosjektering og planprosess har teke lenger tid enn tidlegare antatt, men vert avslutta no i 2023. Det er gjort delvis tiltak i 2022 knytt til noko infrastruktur på kaiområdet. Restløyvinga er rebudsjettert i k.sak 14/23.

Pkt 18.

Minnelund – prosjektering. Arbeidsgruppa har sett på ulike løysingar rundt ein minnelund i Sykkylven sentrum. Det er så langt ikkje belasta kostnader på prosjekteringa, men dette påløper i 2023. Arbeidet forsett i 2023 til framlegg for kommunestyre. Løyvinga er rebudsjettert i 2023.

Pkt 19.

Nytt alarmsystem BUAS har vore under planlegging gjennom 2022. Anbudsutlysing og søknader om tilskot har teke lengre tid enn tidlegare

planlagt. Innføringa skjer no i 2023. Løyvinga er rebudsjettert inn i 2023. – K.sak 14/23.

Pkt 20.

Digitalisering arkiv. Tilboda for digitalisering har vore høgare enn løyvinga i 202, slik at arbeidet ikkje har vore starta. Prosjektet har også løyving i 2023, slik at ein forventar at arbeidet starta i løpet av året i år.

Pkt 21.

Miljø og klima tiltak. Det har vore ein gjennomgang på ulike tiltak innan området. Det har teke lengre tid enn planlagt, men lagt eit godt grunnlag for vidare framdrift i 2023. Løyvinga vert nytta gjennom 2023 og er rebudsjettert i k.sak 14/23.

Pkt 22.

Dette gjeld sal av Jarnes skuletomt som også inngår i pkt nr 7 ovanfor. Sal av tomteområde. Inntekta var tidlegare budsjettert i 2021, men var rebudsjettert inn i 2022. Punkt 7 og 22 heng saman.

3.1.2 Investeringsrekneskapen

Investeringsrekneskapen kjem fram i del 2 i rekneskapen og gir ei god oversikt på investeringane i 2022. Dei prosjekta som ikkje er ferdig i 2022 har vorte rebudsjettert og gjennomførast vidare gjennom 2023. Sjå del 2 i rekneskapen.

Sjå også rekneskapen med tilhøyrande notar - 1 til 18.

3.1.3 Balanse

Balanserekneskapen kjem fram i del 3 i rekneskapen og gir god oversikt på Sykkylven kommune sine egedelar, egenkapital, gjeld og forpliktingar. Notane i rekneskapen (note 1-18) gjev også god informasjon om balanserekneskapen sitt innhald.

3.1.4 Fond

Fond i rekneskapen består av 4 ulike fondstypar. Tabellen under visar dei ulike fonda sin verdi i 2021 og 2022.

Oversikt - Fond	Regnskap 2022	Regnskap 2021
I. Egenkapital drift	55 361 153	40 995 560
1. Disposisjonsfond	38 332 513	23 410 743
2. Bundne driftsfond	17 028 639	17 584 817
II. Egenkapital investering	2 758 480	1 054 355
1. Ubundet investeringsfond	248 144	248 145
2. Bundne investeringsfond	2 510 335	806 210


3.1.5 Pensjon

Sykkylven kommune har sine pensjonsmidlar og forpliktingar i 2 selskap. Dette er KLP og SPK. Sjå note 11 i rekneskapen for nærmare forklaring på kostnadar rundt pensjonsmidlar og pensjonsforpliktingar.

3.1.6 Finansielle måltal

Sykkylven kommune har vedteke følgjande finansielle måltal med tilhøyrande nivå, og dette skal vere førande for økonomiforvaltninga i kommunen, jf. kommunestyresak PS-98/2019.

Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter –minimum 1,75 %.




Figur 6 Netto driftsresultat og krav til netto driftsresultat for reell balanse

Vi ser her at frå og med år 2017 vart resultatet dårlegare krava netto driftsresultat (1,75%). For året 2022 har resultatet vorte betre enn krava.


Disposisjonsfond i % av driftsinntekter –minimum 10 %

Tabellen syner Sykkylven kommune sitt disposisjonsfond mot måltal for storleiken på disposisjonsfondet i perioden 2017-2022.



Figur 7 Disposisjonsfond 2017-2022

Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter ned på dagens nivå under 130% pr 2030 og under 100% pr 2035.



Figur 8 Lånegjeld mot driftsinntekter

3.1.7 Finansforvaltning

Finansforvaltninga i Sykkylven kommune kjem fram i Finansrapporten som kommunen legg frå pr kvar

3.1.8 Likviditet

Likviditeten i 2022 har vore god gjennom året. Låneopptak i høve Nye Aure Barneskule vart gjort i løpet av sommaren og slik sikra forsvarleg økonomi også utover i andre halvår 2022 og.


Likviditeten var forsvarleg også ved årsskifte, men har vorte redusert i perioden inn i 2023 og fram til nye låneopptak i mars 2023.

3.1.9 Lånegjeld


Långivarar, motpartar og produktfordeling

Største långivar er Kommunalbanken som har ein andel på 83%. Nest størst er KLP med 11%.

Fastrenteandelen er rekna ut ifrå samla lånegjeld inklusive alle lån.



Figur 9 Långivarar



Figur 10 Kategoriar av lån

3.1.10 Samanlikning med andre kommunar- KOSTRA

Å samanlikne oss med andre kommunar gjev oss innsikt i kva for driftsnivå vi har og om vi nyttar ressursane effektivt. Det gjev og eit grunnlag for å diskutere prioriteringar av driftsramme mellom tenesteområda.

Tabell 15 gjev ei oversikt over netto driftsutgiftene per innbyggjer i Sykkylven kommune samanlikna med vår eiga KOSTRA- gruppe samt med landet elles, utan Oslo. Tabellen syner og eit teoretisk handlingsrom for innsparing dersom Sykkylven kommune hadde same driftsutgifter som gjennomsnittet av kommunane i same kostragruppe.

Tabell 1 Samanlikning med andre kommunar - KOSTRA

Formål	Sykkylven	Lavest i KOSTRA-gruppen	Gjennomsnitt for gruppen	Teoretisk handlingsrom i mill	Lavest i KOSTRA gruppen
Grunnskole	16 334	13 850	15 695	5,3	Sula
Pleie og omsorg	21 814	18 141	21 802	0,1	Skaun
Barnevern	2 656	1 335	2 691	-0,2	Skaun
Barnehage	9 952	8 165	9 463	3,2	Våler (Østf.)
Kommunehelse	5 656	2 808	3 782	15,4	Nord-Odal
Sosiale tjenester	2 270	-4 172	2 573	-1,7	Hareid
Kultur og idrett	1 935	628	2 004	-0,5	Giske
Plan, kulturminner, natur og nærmiljø	753	53	801	-0,4	Lunner
Adm, styring og fellesutgifter	5 021	-1 293	5 448	-3,4	Gjerdrum
Brann og ulykkesvern	1 052	697	1 030	0,2	Våler (Østf.)
Kommunale boliger	-174	-508	119	-2,2	Farsund
Samferdsel	2 014	-691	1 275	5,6	Stranda
Næringsforv. og konsesjonskraft	358	-2 794	332	0,2	Froland
Kirke	605	406	704	-0,8	Løten
Landbruk	100	23	110	-0,1	Stranda

Kommentar til områda med størst økonomisk handlingsrom:

Områda grunnskule, kommunehelse, barnehage og samferdsel peikar seg ut som område der vi har kostnader over gjennomsnittet i kostragruppa.

Skule: Dette omfattar

Grunnskule i Sykkylven er i endring og skular vert samanslått. Dette vil gje meir effektiv drift. Kostra tala for 2023 kjem nok til å gjenspegle dette.

Kommunehelse: Dette omfattar i hovudsak legetenester, helsestasjonstenester, fysioterapitenester (både kommunalt tilsette, og fysioterapeutar med driftstilskot). Dersom vi hadde hatt eit gjennomsnittleg utgiftsnivå i kostragruppa hadde vi hatt 15,4 mill lågare driftskostnader til desse tenestene.

Sykkylven kommune har høge kostnader til drift av legetenester, då dei store rekrutteringsutfordringane gjer det naudsynt å nytte vikarbyrå. Med

bakgrunn i denne utfordringa har ein og valt å redusere vaktbelastning til fastlegane ved å ha ei legevaksordning der fastlegane har ei låg deltaking i legevakt. Dette gjer at legevakt er nærast reindyrka og har totalt ein årleg kostnad på 4,7 million kroner (Sykkylven sin andel som er 50%). Faste tilsette i alle heimlar både kommunalt tilsette og legar med næringsdrift, samt ei legevaktordning med fordeling av vaktbelastning mellom fastlegane sjølv, ville gitt lågare driftskostnader.

Barnehage: Dette omfattar all barnehagedrift, kommunal og privat. Dersom vi hadde hatt eit gjennomsnittleg utgiftsnivå i kostragruppa hadde vi hatt 3,2 mill lågare driftskostnader til desse tenestene.

Samferdsel: Dette omfattar kostnader knytt til veg. Sykkylven kommune har stor andel kommunale vegar samanlikna med andre kommunar. Dersom vi hadde hatt eit gjennomsnittleg utgiftsnivå i kostragruppa hadde vi hatt 5,6 mill lågare driftskostnader til desse tenestene.

ORGANISASJON

3.2 Politisk organisasjon:

Kommunestyret består av 29 medlemmar, fordelt slik:

Senterpartiet formannskap)	8 medl.	inkl. ordførar (1 medl.
Framstegspartiet formannskap)	6 medl.	(2 medl.
Høgre formannskap)	5 medl.	(2 medl.
Arbeidarpartiet formannskap)	1 medl.	(2 medl.
Venstre formannskap)	2 medl.	(1 medl.
Kristeleg Folkeparti formannskap)	2 medl.	(1 medl.
Sosialistisk Venstreparti	1 medl.	

I tillegg har Sykkylven kommune to politiske utval under kommunestyret som er oppretta for å arbeide med avgrensa saksområde over tid :

Levekårsutvalet består av 9 faste medlemmar

Levekårsutvalet behandlar saker innan kultur, skule, barnehage, helse og omsorg.

Nærings- og utviklingsutvalet består av 9 faste medlemmar

Nærings- og utviklingsutvalet handsamar saker vedkomande planar og regulering.

Kontrollutvalet :

Består av 5 medlemmar, og er kommunestyret sitt eige reiskap for å sikre at den kommunale verksemda skjer i tråd med gjeldande lover og reglar, kommunale planar og vedtak. Dette er viktig for å oppnå tillit hos innbyggjarane. Sunnmøre Kontrollutval sekretariat utøver sekretariatsfunksjonen for Sykkylven kommune.

Rådgjevande organ:

Kommunen har fleire rådgjevande organ som har rett til å uttale seg i alle saker som angår dei. I tillegg kan råda ta opp saker på eige initiativ.

Ungdomsrådet


Eldrerådet

Rådet for personar med funksjonsnedsetting

Barn og unge sin medverknad – Barnekonvensjonen

[Her](#) finn du meir informasjon om den politiske organiseringa, råd og utval, om møter i 2022 og dei ulike sakene dei handsama.

3.3 Administrativ organisasjon



I 2022 vart det sett i gang eit arbeid med ny organisasjonsstruktur som er grunngeve i både økonomiske og styringsmessige forhold. Omorganiseringsprosjektet skal vere ferdigstilt innan 1. juni 2023 og ny organisasjon trer i kraft 1. august 2023.

3.3.1 Våre tilsette

I 2022 hadde Sykkylven kommune følgende fordeling av tilsette:

SYKKYLVEN KOMMUNE	Årsverk menn	Årsverk kvinner	Årsverk alle	Tal menn	Tal kvinner	Tal alle
Oppvekst	41,8	171,0	212,8	47,0	193,0	240,0
Kultur	6,2	3,9	10,1	13,0	10,0	23,0
Helse, omsorg og velferd	28,0	174,5	202,4	34,0	250,0	284,0
Tekniske tenester	17,1	11,7	28,8	41,0	14,0	55,0
Sentraladministrasjon	7,5	24,8	32,3	8,0	28,0	36,0
SUM ALLE	100,7	385,8	486,5	143,0	495,0	638,0

3.3.2 Lærlingar

Kommunen er open for å ta i mot studentar i praksisordningar både i oppvekst – og helsesektoren samt IT. Det gir også positiv effekt for våre eigne tilsette som i mange tilfelle får fagleg oppdatering og utfordring, og er eit verkemiddel med tanke på rekruttering.

Det ligg føre eit politisk vedtak på at Sykkylven kommune til ei kvar tid skal ha minst 7 lærlingplassar til disposisjon (K-sak 57/06). Kommunen

hadde pr. 31.12.2022 sju lærlingar; to i barne- og ungdomsarbeidarfaget og fem i helsearbeidarfaget.

3.3.3 Kompetanse og rekruttering

Aldersfordeling	01.10.2021	01.10.2022
Tilsette under 50 år	347	335
Tilsette over 50 år	321	316

I 2022 var 51,5 % av arbeidsstokken under 50 år mot 51,9 % i 2021.

Samla i kommunen er 19 % over 60 år mot 17,7 % i 2022.

12,7 % av dei tilsette ved barneskulane er over 60 år, ein nedgang frå 17,7 % i 2021. Ved ungdomsskulen og opplæringscenteret har både gruppa over 60 år og under 60 år halde seg stabilt frå 2021 til 2022.

Ved BUAS er 18,4 % av dei tilsette over 60 år, ved Heimetenestene 15 % og ved Bu- og rehabiliteringstenestene 23 %.

Kommunen har, som i 2021, utfordring med å rekruttere fagkompetanse. Med den demografiske utviklinga og færre som flyttar til bygdene vil dette bli ei enda større utfordring med åra. Ein ser at talet på kvalifiserte søkjarar til ledige stillingar går ned og dette er ein tendens som har vore i nokre år allereie. Det er sett saman eit eige rekrutteringsutval knytt til legetenester og kommunen var i 2022 med på å lage ein rekrutteringsfilm saman med Sykkylven Industrilag og SNU. I tillegg har kommunen deltatt på «Bli med heim» - messe, som har som føremål å rekruttere til Møre og Romsdal, i Trondheim.

3.3.4 Sjukefråvær

Samla sett hadde kommunen eit sjukefråvær på 10 %. Det er ei mindre auke frå 2021, der det er korttids og legemeldt sjukefråvær som aukar.

Oversikt over samla sjukefråvær (i %) 2021 og 2022:

Periode	Totalt		Korttids		Langtids		Eigenmeldt		Legemeldt	
	2021	2022	2021	2022	2021	2022	2021	2022	2021	2022
1. kvartal	9,3	13,5	2,2	4,8	7,1	8,8	1,5	3,4	7,8	10,1
2. kvartal	9,4	10,01	1,8	2	7,6	8,1	1,1	1,3	8,3	8,8
1. halvår	9,5	11,9	2	3,4	7,5	8,5	1,4	2,4	8,1	9,5
3. kvartal	7,4	7,6	1,7	1,4	5,7	6,2	0,9	0,8	6,5	6,7
4. kvartal	11	8,8	2,8	2,8	8,2	6	2,1	1,9	8,9	6,9
2. halvår	9,4	8,2	2,2	2,1	7,2	6,1	1,6	1,4	7,8	6,8
Total for året	9,5	10	2,1	2,7	7,3	7,3	1,5	1,9	8	8,1

Einingssvis fordelar sjukefråværet seg slik, der ein ser at sjukefråværet har gått ned frå 2021 i fleirtalet av einingane:

Tabell 2 Sjukefråværet i einingane

Einingar:	År - 21	År - 22
Tandstad barnehage	4,9	10,7
Blakstad barnehage	6,8	14,3
Ullavik barnehage	20,6	9,8
Vikedalen barnehage	14,4	15,3
Aure skule/SFO	14,5	12,8
Sørestranda skule/SFO	7,1	9,5
Ullavik skule/SFO	7,2	5,8
Vik skule/SFO	5,9	4,7
Ungdomsskulen og VO	11,3	10,6
Barne- og familietenestene	9,3	8
Kultureininga	2	3,2
BUAS	11,7	12,3
Heimetenestene	9,3	9,1
Bu- og rehabiliteringstenestene	9,7	12,8
Tenestekontor, Legesenter/-vakt, Komm.lege	12,6	16,2
Tekniske tenester	5,8	5
Kommuneleiing/rådgj./øk./løn og pers	2,3	7
Fellestenestene	9,3	7

3.3.5 Likestilling og diskriminering:

I Sykkylven kommune sin lønnspolitiske plan blir det slått fast at Sykkylven kommune, både arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane, har fokus på likestilling mellom kjønna. Det er eit mål å ha ein lønnspolitikk som tek vare på og fremmer likestilling mellom kjønna. Kommunen treng medarbeidarar med rett fagkompetanse og ønskjer eit mangfaldig arbeidsliv. Det skal leggast vekt på at alle arbeidstakarar blir rettferdig vurdert. Sykkylven kommune har flest kvinnelege arbeidstakarar. 78,92 % av årsverka i kommunen blir utført av kvinner, og i tal utgjør kvinner 77,23 % av dei tilsette. Det er færrest mannlege tilsette innan helse og omsorg, der berre 12,28 % av dei tilsette er menn. Innan tekniske tenester er derimot 77,36 % av dei tilsette menn. Sykkylven kommune sin lønnspolitikk har som mål å stimulere til initiativ, auka ansvar, god bruk av ressursar og lik løn uavhengig av kjønn.

I tråd med «Lov om likestilling og forbod mot diskriminering» skal alle arbeidsgivarar arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremje likestilling, hindre diskriminering på grunn av kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgåver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetjing, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk, eller kombinasjonar av desse grunnlaga, og søkje å hindre trakassering, seksuell trakassering og kjønnsbasert vald. Sykkylven kommunen vil på grunnlag av dette, arbeide aktivt og målretta for å fremme likestilling og å hindre skilnader som strid med Lov om likestilling og forbod mot diskriminering.

Sykkylven kommune skal ha eit mangfald der kjønn, etnisk opphav, religion/livssyn, seksuell orientering, alder og funksjonsnivå blir verdsett. Alle brukarar og innbyggjarar skal møtast med respekt og likeverd. Det

same gjeld der kommunen møter leverandørar, kundar, konkurrentar og andre aktørar.

Kvar medarbeidar i Sykkylven kommune skal føle seg trygg på sin arbeidsplass. Vi tek avstand frå alle former for trakassering, mobbing, og forventar at alle bidreg til å verkeleggjere denne haldninga. Vi skal ikkje utsetje andre for handlingar eller ytringar som kan verte oppfatta som krenkjande, skremmande, fiendtlege, nedverdiggande eller audmjukande.

Arbeidsmiljøet i kommunen skal vere prega av god dialog og eit godt ytringsklima. Det skal vere takhøgde for å diskutere og å kome med ulike syn og konstruktiv kritikk. Når ein har rom for ulikheit, betyr det at vi kan handtere saker og konflikter saman, og kjem fram til løysingar som partane kan leve med. Eit godt ytringsklima bidreg til ein kultur der alle finn det trygt å ytre seg.

I Sykkylven kommune er ein verna når ein ønskjer eller er nøydd til å seie frå om kritikkverdige forhold på arbeidsplassen.

3.3.6 Heiltidskultur:

Etter Hovudtariffavtalen kapittel 1 § punkt 2.3.1 følger det at hovudregelen i kommunesektoren er at det skal tilsettast i heiltidsstillingar. Føremålet med heiltidsstillingar er fleire. For tilsette er det mellom anna høgare løn, betre pensjon og forutsigeleg kvardag. Medan det for arbeidsgjevar handlar til dømes om stabilitet og kontinuitet.

Arbeidsgjevar har, saman med tillitsvalte, stort fokus på at det er mest mogleg heiltidsstillingar som blir lyst ut i Sykkylven kommune. Det er også


fokus på at partane undersøker om det er nokon med deltidstilling som ønskjer å auke stillingsprosenten sin (fortrinnsrett) før ei stilling eventuelt blir lyst ut. Arbeidsgjevar har vidare arbeid med å få med tilsette med deltidstillingar til å omskulere seg gjennom fagbrev på jobb. Frå 2021 til 2022 har det vore svak auke i heiltidsstillingar.

Årstal	Heiltidsstillingar	Deltidsstillingar
2021	334	329
2022	336	295

3.3.7 Avvik


Kommunen gjekk over til nytt avvikssystem 16.09.2022. I samband med denne overgangen vart det gitt opplæring i det nye avvikssystemet til leiarane, som tok det vidare til sine tilsette. I tillegg vart det sendt ut opplæringsvideoar til alle tilsette i kommunen. Alle har tilgang til brukarretteiingar i opplæringsportalen på intranett, og gjennom prosedyre for avvikshandtering i Dokumentbiblioteket.

Avviksmeldingane frå gammalt og nytt system er samanstillt, og resultatata er presentert i figur 11 og 12.



Figur 11 Meldte avvik per tenesteområde i 2022

Helsesektoren har totalt sett ein godt innarbeida kultur for melding av avvik. Samanlikna med dei andre tenesteområda i kommunen kjem dette tydeleg fram i figur 11. Samla sett kan både oppvekstsektoren og dei andre einingane/ tenesteområda i kommunen bli betre på å bruke avvikssystemet meir aktivt når uønska hendingar oppstår, for å unngå eller førebygge at hendingane skjer i framtida.



Figur 12 Meldte avvik totalt og fordeling per avviksområde 2022 (heile kommunen)

Oppsummering og vegen vidare:

Når ein ser på fordelinga mellom avviksområde det blir meldt avvik på, ser ein at det er flest avvik på tenestekvalitet, deretter HMS, og ein liten del av avvika er knytt til personvern og informasjonssikkerheit.

3.3.8 ROS-analyser

Det første verktøyet som vart tatt i bruk som del av det nye kvalitetssystemet i 2022, var verktøy for gjennomføring av risikovurderingar/ ROS-analyser. Dette systemet er kalla Whatif, og er levert av Sikri AS.

I 2022 vart det gjennomført ti ROS-analyser fordelt på ulike tenesteområde i kommunen. Fleire av ROS-analysene vart gjennomført som følgje av meldte avvik og avviksmønster.

Helse og omsorgstenestene starta opp ei felles kvalitetsgruppe som består av representantar frå kvar av einingane i helse og omsorg. I denne kvalitetsgruppa vart det gjennomført to ROS-analyser: Ei analyse knytt til legemiddelhandtering og ei analyse knytt til overgangar mellom kommunale tenester. ROS-analysen for legemiddelhandtering resulterte i ei ny felles prosedyre for legemiddelhandtering i Sykkylven kommune.

I tillegg vart det gjennomført einingsvise ROS-analyser på desse områda:

- Ungdomsskulen og opplæringscenteret – Tema: Fysisk arbeidsmiljø, eleven sitt skulemiljø
- Bu- og rehabiliteringstenestene – Tema: Forsvarleg helsehjelp, ulike tema på HMS-området
- Brann og redning - Tema: Handtering av brannar, trafikkulykker, ekstremver og naturulykker og andre ulykker
- Kommuneleiinga – Tema: Oppdragsbrev 2023

Samtlege ROS-analyser har resultert i tiltak som er nedfelt i handlingsplanar. Desse vert følgt opp i systemet Whatif, der ein har kontinuerleg oversikt over status på tiltak, om dei er pågåande, gjennomført eller forfalt. Risikobiletet kan endre seg etter gjennomførte tiltak, og det er då enkelt å opne ROS-analysene i systemet og jobbe vidare med dei etter kvart som det er behov for dette.

3.3.9 Tenestekvalitet

I 2022 fekk kommunen nytt kvalitetssystem. Det gamle kvalitetssystemet RiskManager vart erstatta av fleire separate modular, som alle er samla i kvalitetssystemet med inngangsportal frå intranett. Nytt kvalitetssystem inneheld følgande modular: Dokumentbibliotek, avviks- og forbettringssystem, risikovurderingssystem, personvernmodul, opplæringsmodul. Dokumentbiblioteket og opplæringsmodulen er bygd opp i sharepoint og utvikla av kommunen sjølv. Dei andre modulane er levert av Sikri AS. Kvalitetssystemet er under stadig utvikling, og fleire modular kan leggest til dersom det skulle oppstå behov for det.

I samband med godkjenning av kvalitetshandboka og overgang til nytt kvalitetssystem vart det oppretta eit kvalitetsutval bestående av ein representant frå kvart tenesteområde. Kvalitetsutvalet si rolle var mellom anna å sikre alle tenesteområda sine interesser i overgangen til nytt kvalitetssystem, og å sette i system måten vi arbeider med tenestekvalitet. Kvalitetsutvalet hadde faste kvartalsvise møte med kommuneleiinga for å forankre utviklingsarbeidet og samkøyre vegen vidare.

Oppretting av kvalitetsgruppe i eller på tvers av einingar var ein del av den systematiske tilnærminga til kvalitetsarbeid. Helse og omsorg var først ut med oppretting av ei kvalitetsgruppe på tvers av alle einingane innan helse- og omsorgstenestene. Tema som kvalitetsgruppa jobba med i 2022 var mellom anna felles prosedyre for legemiddelhandtering, kartlegging og risikovurdering av overgangar mellom kommunale tenester, og ny felles rutine for brukarmedverknad. Evaluering av kvalitetsgruppa har vist at opplegget fungerer godt og har gitt gevinst. Kvalitetsgruppearbeidet for Helse og omsorg held fram i 2023. Kommunen tar også sikte på å opprette kvalitetsgrupper på fleire tenesteområde i 2023.

Det har blitt lagt ned ein del arbeid i å oppdatere Dokumentbiblioteket med nødvendige rutinar og prosedyrar på alle tenesteområde i 2022. Oppdatering av Dokumentbiblioteket er eit kontinuerleg arbeid som vil halde fram i 2023.

3.3.10 Personvern og informasjonssikkerheit

Sykkylven kommune kjøper teneste som personvernombod gjennom IKA Møre og Romsdal. Det har vore sporadisk kontakt mellom kommunen og personvernombodet i 2022. Det vert lagt opp til tettare kontakt og fleire faste møtepunkt i 2023.

Kommunen skal varsle Datatilsynet dersom det har skjedd eit brot på personopplysningssikkerheita og det er sannsynleg at brotet vil medføre ein risiko for den registrerte sine rettar og friheiter. Det vart i 2022 ikkje rapportert inn personvernnavvik i Sykkylven kommune som ga grunnlag for å varsle Datatilsynet.

Oktober månad er sikkerheitsmånaden, med ekstra fokus på personvern og informasjonssikkerheit. Det vart i løpet av oktober 2022 sendt ut 11 e-postar med e-læringskurs til alle tilsette. Tilbakemeldinga på dette opplegget er at dei som har gjennomført e-læringskurs fann det nyttig og bevisstgjerdande, men svarprosenten er relativt lav. Svarprosenten er generelt lav for alle kommunane i Møre og Romsdal som har nytta desse e-læringskurs, og det blir mest truleg eit alternativt opplegg for å nå ut til fleire i 2023.

I 2022 gjekk kommunen over til å bruke Visma Sikker Sak i saker som inneheld sensitive personopplysningar om barn og unge. Overgangen frå Acos Websak til Visma Sikker Sak vart gjennomført fordi Sikker Sak er ei endå sikrere plattform med omsyn til ivaretaking av personvern. Per i dag

har kommunen tatt i bruk Sikker Sak Barnehage, Sikker Sak Skule og Sikker Sak PPT. Sikker Sak har ei arkivkjerne som gjer at saksopplysningar blir arkivert i systemet, og treng ikkje overførast til andre arkiv.

3.3.11 Samfunnssikkerheit og beredskap

Etter koronapandemien som prega 2021 vart 2022 heldigvis eit rolegare år med færre møter i kriseleiinga. Det vart i 2022 sett kriseleiing to gongar. Begge desse møta vart gjennomført i januar, i samband med ekstremveret Gyda. Teknisk eining var på tidleg – både i førebuande fase med konsekvensreducerande tiltak og under forløpet av hendinga. Heimetenestene, BUAS og legevakt gjekk gjennom planverk og førebuingar for ev. straumutfall eller stengde vegar. Ingen alvorlege konsekvensar i vår kommune. Kriseleiinga hadde god dialog med Statforvaltar gjennom jamlege situasjonsrapportar.

Elles var beredskapsåret prega av krigen i Ukraina, og flyktningesituasjonen som følgje av denne. Første månadane var det jamlege møte med statsforvaltar og departement/direktorat. Det vart oppretta ei tverrfagleg koordineringsgruppe som hadde møte kvar/annakvar veke, arbeidet i grunna vart trappa ned frå sommaren. Det omfattande arbeidet med busetting, oppfølging og tilrettelegging av ulike tenester og tiltak har vore koordinert av flyktningetenesta i nært samarbeid med kommunalsjef oppvekst.

Beredskapsrådet hadde møte i juni, der det vart gjennomgått status for dei beredskapsområda kommunen må vere førebudd på. Det var i tillegg ei kort erfaringsdeling om pandemien og flyktningesituasjonen.

6. september hadde Stranda og Sykkylven samøving, med naudetatane brann, helse og politi, og omsorgsberedskapen i dei to kommunane.

Scenarioet var ei trafikkulykke, og øvinga vart gjennomført på kjettingplassen i Velledalen.

Åknes/ Tafjord Beredskap IKS hadde styremøte i mars og representantskapsmøte i juni.

Beredskapsøvinga 2022 i regi av Statsforvaltaren (Fårikål), handla om atomberedskap.

Rutinane for utdeling av JOD-tablettar til aktuelle målgrupper vart oppdatert i 2022.

Omsorgsberedskapsgruppa vart aktivert i seks hendingar i 2022.

3.3.12 Tiltak for å sikre høg etisk standard

Sykkylven kommune har utarbeidd etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde. Desse ligg til grunn for både tilsette og folkevalde si rolleutøving. Gode mellommenneskelege tilhøve, respekt, språk og veremåte som ikkje støyter nokon unødig, er forankra i dei etiske retningslinjene. Retningslinjene er av overordna karakter, og er ikkje detaljerte reglar. Dei hjelper oss til å orientere oss i livet, utvikle samvit og handlar om at vi skal kunne stå for dei vala vi gjer i jobbsituasjonen og i arbeidet som folkevald. Retningslinjene gir rettleiing og klare råd om kva type åtferd som vert forventa av oss, i kva situasjonar. Sykkylven kommune forvaltar midlar til fellesskapet og er avhengig av eit godt omdømme og tillit frå dei som møter oss. Det er viktig at kommunen opptre skikkeleg i all si verksemd. Dei etiske retningslinjene blir derfor ei viktig brikke i kommunen sitt heilskaplege etikkarbeid, der etisk refleksjon skal verte forankra i arbeidskvardagen, både i organisasjonen og politisk. Etikkarbeidet bidreg til betre kvalitet på tenestene. Det bidreg også til å fremme eit godt arbeidsmiljø og stimulerer til jobbengasjement.

3.3.13 HMS

HMS – mål for kommunen

Sjukefråværet skal reduserast med 10 % samanlikna med 2021.

Aktivitetar

IA-utvalet

- Utvalet har hatt 2 møter i 2022.
- Utvalet består av arbeidsgjevarrepresentantar, hovudtillitsvalte, hovudverneombod, NAV Arbeidslivssenter og BHT.
- Det vart utarbeidd nye retningslinjer for IA-utvalet

- Mini-AMU
- Einingsvise møter

- AMU (arbeidsmiljøutvalet)
- Konstituering av nytt Arbeidsmiljøutvalet der medlemmane er endra frå politisk til reint administrativt
- Det vart utarbeidd reglement for Arbeidsmiljøutvalet
- Utvalet har hatt 3 møter i 2022

- Andre aktivitetar, samt fortløpande aktivitetar
- Leiarutvikling knytt til sjukefråværsoppfølging – det vart gjennomført tre leiarsamlingar med fokus på sjukefråvær der NAV lokalt og NAV Arbeidslivssenteret deltok.
- Førebygging
 - Frisktrengingsgrupper, ergonomigrupper, arbeidsplassvurderingar, fleksitidsordning.
- Målingar gjennomført av BHT
 - Hørsel og støy, lys, luft og inneklima

- Sjukefråværsoppfølging, samhandling med NAV og BHT og utprøving.
- Grunnkurs i arbeidsmiljø (40 timar) – to deltakarar
- Internkontroll
 - Årsrapport HMS
 - Sjukefråværsrapport første halvår
 - Årsrapport frå hovudverneombodet
- Vernerunde haust 2022

Registrerte ulykker:

År	Tal ulykker
2013	13
2014	14
2015	19
2015	5
2017	7
2018	7
2019	9
2020	8
2021	14
2022	7

3.3.14 Statlege tilsyn

I 2022 fekk Sykkylven kommune tilsyn frå statsforvaltaren, arbeidstilsynet el-tilsynet og mattilsynet.

3.3.14.1 Tilsyn frå statsforvaltaren

Statsforvaltaren gjennomførte følgjande tilsyn i 2022:

NLM barnehagane AS avd Tryggheim barnehage Sykkylven.

Tema for tilsynet: Dokumentasjon av BASIL post 5010, jf.

økonomiforskriften §§ 2 og 4, jf. barnehageloven § 14a siste ledd.

Resultat: Ingen pålegg, avvik eller merknadar. For fullstendig rapport sjå tilsyn.udir.no

Sykkylven kommune som barnehagemyndigheit.

Tema for tilsynet: Barnehagemyndigheita si rettleiing og tilsyn, jf.

barnehagelova §§ 10 og 53. Resultat: Ingen pålegg, avvik eller merknadar.

Sykkylven kommune – Sykkylven ungdomsskule.

Tema for tilsynet: Kommunen sitt arbeid med å sikre eit godt og trygt skulemiljø, jf. kommunelova § 25-1 og opplæringslova §§ 9a-1 og 9a-2.

Resultat: Statsforvaltaren fann at Sykkylven kommune ikkje hadde eit internkontrollsystem som sikra elevane sin rett til eit trygt og godt skulemiljø. Dei fann også at skulen i all hovudsak gjer det dei skal, både når det gjeld å undersøke og å sette inn tiltak.

Sykkylven kommune fekk to pålegg om retting, dette gjaldt plikta til å undersøke ved mistanke om at ein elev ikkje har eit godt og trygt skulemiljø, og plikta til å sette inn tiltak. Det vart jobba systematisk med oppfyljing av pålegga, og nødvendige endringar vart iverksett. Pålegga vart oppfylt innan fristen, og tilsynet er avslutta.

For fullstendig rapport, sjå tilsynsrapport-sykk-ungskule.pdf (sykkylven.kommune.no)

Bu- og rehabiliteringstenestene

Tema for tilsynet: Kommunen sitt arbeid med å sikre forsvarlege

helsetenester jf helse- og omsorgstenestelova § 4-1. Statsforvaltaren ga ingen formelle pålegg, men følgjer opp kommunen sitt arbeid for å sikre

forsvarlege helsetenester i Bu- og rehabiliteringstenestene. Kommunen har i samband med tilsynet gjennomført ROS-analyse knytt til forsvarleg helsehjelp, og utarbeida tiltaksplan som følgje av ROS-analysen. Tilsynet er pågåande.

3.3.14.2 Tilsyn frå arbeidstilsynet

Arbeidstilsynet gjennomførte følgjande tilsyn i 2022:

Bu- og rehabiliteringstenestene – Klokkerhaugen

Tema for tilsynet: Førbygging av arbeidsrelaterte muskel- og skjelettplager og psykiske plager. Resultat: Arbeidstilsynet fatta vedtak om tre pålegg. Pålegga er knytt til kartlegging og risikovurdering av muskel- og skjelettplager, samt tiltak/ plan for organisering, tilrettelegging og leining av arbeidet ved Klokkerhaugen.

Pålegget om tiltak/plan for organisering, tilrettelegging og leining er oppfylt. Oppfylling av pålegga knytt til førbygging av muskel- og skjelettplager er under arbeid.

NAV

Tema for tilsynet: Førbygging av arbeidsrelaterte muskel- og skjelettplager og psykiske plager. Resultat: Arbeidstilsynet fatta vedtak om fem pålegg. Pålegga er knytt til kartlegging og risikovurderingar, samt organisatoriske forhold som plan for bistand frå BHT lokalt, og val av kommunalt verneombod (NAV har lokalt statleg verneombod). Oppfylling av pålegga er under arbeid.

3.3.14.3 Tilsyn frå mattilsynet

Mattilsynet gjennomførte følgjande tilsyn i 2022:

BUAS Hovudkjøkken

Tema for tilsynet: Næringsmiddelhygiene, reinhald og orden, driftsrutinar. Resultat: BUAS Hovudkjøkken har godt reinhald og orden, gode driftsrutinar og god styring med viktige grunnføresetnadar. Ingen pålegg, avvik eller merknadar.

3.3.14.4 Tilsyn frå el-tilsynet

El-tilsynet gjennomførte tilsyn av elektriske anlegg ved kultureininga, Sørestranda skule, NAV og tekniske tenester.

3.3.15 Forvaltningsrevisjonar

Følgjande einingar var gjenstand for forvaltningsrevisjon i 2022:

- Fellestenestene: Revisjon knytt til innkjøp for heile organisasjonen – på oppdrag frå kontrollutvalet
- Helse og velferd: Revisjon knytt til talet på personar med psykisk utviklingshemming (Møre og Romsdal revisjon)
- Legesenteret: Ekstern økonomirevisjon
- BUAS: Revisjon knytt til vederlagsbetaling (Møre og Romsdal revisjon)
- NAV: Revisjon knytt til system for sosialhjelp, kven godkjenner og utbetaler (Møre og Romsdal revisjon)

3.3.16 Kommunebarometeret

Kommunebarometeret er ei måling som vert publisert av Kommunal Rapport kvart år. Her vert kommunane rangert etter 151 nøkkeltal, på tvers av 12 ulike sektorar.

Kommunebarometeret er ikkje nokon fasit på kvaliteten i kommunale tenester, men gir eit bilete på kor Sykkylven kommune står samanlikna med andre kommunar.

I 2022 kom Sykkylven på 144 plass av landet sine 356 kommunar. Av Møre og Romsdal sine 27 kommunar kom Sykkylven på 12.plass.

Tabell 3 viser oppsummert resultat for Sykkylven kommune i 2022, samt for 2021 og 2020. Tala er henta frå pdf-utgåvene til kommunebarometeret, der tala er korrigert for inntektsnivået til kvar enkelt kommune. Merk at rangeringane i realiteten viser til resultat frå føregående år.

Tabell 3 Sykkylven sine rangeringar i Kommunebarometeret

Sektor	Sektoren si vektning i kommunebarometeret	Rangering 2022	Rangering 2021	Rangering 2020
Rangering		144	78	108
Grunnskule	20 %	210	197	222
Pleie & omsorg	20 %	190	66	105
Barnevern	10 %	236	240	305
Barnehage	10 %	83	212	304
Helse	7,5 %	65	204	165
Sosialtenester	7,5 %	21	7	3
Kultur	2,5 %	304	322	375
Miljø og ressursar	2,5 %	87	43	62
Saksbehandling	2,5 %	258	35	172
Vatn og avløp	2,5 %	42	44	55
Økonomi	10 %	117	233	324
Kostnadsnivå	5 %	89	131	87

For meir detaljert informasjon, sjå [Kommunebarometeret 2022](#).

Kommunebarometeret som forbetningsverktøy. Kommunebarometeret skal nyttast som eit verktøy i forbetring av kommunale tenester. Etter at kommunebarometeret vert publisert i august, går einingane gjennom sine sektorar i kommunebarometeret i dialog med kommuneleiinga, og legg ein plan for kva slags nøkkeltal ein bør jobbe vidare med for å forbetre tenestene.

Nøkkeltala i kommunebarometeret vert tema i styringsdialogane som går føre seg mellom kommuneleiing og einingsleiar i september månad.

4 TENESTEOMRÅDA

Overordna mål for alle tenesteområda

MÅL	<ol style="list-style-type: none">1. ØKONOMI: Innbyggjarane i Sykkylven kommune får gode tenester innanfor det kommunen har av tilgjengelege ressursar2. LIVSKVALITET: Innbyggjarane i Sykkylven opplever god livskvalitet gjennom dagleg meistring.3. KLIMA OG MILJØ: Innbyggjarane i Sykkylven bur i ei kommune som står fram som eit tydeleg førebilete når det gjeld å bidra til positiv utvikling innanfor klima- og miljø
STRATEGI	ØKONOMI 1.1 Vi omstiller drifta i samsvar med prinsippa vedtatt i budsjett 2023. 1.2 Vi etablerer ny organisasjonsstruktur i 2023, med mål om å framleis kunne gje gode tenester til innbyggjarane innanfor det vi har av tilgjengelege ressursar. 1.3 Vi bidrar der vi kan for å stimulere til innflytting og bulyst, samt vekstmoglegheiter for næringsliv.
	LIVSKVALITET 2.1 Vi fokuserer på førebygging, tidleg innsats og folkehelse i alt vi gjer, i tråd med kvalitetsreforma Leve Hele Livet og i samsvar med Sykkylven kommune si heilskaplege innsatstrapp. 2.2 Vi stimulerer til sosiale møteplassar og frivilligheit 2.3 Vi skaper eit mangfaldig samfunn med fokus på likeverd og inkludering
	KLIMA OG MILJØ 3.1 Vi tenker arealeffektivitet og sambruk i alt vi gjer 3.2 Vi praktiserer energisparing, gjenbruk og reduksjon i forbruk 3.3 Vi praktiserer klimavenlege transportval og innkjøp

Desse fellesprosjekta vart peika ut i 2022 for å sikre tverrfagleg innsats mot overordna mål:

Heilskapleg styring i Sykkylven kommune

- MÅL: I 2024 jobbar alle leiarar i Sykkylven kommune etter plan for heilskapleg styring med felles malar og verktøy, og kvar enkelt leiar veit kva som er forventa av dei i samband med verksemdsstyring

Heilskapleg innsatstrapp i alle tenester i Sykkylven kommune

- MÅL: Alle tenestene i Sykkylven kommune ser sitt ansvar i arbeidet med å innarbeide heilskapleg innsatstrapp- tenkinga

Attraktive kommunale barnehagar og skular

- MÅL: Sørestranda skule har 1.klasseelevar ved skulestart hausten 2023. Alle elevar med skyssbehov i Sørestranda krins vel å gå på Sørestranda skule frå og med hausten 2024.
- Fleirtalet av søkjarane ved hovudopptaket 2023 har ein kommunal barnehage som 1. prioritet. Minst 2/3 av søkjarane har ein kommunal barnehage som 1. prioritet frå og med hovudopptaket 2024.

Digitalisere rekrutterings- og tilsettingsprosessen

- MÅL: Forenkla, forbetre og effektivisere prosessen frå rekruttering til tiltreding innan 31.12.2024

Oppdatert standard for nye krav om tilgjengelegheit til nettsider og mobilapplikasjonar skal implementerast i organisasjonen

- MÅL: Alle malar skal bli standardiserte, og det skal utarbeidast regler for utforming av dokument i 2023.
- Tilgjengelighetserklæring skal vere utfylt på alle nettsider Sykkylven kommune eig innan 01.02.2023.
- Alle nettsider Sykkylven kommune eig skal teste mot WCAG standard og oppnå resultat utifrå krevd standard innan 2023.

Oppgradering av Acos WebSak

- MÅL: Acos WebSak blir flytta til drift basert på skyteneste hjå leverandør frå same tidspunkt.
- Oppgradert system skal sørge for at vi jobbar smartare og meir digitalt, samt tar i bruk meir framtidretta tenester i 2023.

Utarbeiding av klimaplan og klimabudsjett

- MÅL: Sykkylven kommune har utarbeida første versjon av klimabudsjett og -rekneskap innan 30.juni 2023.

Ny organisasjonsstruktur

- MÅL: Sykkylven kommune skal etablere ein administrativ modell som sikrar god styring, utvikling og heilskapstenking innanfor det vi har av tilgjengelege ressursar.

4.1 Oppvekst og kultur

BARNEHAGE

Tenestområdet omfattar tre kommunale barnehager i tillegg til kommunal administrasjon for barnehage, minoritetsspråklege barn, barn med nedsett funksjonsevne og barn med rett til spesialpedagogisk hjelp. Desse siste områda inkluderer også barn i private barnehagar. Tenestområdet omfattar også ulike felles satsingsområde for barnehagane, til dømes kompetanseutvikling.

Minoritetsspråklege barn

Utviklinga med stadig større andel minoritetsspråklege barn held fram. I 2022 var 27,7% av barnehagebarna i Sykkylven minoritetsspråklege (ein auke 2,3% samanlikna med året før). Størst andel minoritetsspråklege er det ved Blakstad naturbarnehage (40,0%) og Ullavik barnehage (37,4%).

Talet på barnehagebarn

I desember 2022 var det registrert 325 barnehagebarn i Sykkylven. Dette er på nivå med året før, og alt tyder på at nedgangen i barnetalet no har stoppa opp. Som følgje av nedlegging av to kommunale barnehagar er det knapt 60% som går i ein privat barnehage. Tidlegare var barna om lag likt fordelt mellom private og kommunale barnehagar. Alle som søkte barnehageplass, fekk plass.

Spesialpedagogisk hjelp

Talet på barn med vedtak om spesialpedagogisk hjelp gjekk litt ned i 2022, og i løpet av dei siste par åra har kostnaden blitt redusert med om lag 1,8 million kroner. Kommunen forsøker i større grad å konsentrere hjelpa rundt dei barna som har størst behov, samtidig som ein ønsker å vri den spesialpedagogiske hjelpa frå utstrakt bruk av assistenttimar (ofte

ufaglærte) til meir konsentrert bruk av pedagogar/spesialpedagogar. Innføringa av ordninga med at PPT har faste trefftider ute i barnehagane er blitt svært godt mottatt. Målet er å ha meir fokus på tilrettelegging og systemretta arbeid rundt barn med særskilte behov, slik at behovet for vedtak om spesialpedagogisk hjelp går ned. Såleis kan ein styrke «laget rundt barnet» innanfor det ordinære barnehagetilbodet. Det blir lagt særleg vekt på å auke kompetansen blant personalet i høve barn med språklege vanskar, slik at ein større del av desse utfordringane kan løysast av barnehagane på eiga hand.

Kompetanseutvikling

Fleire av barnehagane er med i den regionale ordninga for kompetanseutvikling (ReKomp). Dette er ein modell for barnehagebasert kompetanseutvikling der heile personalet er involvert, med Høgskulen i Volda som fagleg samarbeidspartar. Barnehagane vel sjølve kva tema dei ønsker å ha hovudfokus på. Samtidig vert det jobba med implementering av BTI/BTS-modellen (Betre Tverrfagleg Innsats/Samhandling) og Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis. Målet er både å styrke det førebyggjande arbeidet og sikre betre samordning mellom tenestene i oppvekstsektoren.

Redusert foreldrebetaling

Ordninga med redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid er svært viktig for familiar med låg betalingsevne. I 2022 var det 47 barnehagebarn (ca 15%) som hadde rett på reduksjon i betalinga. Dette hadde ein kostnad på drøye 1,1 million kroner. Dei siste par åra har tendensen vist ein svak nedgang i behovet.

Foreldreundersøking

Seinhausten 2022 gjennomførte dei kommunale barnehagane ei stor foreldreundersøking. Dei nyttar eit standard skjema frå

Utdanningsdirektoratet der foreldre/føresette får høve til å seie si meining om barnehagane på ei rekkje ulike område. Det er om lag 30 spørsmål som m.a. er knytt til relasjon mellom barn/vaksen, barnets trivsel, barnets utvikling, informasjon, medverknad, henting/levering og ute-/innemiljø. Foreldre/føresette får gi ein skåre frå 1 til 5 på kvart spørsmål. Målinga vert gjennomført annakvart år, og resultatet i 2022 synte at den samla gjennomsnittlege tilfredsheita med dei kommunale barnehagane er den høgaste sidan målingane starta.

Tilsyn frå Statsforvaltaren

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjennomførte i 2022 tilsyn med Sykkylven kommune som barnehagemyndigheit. Temaet for tilsynet var barnehagemyndigheita si rettleiing og tilsyn. Statsforvaltaren fann ingen regelverksbrot og konkluderte med at kommunen oppfyller regelverket på dette området.

SKULE

Området omfatta i 2022 fire kommunale barneskular, ein ungdomsskule og eitt opplæringsssenter m/vaksenopplæring. Kommunen har også økonomisk ansvar for spes.ped. og skuleskyss på dei to friskulane.

Bygging av ny sentrumsskule, Aure barneskule, har hatt fullt fokus i 2022. Arbeidet starta opp i november 2021, og skulen er planlagt ferdig i oktober 2023. I løpet av 2022 har arbeidet gått på skinner, og både framdrift og kostnader har vore under kontroll.

Talet på elevar

Dei kommunale skulane har totalt 819 elevar pr. 1. oktober 2022 (GSI). Dette er ein nedgang på ca. 40 elevar frå året før. 511 elevar gjekk på 1.-7.

trinn og 308 elevar på 8.-10. trinn. Til samanlikning gjekk 78 elevar på Velledalen Montessoriskule og 41 elevar på Hundeidvik privatskule.

Utviklingsarbeid

For perioden 2019-2023 gir "[Strategiplan for skuleeigar – Sykkylven kommune](#)" tydelege rammer for kvalitetsarbeidet i grunnskulen og ansvarsfordelinga for alle nivå i det kommunale systemet. Den har også ein tiltaksdel som legg føringar for korleis skuleeigar, skuleleiar og undervisningspersonalet skal følgje opp strategiar for å nå hovudmålet: *Sykkylvsskulen gir barn og unge skaparglede og lærelyst for framtida gjennom god kvalitet i opplæringa i eit inkluderande, trygt miljø for alle.* Fagfornyninga, med innføring av ny læreplan frå hausten 2020, har også dette året vore sentralt i arbeidet ved skulane. Også ny rammeplan for SFO skal implementerast for barneskulane.

Trygt og godt skulemiljø

Alle elevar skal ha eit trygt og godt skulemiljø. Sykkylven kommune er ein MOT-kommune, og det meste av dette arbeidet går føre seg på ungdomstrinnet. Den årlege elevundersøkinga på 7. og 10. trinn viser at dei aller fleste elevane har det trygt og godt på skulen, men at det også er elevar som har utfordringar. Tverrfagleg samarbeid på dette området er viktig, dette gjeld t.d. samarbeid med PPT, barnevernet og helsetenesta. Den nye BTI-rettleiaren er viktig i dette arbeidet, og implementering av dette systemet er ei prioritert oppgåve.

Tilsyn frå Statsforvaltaren

Statsforvaltaren hadde våren 2022 tilsyn med Sykkylven kommune og Sykkylven ungdomsskule sitt arbeid med å sikre elevane eit trygt og godt skulemiljø. Kommunen fekk i tilsynet ein del pålegg om å gjere forbetringar i systemet – spesielt knytt til internkontroll.

Kommunen og skulen har svart ut dei pålegga som statsforvaltaren kom med, gjort nødvendige endringar og rapportert tilbake til Statsforvaltaren. På dette grunnlaget finn Statsforvaltaren at kommunen har retta på dei pålegga som vart gitt, og avslutta tilsynet.

Kompetanseheving

Kommunen kan i utgangspunktet tilby kompetanseheving innanfor ulike ordningar; Kompetanse for Kvalitet-ordninga til Utdanningsdirektoratet, søknad om utdannings- og rekrutteringsstipend for PPU/PPU-Y, rektorutdanning, lærarspesialistutdanning og Kompetanse Norge sine tilbod, i tillegg til lærlingordningar. 10 lærarar deltek t.d. dette skuleåret på ordninga «Kompetanse for kvalitet». Dette tilfører kommunen over 1 million i støtte til vikarar for dei som tar utdanning.

BARNE- OG FAMILIETENESTENE

Eininga femner om fleire viktige tenester for barn og familiar; barnevern, PPT, helsestasjon og Flyktingtenesta. Tenestene har ulikt lovverk, men arbeider hovudsakleg opp mot same målgruppe.

Felles fagdagar for alle tilsette i eininga har vore svært nyttig med tanke på tverrfagleg samarbeid. Eininga har dette året hatt eit sterkt fokus på implementering av oppvekstreforma/ barnevernsreforma, som m.a. inneheld ei tydeleg ansvarsoverføring til kommunane. Dette er spesielt krevjande sidan det ikkje følgjer tilstrekkeleg med midlar til reforma.

PPT står m.a. ansvarleg for gjennomføring av kompetansetiltak innan organisasjonsutvikling i fleire barnehagar, der målet mellom anna er å heve kvaliteten på det ordinære tilbodet gjennom kompetanseheving av personalet i barnehagane. Tenesta har elles trefftid ute på einingane.

Barneverntenesta hadde i 2022 – i tillegg til oppvekstreforma - fokus på kjerneoppgåvene, som mottak av meldingar, gjennomføring av undersøkingar og tiltaksarbeid. Oppfølging av born og unge i fosterheim og på institusjon er og eit prioritert arbeid.

Helsestasjonen følgjer anbefalt helsestasjonsprogram i nasjonalfaglege retningslinjer. I tillegg har ein fokus på foreldrerettlegg og tilbyr COS-gruppe både på dagtid og kveldstid.

Flyktingtenesta har opplevd ei svært spesielt år, med mottak av om lag 80 flyktingar – hovudsakleg frå Ukraina. Takka vere stor innsats og godt samarbeid med både opplæringscenteret, NAV og frivillige organisasjonar ser dette arbeidet ut til å ha gått svært bra.

KULTUROMRÅDET

Kulturområdet dekkjer kulturadministrasjon, bibliotek, kulturskule, idrett og friluftsliv samt folkehelse. Dei har også ansvar for drift av fleire kulturbygg i kommunen.

Aktivitet og tenester innan området har i 2022 vore delvis påverka av etterverknader av pandemien. Dette gjeld t.d. kulturskuletilbodet og interessa for å delta på kulturtilbod som t.d. kino og andre arrangement. Heldigvis ser det på slutten av 2022 ut til at ein opplever positive tendensar i deltaking.

4.1.1 Barnehagane:

Oversikt løyvingar	Rekneskap	Endeleg budsjett	Avvik	Rekneskap
Budsjettområde	2022	2022	2022	2021
Barnehage				
BARNEHAGEADM	8 497 494	10 410 902		9 713 511
VIK BARNEHAGE	199 743	-		1 908 190
TANDSTAD BARNEHAGE	907 253	1 406 047		2 118 602
BLAKSTAD BARNEHAGE	4 414 362	4 498 158		4 423 052
ULLAVIK BARNEHAGE	6 516 867	6 799 413		6 302 983
VIKEDALEN BARNEHAGE	8 085 115	8 389 005		7 845 758
PRIVATE BARNEHAGAR	30 826 769	27 505 500		29 189 276
SUM	59 447 603	59 009 025	438 578	61 501 372

4.1.2 Blakstad naturbarnehage

Blakstad naturbarnehage	Årsverk	Tilsette	Sjukefråvær i %
2021	7,5	9	6,8
2022	9,4	12	14,3

Viktige innsatsområde og resultat for året som gjekk

Det har vore ei stor utfordring med mange sjukmeldte grunna Covid 19 og store problem med å få vikarar. Heldigvis har barnehagen eit svært fleksibelt personale, så dei har bytta vakter og samla begge avdelingane i lengre periodar på nokre dagar.

Av viktige satsingsområde trekker barnehagen sjølv fram Solid Start Sykkylven, minoritetsspråkleg opplæring, sunne matvanar i barnehagen og arbeidet med trafiksikker kommune. Barnehagen er godt nøgd med bruken av dei minoritesspråklege midlane i høve eit barn, og ser stor framgang på det området. Einingane oppgir elles å ha jobba godt med systemarbeid, og har endra heile situasjonen frå mykje uro på avdelinga til å jobbe i mindre grupper med kvar sin vaksen. Borna trivast betre og får eit betre leike- og læringsmiljø.

Moglegheiter og utfordringar framover

Av utfordringar peikar eininga på stramt driftsbudsjett og høgt sjukefråvær, og er opptatt av å finne gode alternativ til å løyse oppgåvene innanfor dei rammene dei har. Ikkje minst gjeld dette i å få ned sjukefråværet.

4.1.3 Ullavik barnehage

Ullavik barnehage	Årsverk	Tilsette	Sjukefråvær i %
2021	12	15	20,6
2022	11	13	9,8

Viktige innsatsområde og resultat for året som gjekk

I starten av året hadde barnehagen eit høgt sjukefråver som heilt klart gjekk ut over kvaliteten. Fleire tilsette var langtidssjukmeldte. Den aller største utfordringa var det pandemien som ga oss. Då måtte dei både ha reduserte opningstider og stenge enkelte avdelingar nokre dagar. I løpet av våren har det vore tett dialog med dei langtidssjukmeldte, og mange av utfordringane har blitt løyst ved at fleire av desse no er over på AAP heilt eller delvis. Dette har ført til at barnhagen har fått inn fast tilsette.

Barnehagen har over 40% minoritetsspråklege barn. Det viktigaste satsingsområdet er at alle barn skal ha ei god språkutvikling, slik at dei er godt rusta ved skulestart. Elles trekkjer eininga fram Solid Start sitt viktige arbeid knytt til motorisk trening og fysisk aktivitet som grunnlag for vidare læring.

Brukarundersøkinga viser også at barna trivst, er trygge og har gode relasjonar til dei vaksne. Rekneskapen viser elles at eininga held seg innanfor budsjettet, noko som er svært viktig. Det er ikkje til å legge skjul på at budsjettåret har vore utfordrande.

Moglegheiter og utfordringar framover

Ullavik barnehage har vore ein populær barnehage å søkje seg inn i for familiar i sentrum. Det ynskjer dei å vere i framtida også. Dei siste åra har fødselstala vore lave, og barnhagane må «konkurrere» om barna. Vi må

derfor levere tenester med god kvalitet. Til hausten vil kommunen utvide barnehagen med ei avdeling oppe på Ullavik skule. Når skulen blir lagt ned, får dermed barnehagen eit endå større uteområde å boltre seg på.

Omorganiseringa i kommunen er og utfordrande. Dei tilsette i barnehagane skal nok ein gong gjennom ein vår med usikkerheit. Det har vore tøft i fleire år.

4.1.4 Vikedalen barnehage

Vikedalen barnehage	Årsverk	Tilsette	Sjukefråvær i %
2021	15	17	14,4
2022	14	16	15,3

Viktige innsatsområde og resultat for året som gjekk

Eininga ligg framleis på eit høgt nivå når det gjeld sjukefråvær. Dette er ei kvalitetsmessig utfordring som dei er klare over, men som det er vanskeleg å få gjort noko med på kort sikt. Måten å løyse det på er å ha eit godt systemarbeid, noko som betrar kvaliteten i kvardagen og det vert lettare for vikarar å kome inn og for personalet å gå mellom avdelingane.

Eininga trekker fram at relasjonar er livets viktigaste prosjekt, og at dei jobbar målretta for å vidareutvikle relasjonskompetansen hos alle partar i barnehagesamfunnet.

Brukarundersøkinga ga eit snitt der ingen av hovudområda kom under 4,5 av 5 poeng. Samla sett fekk barnehagen eit snitt på 4,8 av 5. To studiedagar med Jan Spurkeland ga eit ytterlegare løft i arbeidet med Relasjonskompetanse som er og har vore vårt viktigaste prosjekt i fleire

år. Barnehagen er trygge på at dette arbeidet har vore ein viktig bidragsytar til at dei få ein så god skår på brukarundersøkinga.

Moglegheiter og utfordringar framover

Når det kjem til utfordringar så er det to område som peikar seg ut; det eine er dei økonomiske rammene og det andre er det høge sjukefråværet.

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA – UTDRAK AV SVAR FRÅ BARNEHAGANE

Økonomi:

- Vi tilpassar drifta etter budsjett 2023: innkjøp og vikarbruk, prøver å få ned sjukefråvær
- Fleksible personale, byter vakter for å unngå vikarbruk så langt som mogleg.
- Barnehagen leverer gode tenester til brukarane, det kan stimulere til bulyst i utkantane at her er ein god barnehage i nærområdet.
- Vi må optimalisere drifta til ei kvar tid ved barnehagen. Skjer det endringar må vi styre deretter. Likevel kan det vere lurt å ha ledige plassar i kommunale barnehagar med tanke på å forebygge at barn får plass i ein privat barnehage. (Dette er ein vanskeleg balansegang)
- Ha god økonomistyring heile året. Det er viktig at vi held vedtekne rammer. Vi treng gode verktøy for å ha oversikt over rekneskapen.
- Det spesialpedagogiske arbeidet i barnehagen kan optimaliserast. Ved tildelt ressurs til enkeltbarn, er det viktig å legge til rette for at fleire barn kan få hjelp.
- Vi skal heile tida sikre at vi har ei optimalisert drift, og vil gjere endringar fortløpande dersom vi ser at det må gjerast justeringar. Spesielt vil dette vere aktuelt rundt opptaket.
- Vi utviklar systemarbeidet vidare slik at vi får ei ytterlegare dreining av den spesialpedagogiske innsatsen frå individ til gruppe. Det vil bidra til at vi nyttar dei økonomiske rammene på ein best mogleg måte.

Sosiale forhold:

- Vi arrangerer FN-kafe og sommaravslutning, foreldremøter og dugnader. Sosialt og samlande for brukarane av barnehagen.
- Bygda/krisen får nytte barnehagen til å arrangere 17.mai-frukost
- Barnehagen jobbar mykje med sosial kompetanse, og er opptekne av å formidle at alle er like mykje verd.
- Vi jobbar mykje med språk, då vi har ein stor del av borna med annan språkbakgrunn enn norsk. Det å kunne forstå og å gjere seg forstått er viktig for inkludering.
- Vi implementerer BTI i barnehagen
- Vi vil vere ein aktiv bidragsyter i samfunnet gjennom eit godt samarbeid med NAV, BYRG, BRISK og Flyktningkontoret, m.a. for å gi folk som er i ferd med å falle utanfor eit tilbod. På same måten skal vi vere opne for å ta imot elevar og studentar i praksis.
- Solid Start Sykkylven skal vere eit berande element i kvardagen i barnehagen for å sikre tidleg innsats, god folkehelse og bidra til at Leve Hele Livet vert følgt opp i praksis i barnehagen

Klima og miljø:

- Vi har senka temperatur og ventilasjonsanlegg avslått på kveld/natt
- Vi tenker gjenbruk, redusere svinn (både når det gjeld mat og anna)
- Brukar naturmateriale og anna kostnadsfritt materiale.
- Vi nyttar offentleg transport så langt det let seg gjere.
- Vi handlar i stort, nyttar anbudsavtalane vi har i kommunen.
- Barnehagen skal bidra til at barna får oppleve naturen som arena for leik og læring , og samtidig lære å ta vare på naturen rundt oss. Vi tek med posar på tur, slik vi kan plukke med oss rusk vi finn langs med. (Vi er med på RUSKEN-aksjonen kvart år.) I tillegg har vi dugnad i barnehagen for tilsette, barn og foreldra, for å ta vare på barnehagen vår.
- Vi bruker lite transport for å kome oss ut på aktivitetar i nærområdet. Dei gongane vi bruker buss, samkøyrer vi ofte med andre
- Vi jobbar aktivt for å redusere matsvinnet og å forbetre kildesorteringa.

4.1.5 Grunnskulane og SFO:

Oversikt løyvingar	Rekneskap	Endeleg budsjett	Avvik	Rekneskap
Budsjettområde	2022	2022	2022	2021
AURE SKULE	16 142 844	16 468 431		15 959 614
SØRESTRANDA SKULE	14 912 241	14 443 954		14 763 261
ULLAVIK SKULE	14 791 226	14 525 209		14 836 146
VIK SKULE	11 986 580	12 690 593		11 871 199
UNGDOMSSKULE OG VAKSENOPPLÆRING	32 887 701	33 619 065		34 386 486
FELLES FOR SKULANE	12 463 540	8 094 466		8 800 389
BARNE- OG FAMILIETENESTER	41 266 047	41 342 952		15 800
SUM	144 450 179	141 184 670	3 265 509	100 632 895

4.1.6 Aure skule/SFO

Aure skule og SFO	Årsverk	Tilsette	Sjukefråvær i %
2021	25,1	28	14,5
2022	22,5	26	12,8

Viktige innsatsområde og resultat for året som gjekk

Ei større innsparing på budsjettet midt i skuleåret førte til store utfordringar med organisering/tilrettelegging av tenestene ved eininga, men dei kom i mål med ei intern omorganisering av ressursar på eininga. Eininga har lagt stor vekt på bevisst arbeid med trivsel/ relasjonar/samarbeid, og meiner at dei ved dette har handtert komplekse utfordringar på ein god måte.

Eininga er elles opptatt av å ha fokus på praksis og å sette av nok tid til utviklingsarbeid, t.d. ved å jobbe med kompetansepakkane som Utdanningsdirektoratet har utarbeidd. Som ledd i Dekomp-satsinga ar skulen sett av tid til å utvikle meir inkluderande praksis i alle fag, og ikkje minst ha søkelys på det spesialpedagogiske arbeidet.

Moglegheiter og utfordringar framover

Når det gjeld mogelegheiter framover, så peikar eininga på dette å jobbe for betre samarbeidskultur/ delingskultur på eininga og mellom einingar i kommunen.

Når det gjeld utfordringar, så er det viktig å vere trygge leiarar og kunne støtte dei tilsette i endrings- og omstillingsprosessen kommunen står.

4.1.7 Sørestranda skule/SFO

Sørestranda skule og SFO	Årsverk	Tilsette	Sjukefråvær i %
2021	22,9	27	7,1
2022	20,6	24	9,5

Viktige innsatsområde og resultat for året som gjekk

Nedbemanning og innsparing har ført til mykje usikkerheit i personalgruppa, og motivasjonen har nok gått litt i bølgedalar. Eininga har arbeidd kontinuerleg med dette over fleire år. Det er likevel eit godt arbeidsmiljø på eininga, men stor usikkerheit fører tidvis med seg litt uryddig kommunikasjon og behov for å verne om seg sjølv.

Moglegheiter og utfordringar framover

Eininga ser det som viktig å fokusere på eit godt arbeidsmiljø, etter lang tid med ustabilitet i leiinga - i kombinasjon med koronasituasjonen. Dei har hatt stort fokus på den sosiale delen, og det å bygge oppatt det gode miljøet i personalgruppa. I samarbeid med teamleiarane har dei laga eit årshjul for små og store sosiale arrangement, der alle vart inkludert i planlegging og gjennomføring. Dette vart godt motteke av personalgruppa.

Omstilling er både spennande og skremmande på same tid. Skulen står no midt inne i ein prosess knytt til å utvikle kva for satsingsområde Sørestranda skal stå for. Kva er vi gode på som vi kan bli endå betre til? Skulen er med i ei prosjektgruppe knytt til attraktive kommunale skular og barnehagar, og det er viktig for skulen å markedsføre seg og sikre elevgrunnlaget for åra framover. Skulen har eit klart mål om å vere den føretrekte skulen for elevar som er busett i skulekrinsen.

4.1.8 Ullavik skule/SFO

Ullavik skule og SFO	Årsverk	Tilsette	Sjukefråvær i %
2021	24,9	31	7,2
2022	25,3	31	5,8

Viktige innsatsområde og resultat for året som gjekk

Eininga har hatt stort fokus på fagleg inkludering som del av den kommunale kompetansehevinga. Innføring av eit trygt saksbehandlingssystem (Visma Sikker Sak) for elevsaker har også vore viktig. Og ikkje minst dette med arbeid i kollegiet i forhold til å ta i bruk ein ny sentrumsskule.

Eininga legg vekt på fleire døme på tilrettelegging og inkludering av elevar med særskilde behov, der heile skulen famnar om desse. Dette har vore ein bevisst strategi som bygger på skulen sitt samla elevsyn. Dei har også lykkast i å få heile undervisningspersonalet til å arbeide breitt og samla med eleven sine faglege og sosiale behov i alle fag gjennom fagleg inkludering.

4.1.9 Vik skule/SFO

Vik skule og SFO	Årsverk	Tilsette	Sjukefråvær i %
2021	18,4	19	5,9
2022	19,5	20	4,7

Viktige innsatsområde og resultat for året som gjekk

Største utfordringa i 2022 har nok vore inntak av flyktningar utan at skulen har fått tilførte midlar i særleg grad. Dette har heldigvis kommunen endra praksis på i 2023.

Når det gjeld det pedagogiske fokuset, så har dette i hovudsak vore knytt til utvikling av profesjonsfellesskapet med kollegaobservasjon som metode. Elles er Vik skule opptatt av at alle skal ha høg trivsel på jobb, og dei prøver derfor å ha meir fokus på nærver enn på fråver.

Moglegheiter og utfordringar framover

Eininga er elles opptatt av trygg økonomisk styring, og at dei heldt budsjetttramma og har lavt sjukefråver.

4.1.10 Sykkylven ungdomsskule og opplæringscenter (vaksenopplæring)

Sykkylven ungdomsskule og opplæringscenter	Årsverk	Tilsette	Sjukefråvær i %
2021	54,4	58	11,3
2022	48,9	53	10,6

Viktige innsatsområde og resultat for året som gjekk

Ungdomsskulen har eit nært samarbeid med Sykkylven vidaregåande knytt til vurdering utan prøver og programmering/valfag. Dei har også samarbeid med SNU/Industrilaget om robot-tilbod på ungdomsskulen og tilbod om å få opplæring av personalet frå vidaregåande. Skulen har prosjektstillingar knytt til LOS-ordninga for å forhindre skulefråver. Viktig

med fokus på dette framover saman med barnehage/barneskule for å sikre overgangane og vere obs på tidlege teikn. Ungdomsskulen må også halde oppe trykket på arbeidet mot mobbing sjølv om dei no har lave mobbetal. Det er trendar i tida t.d. problemstillingar knytt til Tik Tok/nettmobbing som ein også ser på ungdomsskulen.

Når det gjeld kompetanse, så er eininga opptatt av at fleire i personalet bør ta vidareutdanning norsk for framandspråklege. Sjølv om eininga har mykje av denne kompetansen på Opplæringscenteret, må ein ha fleire, slik ein får eit fagmiljø som kan samarbeide på tvers av avdelingane.

Det er kjøpt inn nye læreverk i matematikk, samfunnsfag, KRLE, samt engelsk til 10.klasse. I norsk og spansk har dei allereie eit ganske nye verk. Dette er kombinert med digitale lisensar i Skolestudio. Eininga held fram å jobbe med fagfornyninga og modulplanar i alle fag.

Som følgje av flyktnings situasjonen har opplæringscenteret tatt imot svært mange nye elevar i 2022 - ca 40 ukrainarar i hausthalvåret, fordelt på 3 klasser Ein stor del av personalet tar vidareutdanning i norsk som andrespråk og spes.ped. via ordningane til KFK og Kompetanse Norge. Eininga har med andre ord eit svært kompetent personale.

Skuledagen for flyktingane er på mange måtar ein positiv fristad og viktig sosial arena. Personalet som tek imot elevane kvar dag gjer ein stor innsats, ikkje berre i å undervise i norsk, men også eit viktig integreringsarbeid. Til saman har avdelinga ca 100 elevar hausten 2022. Dette er ei lita avdeling med få tilsette, men likevel kan det være noko å lære av i til dømes organisering av spesialundervisning eller særskilt norskopplæring elles i grunnskulen. Det er derfor viktig med eit tettare samarbeid mellom opplæringscenteret og ungdomsskulen, for å skape ein meir robust og fleksibel organisasjon.

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA – UTDRAG AV SVARA FRÅ SKULANE

Økonomi

- Vi justerer utgiftene/driften på eininga kontinuerleg for å drive berekraftig
- Fokus på å drive så effektivt som mogleg (kontinuerleg vurdering)
- Samordnar/effektiviserer spesialpedagogiske tiltak og særskilt språkopplæring
- Vi framhevar/deler det positive som skjer ved skulen gjennom å bruke sosiale media/lokalavisa til å synleggjere kva vi gjer og på den måten framsnakkar vi skulen vår
- Godt samarbeid med PPT, flyktingetenesta, NAV og andre instansar
- Vi er kreative når det gjeld søking på tilskot og ulike ordningar
- Vi vil vere samfunnsbyggerar, drive utadretta prosjekt og bidra til omdømmebygging

- Regelmessig evaluering/ justering av tiltak i nært samarbeid med PPT, helsesjukepleier, barnevernstenesta og flyktingtenesta. Brukar fagteam systematisk gjennom heile skuleåret.

Sosiale forhold

- Vi jobbar med å skape eit trygt og godt skulemiljø for elevane
- Vi har eit godt system for førebygging/oppfølging der vi har fokus på tidlig innsats og å sjå den enkelte eleven
- Vi samarbeider med FAU for å skape trygge sosiale arenaer for barna/familiane
- Vi samarbeider med andre instansar for å styrke minoritetsspråklege elevar/familiar -Samarbeid med leksegruppe for minoritetsspråklege elevar (Redd barna, Flyktingtenesta og Sykkylven bibliotek)
- Vi har fokus på 'gratisprinsippet' i skulen. Dette er viktig for å inkludere alle.
- Psykisk helse som tema i årshjulet for elevane på alle nivå
- Aktiv bruk av og samarbeid med helsesjukepleiar som er tilstades fleire dagar pr veke
- Livsmestring er eit overordna tema i læreplanen for både skulen og vaksenopplæringa
- Vi satsar på alternative opplæringsarenaer t.d. uteskule/gardsskule
- Skulen som møteplass; elevkveld med framsyning for foreldre, foreldrekveldar med aktuelle tema, internasjonal fest for bygdefolket, samarbeid om uformelle møteplassar med frivillige og organisasjonar
- LOS- funksjon med fokus på førebygging og oppfølging av skulefråver
- MOT-kommune; bygge robust og inkluderande ungdom, god og tett oppfølging til alle elevar og heimar, eit godt og trygt skulemiljø er alltid overordna prinsipp.
- BTI-modellen vert gjort kjent for heile personalgruppa, og vil styrke og forhåpentlegvis effektivisere det tverrfaglege samarbeidet knytt opp mot våre elevar for å betre kunne legge til rette for fagleg inkludering

Klima og miljø

- Vi brukar lokala vi disponerer på ein effektiv måte
- Utlån av lokalar til sosiale tiltak/private arrangement
- Vi har fokus på miljø og berekraft i dagleg drift
- Pedagogiske opplegg for elevane om klima, miljø, gjenbruk og berekraft
- Vi legg til rette for kjeldesortering på eininga
- Vi er bevisste på innkjøp gjennom å samle opp til større bestillingar
- Elevane og personalet deltek aktivt i miljødugnadar som "batterijakten", "skyll, brett, stapp", "Ruskenaksjonen" og kjeldesortering av avfall. Skulen har egne dunkar for dei ulike sorteringane i klasserom og fellesareal.
- Vi sykklar/går til ulike arrangement og aktivitetar så langt som råd. Oppfordrar elevar til å gå/sykle til og frå skulen.

4.1.11 Barne- og familietenestene

Barne- og familietenestene	Årsverk	Tilsette	Sjukefråvær i %
2021	28,6	33	9,3
2022	33	36	8

Viktige innsatsområde og resultat for året som gikk

Største utfordringa i 2022 har vore knytt til implementering av barnevernsreform/oppvekstreform. Sidan kommunane ikkje får tilført ressursar i samsvar med auka ansvar, må endring skje internt. Fokuset har vore på arbeidet med å etablere familiestøtte i tråd med prinsipp om tidleg innsats og førebygging. Stor saksmengd på alle nivå og manglande kompetanse (t.d. psykisk helse) og trange lokale (forsinka prosess), har medført at ein framleis er på planleggingsnivå.

Elles har det vore stort fokus på å implementere BTI-modellen i lag med heile oppvekstområdet. Ein er godt i gang og rammeverket er klart, men det gjenstår ein del på kulturbygging og etablering av gode rutinar i dei ulike nivåa.

Eininga har også arbeidd mykje med eit interkommunalt prosjekt i lag med Helse Møre og Romsdal og BUP i høve samhandlingsforløp om barn og unge sine helsetenester. Her er det omfattande kartlegging i alle tenester som arbeider mot målgruppa, med mål om rolleavklaring og plassering av ansvar. Dette skal munne ut i konkrete forløp i dei ulike diagnosane og avklaring av forventning/ansvar mellom kommune og spesialisthelseteneste.

Barnevernet har tatt over statlege oppgåver i høve fosterheimsarbeid. Oppgåvene er implementert, men auka kostnadsnivå medfører utfordringar, m.a. knytt til kompetanseheving i eigne hjelpetiltak. Det har vore noko lågare tal på meldingar, men sakene er langt meir alvorlege og komplekse enn før, og ein større del av sakene gjeld vold.

Det har som alle veit vore ein stor auke i busetting av flyktningar. Kommunen har tatt i mot og busett omlag 80 stk. Dette har vore ein krevjande, men vellukka prosess. Det er etablert godt samarbeid med frivillige organisasjonar og biblioteket om aktivitetar som leksehjelp, språkkafe og svømmeopplæring. Det er sett i gang ICDP foreldrerettleggingskurs for alle flyktningar med barn i samarbeid med

PPT har etablert faste trefftider i skular og barnehagar, og det er etablert spes.ped-team i samarbeid med skulane. Det er eit stort fokus på systemarbeid og rutinar, samt på tidleg innsats og tidlege tiltak

Helsestasjonen har undervisning i psykisk helse for 8. trinn. Det er svært stor pågang i trefftider både på barneskule, ungdomskule og vidaregåande skule, og vi snakkar om svært komplekse saker. Helsestasjonen har snart fullført kompetanseheving for å bli ammekyndig helsestasjon, og det blir gitt COS-P kurs til alle nybakte foreldre (foreldreveiledning) på dagtid, og tilbod til alle foreldre på kveldstid.

Moglegheiter og utfordringar framover

Både denne eininga og andre einingar som arbeider med barn og unge, melder om eit stort behov for ein eigen psykolog for denne gruppa. Det er derfor lyst etter psykolog for barn og unge, og dette heng også saman med ønsket om å vidareføre samarbeidet mellom PPT og fylkeskommunen om kjøp av lokale tenester.

Barneverntenesta prøver også ut ei ny organisering der ein går frå generalistmodell til spesialistmodell. Tanken er at noko meir avgrensa arbeidsområde for den enkelte, kan betre arbeidssituasjonen og reduserer sjukefråværet.

Nye Aure barneskule blir ein viktig arena også for denne barne- og familietenestene, ikkje minst med bakgrunn i etablering av ei eiga ressursavdeling.

Ooppvekstreforma/barnevernsreforma stiller store krav og fører til auka kostnader på mange tiltak. Eit aukande skulefråvær fører til stor pågang i skulefråvæsteamet og krev meir kompetanse på psykisk helse og lette/moderate plager. Høg busetting og integrering/oppfølging av relativt mange flyktningar er krevjande framover.

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA – UTDRAG AV SVAR FRÅ EININGA

Økonomi

- Vurdere/evaluere nivå og varigheit på tiltak
- Ha fokus på kontinuerleg kostnadskontroll
- Prioritere rett kompetanse - kompetanse psykisk helse barn og unge, rett hjelp til rett tid
- Redusere kjøp av eksterne tenester
- Vidareutdanne og kompetanseheve tilsette
- Markedsføring/info om tilbod til småbarnsfamiliar, t.d. barsegruppe, foreldreveiledning

Sosiale forhold

- Bidra til å implementere BTI-modell i heile organisasjonen
- Vidareføre eksisterande førebyggjande tiltak og ev. vurdere nye tiltak innan gjeldande ramme
- Bidra til uformelle møteplassar - samarbeidsavtalar med frivillige organisasjonar
- Individtilpassa tilnærming i alle tenester - tolk, fysisk tilrettelegging, brukar/barnet si stemme - fokus på lavinntektstfamiliar/barnefattigdom

Klima og miljø

- Sambruk/tilgjengeleg oversikt over kontor som er mellombels disponible (har pr. i dag for få kontor).
- Auka fokus/bevisstgjerung ved innkjøp og straumsparing
- Samle opp til større bestillingar
- Slå av lys i rom som ikkje blir nytta, skru ned varme helg og feriar
- Redusere køyring så langt råd, bevisstgjerung/samkøyring

4.1.12 Kultureininga

Oversikt løyvingar	Rekneskap	Endeleg budsjett	Avvik	Rekneskap
Budsjettområde	2022	2022	2022	2021
KULTUR	10 741 837	10 640 093		11 792 563
SUM	10 741 837	10 640 093	101 744	11 792 563

Kultureininga	Årsverk	Tilsette	Sjukefråvær i %
2021	10	23	2
2022	10,1	23	3,2

Viktige innsatsområde og resultat for året som gjekk

Vi hadde eit vikariat i stillinga som Fagleiar for idrett og folkehelse, som varte i vel 8 mnd., så vart stillinga ståande vakant. Derfor vart 3-4 mnd utan funksjon i denne stillinga. Det var utfordrande og måtte løysast internt. Stillinga er framleis vakant. Arbeidsoppgåver er løyst internt, utsett eller sett på vent.

Kinodrifta var god og aktiv heile året. I periodar godt besøk, andre periodar lågare. Besøkstala auka med 22% - omtrent på landsnittet. Men vi er ikkje tilbake der vi var før pandemien. Ca 4900 billetter vart seld i 2022. Vi må nok opp på 6000 billetter for å kome opp i ei normal drift i balanse. Kulturhuset har hatt stort besøk, mange arrangement, møter og konserter. Økonomien er på pluss-sida og stadig nye arrangement kjem

inn. Kulturhuset er etterkvart godt utstyrt og har blitt ei av dei beste konsertscenene.

Kulturskulen har jobba aktivt med rekruttering av elever etter pandemien. Arbeidet har lukkast og elevtalet i utgangen av 2022 var på 230 elevar. Det høgste noko gong. Kulturskulen er ein suksess! Frå instrumentopplæring i mange valørar til danseopplæring i fleire disipliner som ballett, jazzdans og hip-hop!

Moglegheiter og utfordringar framover

Utfordringar framover blir å halde ei god drift innanfor dei budsjettrammer som er sett. Fokus må bli på halde driftskostnader nede og skape gode inntekter. Dette gjeld både kino, kulturhus, idrettshall og symjehallane. Det må leggjast til rette for nye Enøk-tiltak . Kulturhuset og Sykkylven symjehall må prioriterast neste runde. Her er store innsparingar mogleg. Nytt bibliotek blir opna no våre 2023 - det gir store moglegheiter og ny giv for ein arena i sentrum. For barn, vaksne og alle ny-innflyttarar til kommunen. Samlokalisering med Skaparlinken og Frivilligsentral gir ein forsterka effekt til sentrumsaktivitet og opplevingar. Men ikkje minst: Eit nytt og profesjonelt bibliotek for framtida.

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA – UTDRAG AV SVAR FRÅ EININGA

Økonomi:

- Vurdere kostnadsnivå og avtalar som ligg til eininga
- Avslutte eksterne tenester/vikarar
- God budsjettoppfølgning/kontroll slik at vi held oss innanfor tildelt budsjettramme.
- Auke vidare elevtal i kulturskulen.
- Få tilbake besøkstala i kinodrifta

Sosiale forhold

- Oppretthalde kulturhuset som kulturell møteplass og viktig arena for øvingar og konsertar. Arrangement for unge og gamle, frå skulekino til Seniorakademi.
- Vidareføre God Helse arbeidet, Stikk UT og ungdomstiltaket Open Storhall. Kulturskulekonserter for elever og eldre på Buas.
- Nytt bibliotek vil bli ein sentral og god arena for mangfald og inkludering av nye innbyggjarar til kommunen.

Klima og miljø

- Sambruk av areal i Storhallen og kulturhuset ved arrangement.
- Enøk-tiltak vidareførast i Storhallen. Energisparinga på oppvarming, lys og ventilasjon er stor. Enøk-tiltak i kulturhuset og undervarmeanlegg ved kunstgrasbana må prioriterast framover.
- Legge til rette for betre avfallssortering og matavfall ved kulturanlegga – i samarbeid med teknisk.

4.2 Helse, omsorg og velferd



Oversikt løyvingar	Rekneskap	Endeleg budsjett	Avvik	Rekneskap
Budsjettområde	2022	2022	2022	2021
SYKKYLVEN BU- OG AKTIVITETSSENTER	56 820 844	56 015 439		53 048 688
HEIMETENESTENE DISTRIKT	52 229 163	53 765 557		53 641 140
BARNE- OG FAMILIETENESTENE	-	-		43 823 190
NAV KOMMUNE	5 222 569	6 123 196		4 020 228
SAMHANDLINGSREFORMA	1 207 034	2 373 000		958 062
BU- OG REHABILITERINGSTENESTE	47 092 985	46 653 083		44 012 209
HELSE OG VELFERD	37 578 081	27 678 950		15 555 561
SUM	200 150 676	192 609 225	7 541 451	215 059 078

I 2022 endra fokuset seg etter at pandemien «slapp taket» litt ut på våren. Etter to særlege år har helse og omsorgs- og velferdstenestene etter kvart gått tilbake til ein meir ordinær kvardag, sjølv om bølga med smitte både hjå personalet og hjå brukarane var størst denne våren. Dette resulterte i ein vår med høgt sjukefråvær, mangel på vikarar og dyre vikarordningar, samt stor bruk av overtid for å sikre fagleg forsvarleg drift i store delar av helse tenestene.

Pandemien har gitt nye erfaringar som vert viktig å ha med i det vidare arbeidet. Frivilligåret 2022 var ei viktig satsing inn mot målet om å sikre tidleg og målretta innsats til innbyggerane våre. Det er framleis eit stort potensiale i å koordinere mykje av det flotte frivillig arbeidet som finst i kommunen der ca 110 lag og organisasjonar til ei kvar tid bidreg til mangfald av aktivitetar for innbyggerane.

I åra framover vil talet på eldre i Sykkylven kommune auke, og sannsynlegvis også behovet for tenester på alle innsatsnivå. Det er avgjerande at vi no har fokus på korleis vi skal greie å tilby tenester på det rette nivået. For å kunne redusere behovet for meir omfattande tiltak, vert det også viktig at vi arbeider med kva for buform som vil bidra til meir sjølvstende og meistring i eigen heim framover, og som vil utsette behovet for meir inngripande tiltak på eit høgare nivå i omsorgstrappa.

Tidleg innsats

Ideen bak Heilskapleg innsatstrapp bygger på at vi skal ha fokus på å førebygge meir framfor å reparere. Då er tidleg innsats svært viktig, og fokus framover må vere å knytte ulike satsingar og prosjekt inn mot å etablere lavterskeltilbod, auke samhandling med frivillige, og sikre målretta innsats på lågare trinn.

Heilskapleg innsatstrapp er eit viktig reiskap når vi skal planlegge tenestene våre: *Målet er å styrke dei låge trinn i trappa, ved å gjere viktige grep øvst i trappa.*



Rekruttering av helsepersonell har vist seg å vere utfordrande, med ei låg arbeidsløyse i kommunen, pandemien som påverka i særleg grad våren 2022. Lite tilgang på helsepersonell gjorde arbeid med både tilstrekkeleg kompetanse og til å halde budsjetta krevjande. Kompetanse ute i tenestene er viktig og det har vore mange tiltak for å sikre å rekruttere, sikre kompetansehevande tiltak og med mål om å behalde godt kvalifisert personell over tid.

Kvalitet i tenestene

Oppretting av kvalitetsgruppe på tvers av helseeinengane, har bidrege til eit stort løft i kvalitetsarbeidet, og bidreg til ein samla innsats.

Deltaking i Helsefellesskapet, i lokalt samhandlingsutval og fleire andre samhandlingsarenaer skal bidra til at kommunane og spesialisthelsetenesta planlegg og utviklar helsetenestene meir saman i regionen. Dei som skal prioriterast er:

- barn og unge
- alvorleg psykisk sjuke
- pasientar med fleire kroniske lidingar
- skrøpelege eldre

Hjelpemiddel

At barn får eit tilpassa hjelpemiddel, som kan gjere at dei kan delta sosialt og meistre på lik linje med andre barn på same alder bidrar til inkludering. Det kan vere både tilpassa sykkel, støtte til kommunikasjon og andre velferdsteknologiske løysingar.

Helsefellesskap Møre og Romsdal er ei vidareutvikling av samarbeidsavtalen og samarbeidsstrukturen mellom Helse Møre og Romsdal HF og kommunane i fylket. Satsinga framover er førebuing til revisjon av samarbeidsavtalen for perioden 2025-2028 og implementering og gjennomføring av tiltak i handlingsplanar frå faglege samarbeidsutval.

Helse-, omsorgs- og velferdstenestene er i hovudsak lovpålagte oppgaver, og omfattar eit vidt spekter av kommunale tenester.

Kommunen skal sørge for at personar som oppheld seg i kommunen skal tilbys nødvendige helse og omsorgstenester. Kommunens ansvar omfattar alle pasient- og brukargrupper, personar med somatisk eller psykisk sjukdom, skade eller lidning, rusmiddelproblem, sosiale problem eller nedsett funksjonsevne. Kommunen har eit særleg ansvar for dei som fell utanfor eller ikkje får tilstrekkeleg hjelp frå andre velferdsordningar.

Tenester frå NAV må sjåast på i samanheng med kommunen sine andre velferdsområde.

Avlastande tenester

Ulike tilbod om avlastning til pårørande, som står i krevjande omsorgsoppgåver er særskild viktig. Det har vore mange gode tilbakemeldingar frå takksame pårørande som ikkje hadde klart å stå i situasjonen om dei ikkje fekk det tilbodet.

Einingane som sikrar kommunen sine helse, omsorgs- og velferdstenester er:

Helse og velferd omfattar tenestekontor og koordinerande eining, førebygging og meistringstenester, og legesenter med interkommunal legevakt. Eining Helse og velferd fekk i mai einingsleiar som gjennom året har vore leiar for legesenter og legevakt. Leiar ved tenestekontoret har i heile 2022 vore leiar også for førebyggjande og meistringstenestene, inklusiv tverrfagleg team og innsatsteam. Tenestekontoret sakshandsamar og gjer vedtak og utfører tenester til både barn, unge, vaksne og eldre innbyggjarar på tvers av kommunalområde og einingar. Tidleg og rett innsats er eit hovudfokus i tenestene.

Bu- og rehabiliteringstenesta omfattar psykisk helse og rus tenester, butenester til vaksne og til eldre med ulike funksjonshindringar og utviklingshemming, og som får ambulante tenester eller som bur i bustader med heildøgns omsorg. Tenesta sørvar også barne- og avlastande tenester i institusjon, privat avlastning, støttekontakt og

dagtilbod og dagaktivisering til både personar med psykiske helseutfordringar og personar med funksjonshindringar og utviklingshemming.

Bu- og aktivitetssenteret omfattar sjukeheim, skjerma avdelingar for personar med demens, og bustader for eldre med behov for heildøgns omsorg, produksjonskjøkken og vaskeri.

Heimetenestene omfattar i dag heimebasert omsorg, dagsenter for eldre, og dagsenter for demente, korttids- og rehabiliteringsavdeling inklusiv palliativ og KAD, avlastande tenester, støttekontakt for eldre, og felles natt for både bu- og aktivitetssenteret og heimebasert omsorg.

NAV som også er vertskommune for Stranda kommune arbeider heilskapleg og på tvers av kommunale og statlege skilje og oppgåver. Det kommunale tenesteperspektivet for NAV inneheld minimumsløysing etter Lov om sosiale tenester i NAV. Dette inkluderer økonomisk sosialhjelp, midlertidig bustad, Kvalifiseringsprogrammet, individuell plan, opplysning, råd og rettleiing. NAV jobbar med oppfølging av personar som treng bistand til å behalde jobb, eller til å skaffe seg arbeid. Prioriterte målgrupper er ungdom, langtidsledige og flyktningar.

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA I KOMMUNALOMRÅDET

Økonomi:

- Ha god budsjettkontroll, fast tema på leiarmøter
- Tildele rett og likeverdige tenester til rett omfang, på lavast mogleg nivå, i tråd med tildelingskriterier
- God triagering (behovsvurdering, kartleggingar, vurdering, rettleiing og informasjon)
- Auke ambulante tenester for ulike målgrupper, for å sikre meir støtte til å klare seg i eigen heim
- Vere ein attraktiv arbeidsplass med godt arbeidsmiljø -Stabil og trygg arbeidsplass med høg kompetanse og der vi legg til rette for rekruttering og vere ein god læringsarena for studentar, lærlingar og dei som tek «Fagbrev på jobb»
- Helsebevarande turnusar og god oppgåvefordeling
- Skape gode arbeidsmiljø med fokus på nærvær og halde sjukefråvær nede
- Bevisst bruk av overtid, redusere behov for innleige ved fråvær
- implementere «Gode pasientforløp» og tidleg innsats i form av å auke samhandling
- Forventingsavklaringar mellom pårørande, pasientar og tenesteytar og sikre brukarmedverknad

Livskvalitet

- Nytte kvar enkelt brukar sin ressurs, «Kva er viktig for deg?» og involvere pårørande
- førebyggjande heimebesøk til alle 80 åringar
- nytte verktøyet «Mi livshistorie», palliativ plan og gode matopplevingar som skal bidra til å fremme god helse
- vidareutvikle kvardagsmeistring, innsatsteam og målretta bruk av velferdsteknologi
- gi alle moglegheit for å låne hjelpemiddel for å hindre utanforskap, særleg til barn og unge
- aktivitet og deltaking i sosiale møteplassar
- auke samarbeid med frivillige lag og organisasjonar som bidreg til underhalding og livskvalitet
- vere ein inkluderande arbeidsgjevar, sikre bruk av tolk ved behov
- sosiale møtearenaer for tilsette for å auke trivsel på jobb og skape gode arbeidsplassar

Klima og miljø

- Nytte møterom på tvers av avdelingar og einingar
- Minimere bruk av eingongsutstyr/plastemballasje
- Minimere matsvinn
- Kilde sortere plast, papir, glas
- Nytte innkjøpsavtalane og samkøyrer bestillingar
- overgang til El-bilar, samkøyring ved reiser på kurs

4.2.1 Eining helse og velferd

Helse og velferd omfatta i 2022 legetenestene med vertskommuneansvar for legevakt Stranda, tenestekontor og koordinerande eining og førebygging og meistringstenester (fysioterapi, ergoterapi, hjelpemiddel og velferdsteknologi) I tillegg er Frivilligsentralen organisert i denne eininga.

4.2.2 Tenestekontor, koordinerande eining og førebyggjande tenester

Helse og velferd, inkl legesenter	Årsverk	Tilsette	Sjukefråvær i %
2021	24	27	12,6
2022	24	27	16,2

Viktige innsatsområde og resultat for året som gjekk

Tenestekontoret har hatt fokus på å få til gode kartleggingar og vurderingar, med tverrfagleg samarbeid, pårørande og brukarinvolvering slik ein får tildelt rett teneste, i rett omfang og gitt til rett tid. Innsatsteam og tverrfagleg team ser resultat av at dei kjem raskt inn med kartlegging og tverrfaglege vurderingar, både dei som er innlagt på sjukehus, og dei som er på korttidsopphald i institusjon, og som kan medføre til færre liggedøgn og raskare avklart utskrivning. Ved tenestekontoret vart det i 2022 gjort om lag 850 enkeltvedtak om helse- og omsorgstenester til innbygarane i kommunen, i tillegg kjem tenester innan psykisk helse og rus, der avdelinga sjølv sakshandsama og fatta vedtak. Det har vore arbeid godt med å redusere tal på utskrivingsklare pasientar frå sjukehus, og det vart eit lite mindreforbruk ut frå budsjett i 2022. Kortare liggetid og tilbod til fleire på korttid og rehabilitering, samt avlastningstiltak til pårørande til eldre, har bidrege til å styrke tidleg

innsats, raskare heim og innsatsteam har arbeid godt for at eldre skal kunne bu lenger i eigen heim.

Fysioterapi og ergoterapi har hatt eit særleg fokus på å sikre tenester både til barn, unge, vaksne og eldre. Tidleg vurdering av barn i risiko i barnehage er ei viktig oppgåve, og tverrfagleg samarbeid med helsesjukepleiar i småskulen med fokus på meistring og glede ved aktivitet har vore ei viktig satsing. Det vert arbeid med tenesteforløp, kvalitetssikring og kompetanseheving i tenestene.

Oppstart av lågterskeltilbodet Sterk og stødig har bidrege til å auke tilbod om tidleg innsats til eldre heimebuande. 3 grupper med til saman 60 eldre har møttest kvar veke til fysisk aktivitet og sosialt samvær, eit tiltak der både fysioterapeut og frivillig innsats bidreg. Det er mål om å starte fleire grupper i 2023. Helsefremjande og førebyggjande heimebesøk for 80 åringar har i 2022 vore gjennomført som planlagt. Desse besøka vert godt motteke og opplevast som veldig nyttig.

Tilbod for å sikre meir sjølvstende og meistring er blant anna satsinga på å kunne tilby både fysiske hjelpemiddel og velferdsteknologiske løysingar, ikkje berre til eldre, men også til barn, unge og vaksne med medfødde eller tidleg erverva funksjonsnedsetting. Det pågåande prosjektet gjennom nasjonalt velferdsteknologioprogram som skal sikre heilskapleg tenestemodell har eit særleg fokus på barn, unge og vaksne med utviklingshemming. Prosjektet har sålangt rapportert om auka samhandling på tvers av ulike fagområde. Målet er å sikre at barn og unge får tilrettelagt for sjølvstende og meistring i kvardagen gjennom bruk av velferdsteknologi.

Digitale medisindispenserar til heimebuande eldre har vore prøvd ut, og 36 brukarar har hatt nytte av digitale tilsyn (Room mate) i 2022. Det har ført til redusert tidsbruk på utilsikta tilsyn og bidratt til å auke kapasiteten til nattevaktene. Det er også nytta teknologi til fleire heimebuande med

demenssjukdom, som GPS og døralarm. Dette har bidrege til tryggleik og er med på å gi tilbod på eit lågare innsatsnivå.

Moglegheiter og utfordringar framover

Det ligg moglegheiter i å sikre god samhandling mellom ulike tenesteområde både i helse og oppvekst, inn mot spesialisthelsetenesta, brukar og pårørande for å få til gode tenester til innbyggjarane, og barnekoordinator og koordinator og verktøyet individuell plan skal bidra til å nå målet. Er eit stort potensiale i å sikre at fleire tilsette ute i dei ulike einingane både i helse og i oppvekst tek på seg oppgåva som koordinator. Gode pasientforløp vil gje moglegheiter til meir rolleavklaring, samhandling og flyt i tenesteproduksjonen.

Det er ei utfordring å få til eit godt system for oppfølging og Support av hjelpemiddeltekniske løysingar, då oppgåver frå NAV Hjelpemiddel i større grad blir lagt til kommunen enn tidlegare. Det er også eit behov for å sette Support av velferdsteknologi i system slik at det ikkje vert sårbart.

4.2.3 Legetenestene

Viktige innsatsområde og resultat frå året som gjekk

Det har vore eit svært krevjande år for drift av legetenestene innanfor økonomisk handlingsrom. Det har store delar av året vore vikarbruk på 7 av 8 heimlar, og på hjelpepersonell sida har det også vore høgt sjukefråvær. Det har vore arbeidd hardt for å prøve å halde vikarkosten nede, men vikarlegar har hatt store krav til både fri bustad, tilgang på bil og dekking av reisekostnader i tillegg til timeløn. Det er låg vaktbelastning for fastlegane både i Sykkylven og Stranda, men det har likevel vore utfordrande å dekke legevaktslegane si kviletid laurdag og søndagar, og dermed har det vore naudsynt å nytte vikarlegar også til dette arbeidet. Det har vore arbeidd godt med å finne gode løysingar for vikarane, sikre

inntekt, og det har vore stort fokus på å sikre kvalitet og internkontroll. Det har vore fokus på oppgåvefordeling, der fleire oppgåver er delegert frå legar til hjelpepersonell som sikrar meir effektiv bruk av reine legeoppgåver. Målretta arbeid har vore å ha ei legeteneste som er tilgjengeleg for innbyggjarar som treng helsehjelp, og det har vore fokus på opplæring og spissa triagering (vurdering av hastegrad). Samhandling og tverrfaglege møteplassar er sikra gjennom faste personalmøte der ulike andre faginstansar har vore invitert inn for erfaringsdeling, og informasjon om korleis ein kan auke samhandling til det beste for innbyggjarane. Det har vore arbeidd svært god med kvalitetsarbeidet for å sikre gode rutinar og god internkontroll.

«Grøn resept»

Våren 2022 starta to legar opp tilbodet «Grøn resept» - eit folkehelseiltak der dei etter arbeidstid starta ei turgruppe for både pasientar, personell og innbyggjarar generelt. Eit godt motteke tiltak for helsefremjande arbeid. Tilbodet har vore sakna etter at vikarlegane slutta.

Moglegheiter og utfordringar framover

Det har vore sett i gang ulike tiltak for å rekruttere legar i 2022, blant anna vart politisk, administrativt og fagleg samansett rekrutteringsutval etablert i starten av året. Det har også vore forsøkt ulike rekrutteringstiltak for å sjå på mogleg rekruttering av nye fastlegar. Legevaktslegar har det vore enklare å rekruttere. Rekrutteringsutvalet har vore ei god støtte, der både råd og dialog om korleis sikre god rekruttering av legar har vore tema. Arbeid med legeplan vart starta og

forventa plan skal vere på plass vår 2023. Denne skal gje retning for korleis legetenestene i Sykkylven best kan løysast i åra framover, og sjølvst i tråd med nasjonale retningar som påverkar kva vilkår som er moglege framover.

Ei berekraftig legeteneste

Vi rettar blikket framover og har mål om å sikre eit godt omdøme som skal bidra til at det vert enklare å rekruttere fastlegar til legetenestene i Sykkylven. Legeplan vert utarbeidd våren 2023 og skal peike på retning framover. Nasjonal satsing skal også bidra til å sikre fastlegeordninga framover.

4.2.4 Heimetenestene

Heimetenestene	Årsverk	Tilsette	Sjukefråvær i %
2021	53	77	9,3
2022	51,5	73	9,1

Viktige innsatsområde og resultat for året som gjekk

Heimetenestene har i 2022 arbeid særleg med å behalde og rekruttere fagfolk både i faste stillingar, men også ekstravakter og helgestillingar. Satsing på å auke tilgjengeleg fysioterapiressurs på korttid/rehabiliteringsavdelinga har ført til betre tilbod, samt at det har vore betre samhandling med innsatsteamet. Målet er heile tida om at brukarane skal meistre kvardagen betre i eigen heim og det er eit mål å bygge på kvar enkelt sine ressursar og eigenmeistring gjennom fokuset "Kva er viktig for deg". Ein ser god måloppnåing med denne satsinga. Delingskultur og støtte i å dele kompetanse og erfaring med kvarandre aukar både trivsel på jobb og har bidrege til eit godt arbeidsmiljø, og ein liten reduksjon i sjukefråvær.

Frå hausten 2022 starta utprøving av ulike måtar å tilby aktivitet/avlastning for personar med demens og deira pårørande opp. Ei viktig satsing som så langt har gitt gode resultat. Det er også gjennomført pårørandeskule demens der 33 deltakarar deltok på 5 kurskveldar med ulike tema. Pårørandeskulen har gitt svært god tilbakemelding, og erfaringane viser at det er eit stort behov for informasjon/opplæring for denne gruppa.

Moglegheiter og utfordringar framover

Det er mogleg å fortsatt skape gode arbeidsplassar med god fagleg kvalitet framover. Ei større oppgåvefordeling og endring ved måten å arbeide på, vert ei viktig satsing for å sjå kva som er mogleg å få til innanfor rammene. Både aktiv bruk av velferdsteknologi, samhandling på tvers av faggrupper og einingar vil kunne bidra til å utnytte tilgjengelege ressursar. Å vere ein lærande organisasjon der ein utviklar faget, ein god læringsarena for lærlingar og studentar, og for å sikre at heimetenestene fortsatt er ein attraktiv arbeidsplass er eit viktig fokus framover.

Utfordringar er knappe ressursar og auka tal eldre som skal bu heime lengst mogleg. Auke i tal eldre med diagnosen demens utfordrar også tenestene framover. Viktige satsingar som aktivitetstven, pårørandeskule og sikre at vi har eit demensvenleg samfunn er avhengig av tilgjengeleg og nok kompetanse og tid til opplæring. For å kunne gjennomføre opplæring og kompetansehevande tiltak i tenester med tilsette i turnus er ein avhengig av å leige inn nok kvalifiserte vikarar. Knappe ressursar utfordrar.

4.2.5 Bu- og aktivitetssenteret

Bu- og aktivitetssenteret	Årsverk	Tilsette	Sjukefråvær i %
2021	71,1	120	11,7
2022	72,4	114	12,3

Viktige innsatsområde og resultat frå året som gjekk

Eininga beskriv 2022 der det har vore svært utfordrande å ha nok kvalifisert personell tilgjengeleg, med høgt sjukefråvær og rekrutteringsmangel, og høgt belegg som har bidrege til behov for bruk av vikarar frå vikarbyrå første del av året. Arbeid under utdanning var eit av innsatsområda, der både fagbrev på jobb, samarbeid med NAV, statsforvaltar og Borgund vidaregåande om betring av utdanningsløp for å ta fagbrev har vore viktige tiltak dette året. Det vart også oppretta ei stilling gjennom HELT MED ordninga, og som har gitt auka fokus på å kunne tilby eit breitt spekter av arbeidsplassar som skal bidra til å gi dei eldre eit godt tilbod. Matgledekorpsset var på besøk hjå omsorgssenteret hausten 2022, og bidrog til å auke satsing på måltid og matglede for dei eldre på omsorgssenteret.

Moglegheiter og utfordringar framover

Eininga opplever at demografien med fleire med diagnosen demens og fleire multisjuka pasientar og meir aktiv behandling i kommunen, har auka behov for styrka kompetanse for alle tilsette. Moglegheiter ligg i å gjere tiltak for å behalde personell og utvikle kompetanse framover, og vurdere meir oppgåvefordeling og best mogleg bruk av sjukepleiarar. Det er også eit mogleg tiltak å sikre ei forventningsavklaring til innbyggjarar, pasientar og pårørande.

Det er auka krav og forventningar til tilgang på legetenester, og utfordrande særleg for eldre som bur i bustader med heildøgnsomsorg, og som manglar fastlege. Det er eit behov for å samhandle meir med frivillige og utdanningsinstitusjonar, oppgåvefordele ut frå kompetanse, skape gode arbeidsmiljø med trygge arbeidstakar og ha god struktur i prosessar og utviklingsarbeid framover. Byggmassen utfordrar også effektiv drift, og det er behov for å sjå på korleis ein skal løyse desse utfordringane.

Det er auka krav og forventningar til at tenestene skal løyse meir komplekse oppgåver og meir spesialisert sjukepleie i møte med den multisjuka eldre og personar med demens. Dette gir utfordring knytt til å ha god nok kompetanse, til å rekruttere og behalde tilsette saman med at tenestene skal sikre opplæring, rettleiing til studentar, personell som tek fagbrev på jobb og bidreg til at vi må sjå på oppgåvefordeling framover.

4.2.6 Bu- og rehabiliteringstenestene

Bu- og rehabiliteringstenestene	Årsverk	Tilsette	Sjukefråvær i %
2021	52,1	71	9,7
2022	49,4	64	12,8

Viktige innsatsområde og resultat for året som gjekk

Avlastande tenester er aukande, born med omfattande behov ser eininga gir nye utfordringar. Stor innsats knytt til barnebustad, tilsyn frå

arbeidstilsyn og Statsforvaltar bidro til at 2022 vart eit spanande og krevjande år på fleire måtar.

Men trass store utfordringar med oppretting av krevjande tiltak, mangel på personell, sjukefråvær og stor bruk av overtid, vikarar og mykje arbeid knytt til tilsyn med tenestene, fleire brukarar med omfattande behov, beskriv eininga at ein i 2022 likevel har fått til mykje. Det har vore fokus på å sikre tenester ut frå individuelle behov og eininga har hatt systematisk arbeid knytt til enkeltbrukarar med utfordrande åtferd, som ein ser positivt resultat av. Det er gjennomført fleire risikoanalysar som har ført til at det vert arbeidd meir systematisk og konkret med problemområda. Det vert beskrive til at det er mange dedikerte tilsette som gjer ein framifrå innsats.

Moglegheiter og utfordringar framover

Det er definert at det er mange ueigna bustadar til fleire brukargrupper i tenesta. Eininga ser på dei moglegheitene som finst i å omstille til beste for brukarane og for å betre arbeidstilhøva for dei tilsette. Det er behov for å etablere meir eigna bustadar til multisjuke, til brukarar med auka behov grunna aldring og aldersrelaterte sjukdommar, mangel på eigna barne- og avlastningsbustader, og bustader til personar med store rus og psykisk helse utfordringar (ROP pasientar). I omstillingsprosessen kommunen no er i, må ein nytte dei moglegheitene som finst til omorganisering på ein berekraftig måte.

4.2.7 NAV Sykkylven-Stranda

NAV	Årsverk	Tilsette
2021	3,5	4
2022	4	5

Viktige innsatsområde og resultat for året som gjekk

NAV har gjennom 2022 sett gevinst av å få mange som stod langt i frå arbeidslivet i aktivitet og arbeid. Det er gjennom året oppretta fast samarbeid med Sykkylven vidaregåande skule, med fokus på å hindre utanforskap, og fråfall i skulen. NAV har også sett at det har vore forbetring i måten det vert arbeidd på gjennom dei nye lokala NAV no driv tenestene frå. Utforming av lokala og nye måtar å arbeide på, bidreg til en god måte å sikre læring og samhandling i tenesta. Flyktningararbeidet har bidrege til auke i oppgåver, samt arbeid med startlån.

Moglegheiter og utfordringar framover

2023 vil bli eit krevjande år då arbeidsmarknaden er krevjande. Dette gir NAV store utfordringar med å få folk i arbeid. Vidare vil omfanget av flyktningar gi tenesta mykje arbeid særleg sidan arbeidsmarknaden er som den er. Moglegheit ligg i auka samhandling med både næringsliv og kommunale tenester.

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA I NAV

Økonomi

- Vi prioriterer arbeidsretta bistand mot våre prioriterte grupper, unge under 30 år, langtidsledige og innvandarar frå land utanfor EØS-området
- Vi bistår næringslivet og dei sjukmeldte med tett og målretta innsats for å hindre fråfall
- Vi bistår næringslivet med å skaffe etterspurt arbeidskraft

Livskvalitet

- Målsetting om å få flest mogleg i arbeid og aktivitet
- Ekstra merksemd i møte med brukarar med barn, målet om å fange opp og avverge vanskelege situasjonar for barn og unge som lever i utsette familiar
- Vi gir brukarane arbeidsretta tiltak for å kvalifisere til arbeid

Klima og miljø

- Vi har ein aktivisert basert arbeidsplass – som er arealbesparande
- Reduserer bilkøyring til eit minimum, samkøyrer der det er mogleg og møtast digitalt når det er mogleg
- Reduserer papirforbruk til eit minimum av utskrifter

4.3 Fellestenestene

Oversikt løyvingar	Rekneskap	Endeleg budsjett	Avvik	Rekneskap
Budsjettområde	2022	2022	2022	2021
FELLESTENESTENE	18 364 315	18 135 421	228 894	17 003 797

Fellestenestene	Årsverk	Tilsette	Sjukefråvær i %
2021	10 + lærling	10	9,3
2022	10 + lærling 6 mnd	10	6,3

Fellestenestene leverer tenester innan arkiv, post, politisk støtte, servicetorg med nærings saker, beredskapstøtte, informasjon, publikumskontakt og IT.

Statistikk over ulike oppgåver som tilhøyrer Fellestenestene:

Oppgåve	2021	2022
Sentralbordet:	56	40
Heimeside:	I snitt 2100 visningar pr dag. Totalt ca. 800 000.	304 000 /832 000

Facebook:	2589	2700
Instagram:	980	1062
Kommune TV	5934 unike sjåarar direkte i møte, 889 sjåarar har sett på opptak (arkiv).	2249 unike sjåarar direkte i møte, 849 sjåarar har sett på opptak (arkiv)
Vigsel:	5	6
Skjenkeløyver	8	13
Serveringsløyver:	1 stk. i 2021 (Geiranger Bakeri).	5 stk. i 2022. (Fjellsæterstova – Highfive Event AS, DIS Kaffebar AS, S.H.H AS, Demetriou Fich N) Chips, Toothong Thaimat).

Torgreglement: Det vart innført reglement for torghandel i 2022. Fleire serveringsvogner etablerte seg, og vi fekk etablert rutine på område som vi har vore utan erfaring på tidlegare.

Politikk

Politiske saker	2021	2022
Kommunestyret	95 (8 møte)	92 (9 møte)
Formannskapet	119 (16 møte)	107 (15 møte)
Levekårsutvalet	44 (7 møte)	50 (9 møte)
Nærings- og utviklingsutvalet	88 (10 møte)	63 (7 møte)

Dei tre rådsorgana har også vore aktive og behandla fleire saker. Det er mange orienteringssaker og høyringssaker som går til rådsorgana RS - saker

Politiske saker (PS) og RS saker	2021	2022
Eldreråd	23 PS(5 møte) 17 RS	21 PS (5 møte) 15 RS
Rådet for personar med nedsett funksjonsevne	21 PS(4 møte) 14 RS	21 PS(5 møte) 17 RS
Ungdomsrådet	28 PS (6 møte) 7 RS	24 PS (5 møte) 5 RS

Viktige innsatsområde og resultat for året som gjekk

Post/Arkiv

- Visma flyktning og vaksenopplæring – overgang til fullelektronisk arkiv.
- Visma Sikker sak : Endra system og rutinar på kvar vi lagrar dokumentasjon på elevar i skule og barn i barnehagar. Alle elevmapper og barnemapper er avslutta i Websak og blir arkivert i Visma Sikker Sak frå 01.01.2023
- Uttrekk av avslutta digitale symstem. HK-data «dump» sendt til IKA Møre og Romsdal for godkjenning
- E-signering – innføring, testing og rutinar for digital signatur i arkivsystem.
- Starta planlegging av intergrasjon fagsystemet Gemini Privat til vårt arkivsystem. Sykkylven Energi – VAR -område.
- Kartlegging av privatarkiv som er oppbevart i kommunale einingar

Digital transformasjon

IT ressursane våre drifter etter kvart alle tenestene i kommunen og baserer seg på skyløysingar frå leverandørane. Utvikling, automatisering av oppgåver og innovative løysingar står høgt i fokus. Sykkylven kommune forsøker å vere innovative, og ta i bruk nye tenester for å auke kvaliteten på våre tenester og jobbe enklare og smartare..

IT har stor fokus på å ta i bruk standardiserte løysingar frå KS, også kaldt nasjonale komponentar. Døme er kjernejournal, folkeregisteret, Svar ut/inn.

Vi blir heile tida mint på at det er urolige tider. IT Sikkerheit har derfor stor fokus i organisasjonen, og det er innført tiltak for å sikre trygg tilgang

til eksterne tenester. Eit av tiltaka er innføring av autentisering med Buypass kort. Dette har også gitt dei tilsette ei tilrettelagt løysing frå arbeidsgivar, som gjer at dei slepp å bruke private løysingar, som for eksempel Bank id på mobil. Dette vil etter kvart også erstatte lokalt brukernavn og passord, for å auke sikkerheten. For andre tenester, som Office 365, har det blitt innført annen 2-faktor teneste.

I skuleverket har digitale læreverk blitt tatt i bruk og dette krev auka kapasitet på infrastruktur. Det er etablert nye trådlause nettverk og auka internett kapasitet. Det har også blitt gjort endringar i infrastrukturen knytt til kommunikasjon og kapasitetar, som gjer at vi kan møte framtidige behov på ein god måte. Samarbeidet med Sykkylven Energi og tilgangen til fiber på den måten vi har det i dag er heilt avgjerande for dette. Dei andre tenesteområda med blant anna velferdsteknologi krev også god kapasitet på infrastruktur og ein bør derfor sjå på moglegheitene som eit samarbeid med Sykkylven Energi kan gi mot privatmarknaden.

Vi vart i 2022 medlem i digitaliseringsamarbeidet DIGI Møre og Romsdal. IT leiar sit i styringsgruppa der. På ulike fagområder er det danna nettverk som deler og aukar kunnskap i samarbeid. DIGI nettverk er etablert fleire stader i landet og synleggjer at samarbeid og deling i offentleg sektor er heilt nødvendig for å utvikle seg og skape løysingar som gjer at vi i framtida arbeider "smartere". Kommuneleiinga ynskjer at vi utvikler vidare dette samarbeidet i åra som kjem.

Moglegheiter og utfordringar framover

Å sikre arkiv for framtida er ei utfordringar for arkivet. Svært mykje papirarkiv ligg lagra på areal som gjer dokumenta bevaringstrua. Nedlegging av skular og barnehagar aukar behov for meir plass til å arkivere gamle papirarkiv i «arkivsikre rom». Det vert lagt fram tal til budsjettvurderinga kvart år på dette. Har ikkje vorte prioritert.

Å sikre datafangst i fleire og fleire kommunikasjonskanalar vert viktig å ha fokus på framover. Godt personvern og høg informasjonssikkerheit er avgjerande for at kvalitet på tenestene våre også skal vere god innan dette område. Det er viktig at dette kjem endå tydelegare fram i kontrollarbeidet til kommunedirektøren no enn det har gjort tidlegare.

Informasjonsarbeidet får auka fokus, men vi bør ha ein meir heilskapleg plan. Korleis kan vi vere proaktive, og ikkje minst forenkle budskapen vi har i høve innbyggjarane våre? Arbeidet har så vidt starta.

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA I OPPDRAGSBREVET

Økonomi

- Vi reduserer personleg tilgjengelegheit og jobbar målbevisst mot meir og betre informasjon på nett og oppslag på dør/informasjonsskjerm. Informasjonsskjerm kan også delast på t.d. bibliotek, buas, kulturhus, samt andre kommunale einingar
- Vi har etablert tilflytterkontakt. Vi samarbeider med Omstillingsprogrammet om å samle kommunikasjon/informasjon om bistand til næringslivet

Livskvalitet

- God informasjon til innbyggjar om tenestene – Legge til rette for velferdsteknologi og andre digitale løysingar – rådgiving, tilrettelegging og support
- Vi jobbar aktivt etter forskrift om Universell Utforming på nett og har publisert Tilgjengelighetserklæring – Vi tildeler parkeringsløyve og følgjekort.

Klima og miljø

- Vi nyttar fellesressursar som kantine, møterom, kopimaskiner og frankeringsmaskin.
- Vi kopierer mindre
- Avhending av digitalt utstyr til gjenvinning
- Kildesortering
- Vi har tenestebil som er 100 % elektrisk Vi prioriterer og legg til rette for fleire digitale møter. Digital samhandling. Vi sette krav til leverandørar om å legge til rette for digital samhandling

4.4 Tekniske tenester

Oversikt løyvingar	Rekneskap	Endeleg budsjett	Avvik	Rekneskap
Budsjettområde	2022	2022	2022	2021
NÆRING	-	-		122 026
TEKNISKE TENESTER	60 531 344	61 283 541		59 942 450
SUM	60 531 344	61 283 541	-752 197	60 064 476

Tekniske tenester	Årsverk	Tilsette	Sjukefråvær i %
2021	29,5	56	5,8
2022	28,8	55	5

Tekniske tenester består av 8 ulike fagområder; alle under kap. 1.6 i driftsbudsjettet, Plan (del av 60200), byggesak (60201), geodata (60202), miljø/ viltstell (60210/60211), landbruk (60212), brann/redning (60231), byggvedlikehald (60240/60241) og veg/anlegg/park (60260,60270) Eininga har totalt 28 tilsette (brannkorpset her ikkje medrekna) fordelt nokså nær 50/50 på kvinner/menn, men likevel slik at kvinnedelen i all hovudsak er knytt til byggvedlikehald/reinhald.

I tillegg til arbeid innan driftsbudsjettet sitt kap. 1.6, nemnast arbeid innan investeringsdelen, for år 2022 særleg: Sentrumsskulen (ansvar 17002), Busstopp (ansvar 19006), Veg Meieridalen (ansvar 17015), Enøk-tiltak BUAS (ansvar 19003) og nytt Biblioteklokale (ansvar 19016).

Viktige innsatsområde og resultat:

Ny skule, nytt bibliotek og enøk-tiltak Buas er nærast fullført. Slik også for Klima og energiplanen og ny Samfunnsplan. Busshaldeplass og Meieridalen ferdige.

Eininga hadde i 2022 eit mindreforbruk på kr 752 197. Dette mindreforbruket vart synleg først etter at kjøpestoppa var bestemt, og det var derfor ikkje mogleg å nytte midlane til meir tenesteproduksjon.

Samla sjukefråvær på 5 %, ein liten nedgang frå 2021.

Vi har oppretthalde den forbetra kontakta med næringsliv, t.d. oppmøte Skaparlinken fast 1. torsdag kvar månad og møter vedkomande Næringsteam.

Eininga vert tydeleg berørt av omorganiseringa, tydelegast ved etableringa av det nye kommunalområdet Samfunn.

Oversikt løyvingar	Rekneskap	Endeleg budsjett	Avvik	Rekneskap
Budsjettområde	2022	2022	2022	2021
NÆRING	-	-		122 026
TEKNISKE TENESTER	60 531 344	61 283 541		59 942 450
SUM	60 531 344	61 283 541	-752 197	60 064 476

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

Økonomi:

- Vi melder tidlegast råd frå om budsjettet, heile eller deler, ikkje kan haldast.
- Vi tilrår/gjennomfører endring og informerer om konsekvens.
- Vi vurderer korleis tilgjengeleg kompetanse best kan nytte til å best støtte relevante tenestekrav.
- Vi handsamer byggesakene innan frist
- Vi oppdaterer vedtekne arealplaner m.o.t. endring i tid og tilhøve.
- Vi lytter og informerer, men er likevel klar på kva som vil krevjast av avklaringar i høve aktuell gjennomføring / aktuelle tiltak. Vi er bevist på kven som er part og kven som kan verte berørt.

Livskvalitet

- Vi tilbyr vårt rådgjevingsapparat aktivt.
- Vi tenkjer folkehelse, og legg til rette for aktivitet, eksv. ved tilrettelegging for parkering, etablering og drift av skiløyper, turstiar, badeplassar, naturopplevingar, grøntområde mv.
- Vi søker endringar som kan gi effekt både for oss sjølve og for andre. Effekten på kommunen som samla tenesteproducent er avgjerande.
- Vi tenkje medverknad og tilrettelegging, søker samarbeid med andre, internt og eksternt.
- Tilgjengelegheit for alle skal vektleggast og vere i fokus ved alle vurderingar og alle avgjerder.
- Folkehelse er tema i konsekvensanalyser ved alt planarbeid mv.

Klima og miljø

- Vi ivaretek mat jorda og fremjar ny plan for jordbruksstrategi.
- Vi etterspør verknad for klima og miljø ved alle planprosessar.
- Vi fremjar Klima og energiplanen for godkjenning.
- Vi vel fortrinnsvis nettbaserte samlingar og treffpunkt.
- Vi fornyar oss via bruk av energieffektive alternativ.
- Vi tek vare på nyttbare materialar og møblement framfor å kaste og kjøpe nytt, dvs. vi tenkjer sirkulær økonomi, og unngår «bruk og kast».
- Vi vel miljømessig gunstigaste transport, sykkel, samkøyring mv.

Meir om tenesteområda:

Plan - samfunn (del av ansvar 60200):

Samfunnsplan-prosessen kom opp å gå att etter pandemien.

Kommunestyret vedtok å legge planforlag ut til høyring på slutten av året.

I tråd med vedtatt planstrategi vart rullering av Kommuneplan arealdelen starta opp. NU vedtok planprogram og kunngjering av oppstart hausten 22.

Kommunen deltok våren 22 i eit nasjonalt pilotprosjekt for utarbeiding av arealrekneskap, eit nyttig grunnlag for rullering av kommuneplanen.

Kommunen deltek i eit interkommunalt prosjekt med Fjord og Stranda om felles plan for sjøområda. Prosjektet skal slutførast i 2023.

Klimaplanarbeidet med innleigd konsulent vart i 2022 tatt tilbake til eigen organisasjon. Det er gjort ein del arbeid med omarbeiding av råmateriale frå ekstern konsulent. Dette arbeidet må fullførast i 2023, saman med klimabudsjett og klimarekneskap.

Eininga har vore involvert i ulike friluftsprosjekt, som søknad om sikring av badeplass på Sætre og ny offentlig parkering på Erstad, to tiltak støtta av Miljødirektoratet. Kommunen har fått godkjenning frå NVE om løypetiltak ved demninga i Nysætervatnet. Kartlegging av friluftslivets ferdelsårer var eit samarbeidsprosjekt i regi av folkehelsekoordinator. Stillinga som folkehelsekoordinator vart ståande vakant siste delen av året. Det vart eit merkbart tap, og prosjektet vart ikkje fullført. Kyststi saman med Sykkylven næringsutvikling, mm.

Plan er del av kommunen sitt næringsteam og deltek i forskjellige prosjekt og planprosessar i regi av SNU og av omstillingsprosjektet, t.d reiselivsprosjektet, kyststi, kaiområdet, mm.

Det vart søkt tettstadmidlar til Auremarka, der kommunen fekk 670 000 til hellelegging av langhustufta.

Plansamarbeidet med Sykkylven vidaregåande vart i 22 koordinert med folkehelsekoordinator og gjekk på elevkartlegging av universell utforming i sentrum.

Arealplan – reguleringsplan (del av ansvar 60200):

I 2022 har det vore 18 aktive reguleringsprosessar på gang i Sykkylven. Det har vore reguleringsplanar innanfor varierte formål som har vore starta opp, vore i prosess og ferdig behandla. Bustad-, næringsområde-, masseuttak-, fortau- og fritidsbustadplanar. Sjølv om det framleis er mange fritidsbustadplanar i prosess har det dei siste åra vorte fleire bustadplanar innanfor nær-sentrum-område som er tatt under regulering. Dette er truleg grunna i at kommunedelplanen frå 2019 la til rette for ein del nye området til bustad. Det er positivt at desse no verte regulerte og forhåpentlegvis tatt i bruk. I eigengodkjente reguleringsplanar er det lagt til rette for potensielt 47 nye bueiningar i kommunen i 2022.

Av kommunale planar er det Detaljregulering for Grebstadvegen og Detaljregulering fortau Blindheim-Tynes som er i prosess. Begge desse vil forhåpentlegvis lagt fram for eigengodkjent i løpet av 2023.

Kommunen har i 2022 noko lang administrativ saksbehandlingstid på reguleringsplanar. Noko av forklaringa kan vere at sakshandsamar for reguleringsplanar var i foreldrepermisjon delar av året, noko som har gjort at det har vore ei periode med redusert kapasitet på fagfeltet. Det bør

likevel vere fokus på ei effektiv, men grundig, behandling av reguleringsplanforslag i tråd med målindikatorane på fagområdet i 2023.

Byggesak (ansvar 60201):

Innkomne byggesaker:	2022	2021
Byggesøknadar	91	98
Dispensasjonssøknadar	34	23
Midlertidig bruksløyve eller ferdigattest	76	61
Andre registrerte saker	68	52

Frå og med februar hadde ein ei 100% stilling som fagleiar, ei saksbehandlarstilling på om lag 50% og ei rådgjevarstilling på om lag 50%. Januar sto rådgjevarstillinga vakant. Saksbehandling og registrering av bygningar i matrikkel og kart (FKB) vart prioritert.

Vi klarte å overhalde saksbehandlingsfrist i 52.7% av søknadane, som er ei auke frå 2021 då det var 43.9%. Av dei som overskrider frist er det ein klar overvekt av «3-vekersfristsaker», og overskridingane er gjennomsnittleg mindre i talet på dagar enn året før. Tilsyn vart nedprioriterte, men det var også her ei auke i aktivitet frå året før.

Rettleiing av brukarane vart fylgt opp etter behov/etterspurnad.

Utvikling og utfordringar: Etter at ein fikk auka kapasiteten ved å få på plass ein person i rådgjevarstillinga har ein klart gjennom året å redusere sakskøa. Ved utgangen av året vart dei fleste søknadar behandla godt

innanfor lovpålagd frist. Vi har klart å auke innsatsen på andre områder som til dømes tilsyn og ulovlegheitsoppfølging, men det er framleis litt igjen til å få dette på eit forventa minimumsnivå.

Det vart fakturert saksbehandlingsgebyr for totalt kr 818 140 som er ei lita auke frå året før då det var 616 874. Kommunen mista totalt saksbehandlingsgebyr på grunn av overskriden frist på kr 146 053 som er litt mindre enn året før då det var 158 305.

Statistikk per no viser slik fordeling for bueiningane i bygda:

Einestad:	1850
Tomannsbustad:	178
Rekkehus:	52
Blokk/større bustadbygg:	105

Vi har vidare registrert 711 fritidsbygg.

Geodata/ oppmåling (ansvar 60202):

Det vart i 2022 avholdt 80 oppmålingsforretninger (20 fleire enn i 2021) og ut av dette vart det oppretta 75 nye grunneigedomar. I tillegg til dette har vi jobba med kontinuerleg kvalitetheving av opplysningar i matrikkelen. I hovudsak bygningsinformasjon samt fullstendigheit og kvalitet på grenselinjer. Vidare pågår kontinuerleg ajourhold av AR5 (gardskart) samt vegdatabasene FKB-veg og Elveg. (Veglenker for satelittnavigasjonssystem).

Miljø (ansvar 60210):

Utgjer i utgangspunktet ei 50% stilling.

Som for år 2021 var området i 2022 prega av redusert ressursbruk. Mykje av arbeidet innan saksområdet har vore sterkt prega av dette. Vonleg kan ressursen gjeninnførast i 2023. Per no er det også uavklara korleis arbeidet knytt til Vilt- og innlandsfiskeremnda skal vidareførast.

Landbruk (ansvar 60212):

Kommunen har ansvar for formidling og sakshandsaming av dei fleste økonomiske verkemidla i landbruket.

I 2022 betalte landbrukskontoret ut ca. 26,8 millionar kroner i statstilskot til landbruksnæringa i kommune. Dette omfattar ordningar som produksjonstilskot i landbruket, avløyartilskot ved ferie og fritid, avløyartilskot ved sjukdom, tilskot til drenering av jordbruksareal, tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket, tilskot til tiltak i beiteområde og regionale miljøtilskot). I tillegg kjem tilskotsordningane for skogbruket. Her vart det utbetalt om lag kr 139 068 i 2022. Bøndene får ein vesentleg del av inntektene sine gjennom overføringane frå jordbruksavtalen.

Kommunen har ei sentral rolle i dette systemet, både for å forvalte ordningane, og ikkje minst for å kontrollere at opplysingane frå gardbrukarane er korrekte. Kontrollarbeidet har blitt ein viktig del av det totale oppdraget. Landbrukskontoret er inne i ein utfordrande situasjon med låg bemanning og redusert kapasitet til å følgje opp alle arbeidsoppgåvene. Blant anna måtte ein redusere tilsynsaktiviteten i 2022 på grunn av låg bemanning. Også ajourføring av AR5 (markslagskartet) og landbruksregisteret måtte nedprioriterast. Dette er svært uheldig då

dette kan føre til feilutbetalingar. Det er viktig med ei tilstrekkeleg bemanning på landbrukskontoret for å sikre ein forsvarleg forvaltning av tilskotsordningane. Kommunen er også førstelineteneste for Innovasjon Norge i landbrukssaker.

Kommunen har framleis utfordringar med å skaffe tilstrekkeleg veterinærvakt. Det manglar per i dag ein veterinær for å få til ein 3- delt vaktordning. Det er kommunen sitt ansvar å sørge for tilstrekkeleg tilgang på veterinærtjenester og veterinærberedskap.

Til trass i stor innsats har vi altså ikkje klart å finne ei løysing på dette så langt. Arbeidet med veterinærvakta har teke mykje tid.

Brann- og redning (ansvar 60230/ 60231 /60232):

Brann-, rednings- og feieavdelinga har 0,3 årsverk som brannsjef/leiar forebyggande, 1,0 årsverk leiar beredskap og 1,0 årsverk som branninspektør/feiar. Utover dette er det 25 deltidstilsette (2,02 % stilling) i brannvernet.

Det er valt mål og indikatorar for ønska nivå/oppnådd kvalitet.

- Brannkontroll og tilsyn i bustad for utsette grupper: Ikkje utført grunna korona.
- Opplæring forebyggande brannvern 6.klasse: Ikkje utført grunna korona.
- Feiing utført i samsvar med mål. Utrykkingstid er i samsvar med forskriftskrav.

Tal på utrykningar siste 5 år:

2022	69
2021	99
2020	95
2019	84
2018	69

Type utrykningar 2022: **Antal**

Unøydige utrykningar	18
Brannar i bygning, båt, skog	7
Branntilløp	4
Bilbrann	2
Trafikkuhell	8
Bistand politi, redning	1
Bistand helse	12
Anna assistanse	16

Brannsyn

Det er ikkje kjøpt tenester til gjennomføring av brannsyn i 2022 og det har ikkje vore kapasitet til dette i eigen regi.

Ifølgje kommunen si brannordning skal det vere eitt årsverk som varabrannsjef / leiar førebyggjande avdeling. Denne er det ikkje lønsmidlar til.

Feiing

Feiing vart utført i 437 bustader av dei 738 som fekk varsel.

Utstyr og materiell

Ny tankbil for sløkkjevattn er bestilt; levering 2023.

Det har blitt gjennomført service og kontroll av bilar. Pumpemateriell og røykdykkarutstyr er kontrollert. Personleg verneutstyr som har tidsavgrensa godkjenning er erstatta.

Utfordringar

Lowverket set krav til gjennomføring av tilsyn i særskilte brannobjekt. Med tilgjengelege ressursar er det ikkje mogleg å oppfylle lovkrav.

Brann- og eksplosjonsvernlova legg opp til dimensjonering og organisering av brannvernet basert på grunnlag av vurdert risiko og sårbarheit. Det er gjennomført ROS-analyse. Nødvendige ressursar innan førebyggjande brannvern er ikkje på plass. Det skal brukast minimum 0,8 årsverk til brannførebyggjande arbeid. I budsjett 2022 vart det ikkje prioritert midlar til å oppfylle alle forskriftskrava.

Byggvedlikehald/ bygg og eigedom (ansvar 60240/60241)

Avdelinga omfattar leiar i delt stilling, driftsleiar/vaktmeister 1,0 årsverk, vaktmeistarar 2,0 årsverk og reinhaldarar 11,7 årsverk. Samla bruksareal er om lag 40.800 m².

Lokale/eigedomar:

4 barneskular	Psykisk helseteam (leigd)
Ungdomsskule/ opplæringscenter	Biblioteket (leige avslutta 9/22)
4 barnehagar; 3 frå 8/22	Sparebankbygget (bibliotek)
Sykkylven symjehall Aure	Haugbukta dagsenter (leigd)
Sykkylven bu- og aktivitetssenter	Sykkylven brannstasjon
Barne- og familietenestene	Kommunehus/ servicetorg
Sykkylven legesenter (leigd)	Sykkylven kulturhus

Økonomi

Rekneskap for forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg og eigedomar innanfor teknisk etat viser eit mindreforbruk kr 1.880.000 av eit budsjett på kr 21,0 mill eks avskrivningar. Mindreforbruk skuldast åleine ein svært lav energipris. Utgifter til vedlikehald er om lag kr 60 pr m². Statsbygg si anbefaling til vedlikehald er kr 170 pr m². På dette samanlikningsgrunnlag brukar kommunen totalt kr 4,5 mill mindre enn anbefalt til vedlikehald. I budsjett var det ikkje kompensert for prisauke; det har vore tilsvarande i budsjett dei ti siste åra. Med kjøp av varer og tenester for 12 mill. er konsekvensen redusert nivå på drift og vedlikehald. Det er ikkje mogleg å effektivisere for slike beløp.

Reinholdstenester

Organisering av reinhaldet i ei felles gruppe er med å redusere vikarbruken ved sjukefråvær. Ved 1/3-del av bygningsarealet er det drift 52 veker i året. Her er det absolutt nødvendig med vikarbruk ved ferieavvikling. Reinhaldet er basert på prinsipp om behovsprøvd reinhald ut frå fastlagde kvalitetsmål.

Årleg hovudvask er prioritert for skular og barnehagar. Ved institusjonsrom og leilegheiter føretek ein nedvask før nye flyttar inn. Ved administrasjonslokale og fellesareal i institusjonar vert det planlagd med nedvask kvart fjerde år.

Ein opplever i svært varierende grad forståing for at økonomi/ressursar til reinhald er så begrensa at det har konsekvens for frekvens og tidsbruk. Dette medfører frustrasjon blant brukarane og stor belastning for reinhaldarar og driftspersonell.

Vaktmeistertenester og vedlikehald

Ut frå talet på bygg og disponibel ressurs har ein ikkje funne det tenleg å ha faste personar på dei enkelte bygg. Einingane melder inn behov for tenester via e-postadressa vedlikehald@sykkylven.kommune.no. Denne ordninga har vore i drift i 10 år og fungerer godt. Brukarane er flinke til å skilje mellom hastesaker og andre saker. Innmelding via e-post gjer avdelinga i stand til å planlegge arbeidet og koordinere tiltak for å utnytte ressursane best mogleg.

Det vert gjennomført faste periodiske kontrollar av bygning, uteområde med leikeapparat, gjerde, portar m.m. Det føreligg faste avtalar for internkontroll/periodisk tilsyn med tekniske anlegg. Noko vert utført som eigenkontroll. Det er døgnbetjent vakttelefon. Dette er viktig ved akutte hendingar kveld og helg som krev rask handling.

Kommunen som eigar og utleigar av bygg skal oppfylle myndigheitskrav. Vår oppgåve vert å halde bygga i ein slik stand at dei oppfyller krav og er tenlege for tiltenkt bruk.

Utfordringar i år som føregåande år vert å halde bygga i ein slik stand at dei kan nyttast til tiltenkt bruk og oppfyller krav i lov og forskrift.

Kommunale vegar og parkar (ansvar 60260, 60270):

Avdelinga la i 2021 større vekt på å auke eigen del av vedlikehaldet. Dette var mogleg pga meir/forbetra utstyr, eksv. veghøvel, hjullastar, gravemaskin og lastebil. Kvalitet og gjennomføring på kantklipp har vorte vesentleg forbetra. Vi har også forbetra eigenkontrollen på vinterstrøinga. Eige feieutstyr viser igjen på at sentrale vegar/plassar er

vesentleg meir ryddige, enn slik det var før med utføring via innleige av operatør begrensa til nokre dagar kvar vår.

Kostra-tal, netto driftsutgifter pr. km veg, viser at Sykkylven nytte litt mindre enn kommunane rundt oss, kr 155 202 per km veg, mot eit gjennomsnitt for Ålesund, Molde, Ørsta, Stranda, Sykkylven, Sula, Vestnes, Rauma, Volda viser kr 171 514 per km veg. Ørsta minst med kr 122 465, og Sula mest med kr 207 610.

I høve budsjett, kan innsparingar kome ved å redusere standarden, ev. og noko ved nedlegging av kommunale vegar. Arbeid med dette er per no ikkje under gjennomføring, dvs. dagens situasjon m.o.t. dei kommunale vegane er tenkt vidareført også for år 2022.

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Uttalelse fra ledelsen vedrørende Sykkylven kommunes regnskapsavleggelse for 2022

Dette brevet sendes i forbindelse med deres revisjon av regnskapet for kommunen for året som ble avsluttet 31. desember 2022, med det formål å kunne konkludere om hvorvidt regnskapet i det alt vesentlige gir en dekkende fremstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal regnskapsskikk. Uttalelsen dekker også det konsoliderte regnskapet.

Vi bekrefter etter beste evne og overbevisning at:

Regnskap

Vi har oppfylt vårt ansvar for å sørge for at kommunens årsregnskap og økonomiforvaltning er gjenstand for betryggende kontroll, herunder slik intern kontroll som vi finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil. Vi har videre oppfylt vårt ansvar for utarbeidelsen av årsregnskapet i samsvar med kommuneloven og forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv., og mener at årsregnskapet gir en dekkende fremstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal regnskapsskikk.

Metodene, de viktige forutsetningene og dataene som er brukt av oss ved utarbeidelsen av regnskapsestimatene og tilhørende tilleggsopplysninger er hensiktsmessige og i samsvar med det gjeldende rammeverket for finansiell rapportering.

Vi har tatt tilstrekkelig hensyn til og opplyst om forhold til nærstående parter og transaksjoner med disse.

Alle hendelser etter datoen for årsregnskapet og som ifølge god kommunal regnskapsskikk medfører korrigerende eller omtale, er korrigert eller omtalt.

Vi mener at virkningen av ikke-korrigert feilinformasjon er uvesentlig, både enkeltvis og samlet for årsregnskapet sett som helhet. En liste over ikke-korrigert feilinformasjon følger som vedlegg.

Alle budsjettendringer vedtatt av kommunestyret gjennom året er registrert og inkludert i regulert budsjett.

Bokføring

Vi har oppfylt vår plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av kommunens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Redegjørelse for vesentlige budsjettavvik

Vi er ansvarlige for å etablere en internkontroll som sikrer etterlevelse av budsjettvedtak og kontroll med eventuelle vesentlige avvik som det skal gis en redegjørelse for i årsberetningen.

Vi mener at årsberetningen gir dekkende redegjørelse for vesentlige beløpsmessige avvik fra årsbudsjettets talldel og vesentlige avvik fra kommunestyrets premisser for bruken av bevilgningene.

Opplysninger som er gitt

Vi har gitt revisor:

- tilgang til alle opplysninger vi har kjennskap til, som er relevante for utarbeidelsen av årsregnskapet, herunder regnskapsregistreringer, dokumentasjon og andre saker,
- tilleggsopplysninger som revisor har bedt om fra oss for revisjonsformål, og
- ubegrenset tilgang til personer i kommunen som det etter revisors vurdering er nødvendig å innhente revisjonsbevis fra.

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Alle transaksjoner er registrert i regnskapsposter og reflektert i årsregnskapet.

Vi har gitt revisor opplysninger om resultatene av vår vurdering av risikoen for at årsregnskapet kan inneholde vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter.

Vi har gitt revisor alle opplysninger om eventuelle misligheter eller mistanker om misligheter som vi er kjent med og som involverer:

- ledelsen,
- ansatte som har en betydningsfull rolle i intern kontroll, eller
- andre

Vi har gitt revisor alle opplysninger om eventuelle påstander om misligheter eller mistanke om misligheter som er kommunisert av ansatte, tidligere ansatte, folkevalgte, tilsynsmyndigheter eller andre.

Vi har gitt revisor opplysninger om alle kjente tilfeller av manglende overholdelse eller mistanke om manglende overholdelse av lover og forskrifter som kan ha betydning for utarbeidelsen av årsregnskapet.

Vi har gitt revisor opplysninger om identiteten til kommunens nærstående parter og alle forhold til nærstående parter og transaksjoner med disse som vi er kjent med.


Ledelsens ansvar

- Vi bekrefter at vi er ansvarlig for å etablere en internkontroll som sikrer etterlevelse av budsjettvedtak og kontroll med eventuelle vesentlige avvik som det skal gis en redegjørelse for i årsberetningen
- Vi bekrefter at årsberetningen gir en dekkende redegjørelse for:
 - Vesentlige beløpsmessige avvik fra årsbudsjettets talldel
 - Vesentlige avvik fra kommunestyrets premisser for bruken av bevilgningene

Vi har regnskapsført eller opplyst om alle forpliktelser, både aktuelle og latente, og har i note til årsregnskapet gitt opplysninger om kommunens garantiansvar.

Kommunen har tilfredsstillende hjemmel til alle eiendeler, og det er ingen pantsettelse av eller heftelser på kommunens eiendeler, med unntak av dem som fremgår av notene til regnskapet.

Sykkylven, 4. april 2023



Bente Glomset Vikhagen
Kommunedirektør

Torbjørn Emblem
Økonomisjef

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
PS 12/23	Sykkylven kontrollutval	04.05.2023

Eigarskapsmelding Sykkylven kommune - kommunestyret sitt vedtak

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Utvalet bed om å få ei sak til neste møte, med ei skisse til prosjektplan for å bestille ein eigarskapskontroll.

Bakgrunn

Sykkylven kommunestyre vedtok i sitt møte 27. mars 2023 i sak 17/23 Eigarskapsmelding for Sykkylven kommune.

Når denne meldinga no er vedteken så bør kontrollutvalet vurdere å bestille ein eigarskapskontroll.

Ein slik kontroll kan ha fokus på korleis kommunen utøver eigarskapet sitt gjennom sine representantar og korleis kommunen følgjer opp eigarstrategien sin inn mot selskapa dei eig heilt eller delvis.

Sekretariatet rår kontrollutvalet til å be om ei sak på neste møte saman med ei skisse til prosjektplan for å bestille ein eigarskapskontroll.

Vedlegg

Kommunestyret sitt vedtak om eigarskapsmelding
Eigarskapsmelding Sykkylven Kommune

Emne: SV: Eigarskapsmelding og kommunestyret sitt vedtak
Kopi: Torill Olin Skjeret <torill.skjeret@sykkylven.kommune.no>
Til: Solveig Kvamme <solveig.kvamme@sksiks.no>
Sendt: 12.04.2023 10:39:31
Fra: Synnøve Hunnes <synnove.hunnes@sykkylven.kommune.no>
Vedtak

- 1. Sykkylven kommunestyre vedtek Eigarskapsmelding for Sykkylven kommune slik den ligg føre**
- 2. Selskapa som kommunen har majoritetseigarskap i må vurdere om vedtektene deira må endrast/justerast med bakgrunn i prinsippa og strategiane som vert vedtatt av eigar**

Med venleg helsing

Synnøve Hunnes
Einingsleiar Fellestenestene

E-post: synnove.hunnes@sykkylven.kommune.no
Mobil: 90 14 02 82



Vi gjer merksam på at e-post til og frå Sykkylven kommune i utgangspunktet er journalpliktig etter arkivlova, og også vil vere eit offentleg saksdokument som andre vil kunne få innsyn i etter reglane i offentleglova.



Sykkylven
kommune

Eigarskapsmelding – Sykkylven kommune

Vedteken av kommunestyret:



Innhold

Innleiing.....	3
Del 1	4
Sykkylven kommune- visjon og mål.....	4
Overordna mål for eigarskap i Sykkylven kommune:.....	8
Eigarskap med finansielt føremål:.....	8
Eigarskap med politiske føremål:	8
Overordna prinsipp for eigarstyring	9
Del 2	10
Oversikt over selskap vi har aksjar i:	10
Eigne strategiar for selskap der Sykkylven er eineigar eller majoritetseigar	11
Sykkylven Energi Holding AS.....	11
Sykkylven bustadselskap AS og Aure Omsorgsbustadar AS	12
Sykkylven Næringsutvikling AS.....	13
Storfjordterminalen.....	14
Storfjordsambandet AS	15
Del 3 – Roller, ansvar og årshjul for eigarstyring.....	18
Årshjul for eigaroppfølging.....	20

Innleiing

Sykkylven kommune har direkte eigardelar i aksjeselskap og interkommunale selskap. Videre deltek kommunen i større og mindre interkommunale samarbeid. Samla vert det forvalta store verdiar i desse selskapa. Målet er å utøve eit eigarskap som samla sett skal bidra til god utvikling av selskapa, langsiktig verdiskaping og tydeleg styring. Dette krev tydelege føringar, rolleavklaring og open dialog mellom eigar og selskap.

Kommunane sitt ansvar for ein tydeleg eigarskapspolitikk er forankra i kommunelova: § 26-1. Eierskapsmelding. Her står det at kommunar skal minst ein gong i valperioden utarbeide ein eigarskapsmelding som skal vedtakast av kommunestyret sjølv. Det står også kva ei eigarskapsmelding skal innehalde. Denne eigarskapsmeldinga dekkjer dette lovkravet.

Sykkylven kommune si eigarskapsmelding skal:

- 1. Tydeleggjere korleis Sykkylven kommune vil utøve ein overordna eigarskapspolitikk.**
Den overordna eigarskapspolitikken har mål om å danne grunnlag for klare retningslinjer til selskapa og forenkle samarbeidet der ein har fleire eigarar. Overordna forventningar, mål og prinsipp gjeld uavhengig av selskapsform og kva for målsettingar kommunen(-ane) har med selskapet.
- 2. Gje ei samla oversikt over alle kommunen sine eigarposisjonar.**
Eit utval av selskapa, nærmare bestemt dei vi har ein stor egarde, er majoriteteigar eller eineigar, vil ha ein eigen omtale og strategi. Denne eigarstrategien skal gje selskapa signal om kva eigar ynskjer, og vil vidare dannar grunnlag for ei god forventningsavklaring og styringsdialog.
- 3. Vise aktørbildet og roller, samt korleis eigar vil utøve eigarskapsoppfølginga** gjennom klargjering av roller og aktivitetar i eit årshjul.

Eigarskapsmeldinga er tredelt:

- Del 1 - Generell del: Overordna eigarskapspolitikk.
Overordna eigarskapspolitikk og prinsipp for eigarstyring, overordna mål og forventningar.
- Del 2 - Spesiell del: Oversikt over Sykkylven kommune sine eigarposisjonar og nærmare omtale om føremål og eigarstrategi for dei selskapa vi er eineigar eller majoriteteigar av.
- Del 3 – Roller, ansvar og årshjul for eigarskapsoppfølging.

Sykkylven kommune som eigar ønsker ei klargjort rolle- og ansvarsdeling mellom eigar og selskap, og som følgjer prinsipp for god eigarstyring og selskapsleiing, slik det er nedfelt i [KS sine tilrådingar om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll](#).

Innhaldet i eigarskapsmeldinga, og/ eller eigarstrategien vil kunne medføre endringar i dokument som regulerer forholdet mellom eigar og selskap (t.d. vedtekter eller oppdrags/ tildelingsbrev). Dette må følgjast opp i etterkant av kommunestyret sitt vedtak.



Del 1

Sykkylven kommune- visjon og mål

Sykkylven kommune sin visjon er SKAPARGLEDE.

Skaparglede symboliserer den kreative krafta og pågangsmotet som har lagt grunnlaget for dagens Sykkylvs-samfunn.

Visjonen er knytt til at Sykkylven:

- er ein kommune der skaparglede er ein gjennomgåande verdi for heile lokalsamfunnet.
- skaper trivsel, sosiale og friske menneske som meistrar eigen kvardag.
- er ein levande og skapande kommune, ein kommune med mangfald, som pulserer, skaper energi og kreativitet.
- er eit samfunn som skaper gode løysingar, tilpassa den enkelte sine behov.
- skaper gode tilhøve til naboane våre, og gjere nytte av at vi ligg nær både by og fjell.
- bygg stoltheit og identitet ved å ta det beste frå fortida med oss inn i framtida.
- er ein berekraftig kommune i tråd med FNs berekraftsmål

Prioriterte innsatsområde (nedfelt i samfunnsplanen som skal vedtakast våren 2023)
 Sykkylven kommune skal i planperioden ha særleg fokus på:

- Berekraft
- Verdiskaping og arbeidsplassar
- Tenestekvalitet
- Bustadsituasjonen
- Livskvalitet, likeverd og mangfald

FNs bærekraftsmål

FNs bærekraftsmål er verdens felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikhet og stoppe klimaendringene innen 2030. FNs bærekraftsmål består av til sammen 17 mål og 169 delmål, og gir en felles global retning for land, næringsliv og sivilsamfunn.

Dei tre bærekraftsdimensjonane; Økonomi, sosiale forhold, klima og miljø er innarbeidd i Sykkylven kommune sin kommuneplan- samfunnsdel. Sykkylven kommune gjennomførte også, hausten 2020, ei kartlegging av 107 indikatorar som måler kommunen sin status i høve til FN sine bærekraftsmål. Arbeidet var organisert gjennom prosjektet [Berekraftfylket Møre og Romsdal](#) i samarbeid med FN-organisasjonen United for Smart Sustainable Cities (U4SSC). Indikatorane måler ulike sider av samfunnet, frå det som gjeld vatn, energi, transport og bygg til tryggleik, helse, innovasjon og utdanning. Digitalisering gjeld for alle desse alle områda.



Selskapa som ressurs i å nå dei overordna måla:

Sykkylven kommune ser på våre selskap er ein ressurs og samarbeidspart i arbeidet med å nå dei overordna måla. Selskapa har ei viktig samfunnsrolle og påverkar samfunnsutviklinga og nærmiljøet der dei opererer. Derfor er det viktig at denne samfunnsrolla i størst mogleg grad blir reflektert i både styring og dagleg leiing av selskapa. Sykkylven kommune ynskjer å spele på lag med alle våre selskap og interesser i arbeidet mot å bli eit meir bærekraftig samfunn.

Eit bærekraftig selskap balanserer økonomiske, sosiale og miljømessige forhold på ein måte som bidreg til langsiktig verdiskaping, slik at dagens behov vert ivaretatt utan å øydelegge moglegheitene for at komande generasjonar kan få dekkja sine behov.

Andre viktige føringar

1. Det skal vere ein open kommunikasjon om kommunen sine eigarinteresser i alle selskap knytt til Sykkylven kommune, og eigarpostar skal kome fram i rekneskapan.
2. Prinsippet om meiroffentlegheit skal gjennomførast i alle selskap når ikkje anna lovgiving, forretningsmessige eller andre tilhøve tilseier at informasjonen skal vere unntatt offentlegheit.
3. Det skal vere ein open kommunikasjon om leiarløningar, pensjon, styrehonorar og anna godtgjering i selskapa.
4. Sykkylven kommune føreset at kommunen sine representantarar i selskap er registrert i Kommunens sentralforbund (KS) sitt styrevervregister. Tilknytning til styrevervregisteret skapar openheit om roller og styrker allmenta sin tillit til kommunalt eigde selskap.

Vidare er Sykkylven kommune oppteken av at det einskilde selskap si verksemd er ansvarleg. Dette inneber å identifisere og handtere risikoen selskapet påfører menneske, samfunn og miljø. Omsynet til bærekraft og ansvarleg verksemd er ein del av Sykkylven kommune sine forventningar til selskapa, og vil påverke korleis Sykkylven kommune følg opp selskap og eigarposisjonar. Sykkylven kommune forventar at alle selskap legg til grunn kommunen sine føringar knytt til:

- Ethiske retningslinjer
- Innkjøpsstrategi
- Openheit og innsyn

Vanlege selskapsformer i kommunal sektor:

- **AS** – aksjeselskap styrt av aksjelova. Selskapet sitt øvste eigarorgan er generalforsamlinga, og her vert den øvste mynda til selskapet utøvd.
- **IKS** - interkommunalt selskap (styrt av lov om interkommunale selskap. IKS er eit sjølvstendig rettssubjekt og skal opptre i eige namn). Deltakarkommunane utøver eigarstyring gjennom sine valde medlemmar i representantskapet. Kommunestyret har instruksjonsrett ovanfor sine medlemmar i representantskapet.
- **KF** - kommunalt selskap. KF er regulert av lov om kommunar og fylkeskommunar- kommunelova. KF er ikkje eit sjølvstendig rettssubjekt, men er ein del av kommunen. Selskapet vert leia av eit styre, som er peika ut direkte av kommunestyret. Dagleg leiar står i linje under styret, som igjen er underlagt kommunestyret.
- **Samvirkeselskap**. Det er lov om samvirkeselskap (samvirkelova) som regulerer denne organisasjonsforma. Eit samvirkeselskap er ikkje eit selskap.. Samvirkeselskap har medlemmer, men ikkje eigarar. Årsmøtet er samarbeidet sitt øvste organ, og her vert avgjerder fatta.
- **Stiftingar**: Lov om stiftelsar (stiftelseslova) regulerer denne organisasjonsforma. Ei stifting er eit sjølvstendig rettssubjekt. Som stiftar av ei stifting kan kommunen verken utøve styring over stiftinga si verksemd eller gjere krav på delar av stiftinga sitt overskot (ta utbytte).
- **Kommunalt oppgåvefelleskap**. Denne selskapsforma er regulert i kommunelova § 19-1. Ny kommunelov fjernar høve til § 27-samarbeid, og oppgåvesamarbeid kan vere eitt av alternativa. Kommunane har fått tid fram til utgangen av 2023 på å tilpasse seg denne endringa. I eit oppgåvefelleskap kan to eller fleire kommunar løyse felles oppgåver, og er som sagt eitt av fleire alternativ for organisering av interkommunalt samarbeid. Eit oppgåvefelleskap kan ikkje ha mynde til å treffe einskildvedtak, men kan likevel gjevast mynde til å treffe denne type vedtak om interne forhold i samarbeidet, og til å forvalte tilskotsordningar.
- **Kommunelova § 28 - Vertskommunemodell**. Kommunen overlét ansvaret for bestemte oppgåver og slutningar til ein anna kommune, dvs. Vertskommune. Modellen inneberer ikkje etablering av eigen juridisk person, men er eit reint avtalebasert samarbeid.


Kvifor opprettar vi selskap?

Hovudregelen er at Sykkylven kommune yter kommunale tenester i eigen regi, underlagt kommunedirektøren sitt ansvar og mynde, med direkte folkevald kontroll og styring, og kan kallast linjestyling. Der oppgåveløysinga er organisert i ulike selskap, har dei folkevalde meir indirekte verktøy for styring, også kalla eigarstyring.

Sykkylven kommune kan vurdere å organisere si verksemd i selskap dersom:

- Tenesta kan driftast meir effektivt i samarbeid med andre offentlege aktørar (stordriftsfordelar).
- Tenesteproduksjonen blir meir robust ved samarbeid med andre.
- Det er ønskeleg og hensiktsmessig å samarbeide om verksemda med private aktørar.
- Kommunale tenester krev investeringar i infrastruktur på tvers av kommunegrensene.
- Statlege tilskotsordningar krev selskapsorganisering, utanfor ordinær struktur.
- Skatte- og avgiftsmessige forhold gjer at selskapsorganisering har økonomiske fordelar.
- Verksemdene opererer i ein marknad, og er difor meir tent med ei friare stilling enn det ein har i den kommunale organisasjonen.

Samarbeidsformer og graden av sjølvstyre:



Modellen syner på ein forenkla måte korleis alternative selskapsmodellane har aukande grad av sjølvstyre. Pila si retning syner og aukande behov for eigarstyring gjennom overordna prinsipp. Dette er årsaka til behovet for ei god eigarskapsmelding og eigarstyring.

Kommunen sitt føremål med selskap kan grovt delast inn i to.

1. **Finansielt føremål med ev. tilleggsføremål:** Eigarskap som primært opererer i konkurranse med andre. Føremålet er ofte finansielt, men kan og vere motivert av andre tilleggsføremål. Tilleggsføremål kan t.d. vere knytt til ringverknadar med eigarskapet som t.d. regionale arbeidsplassar eller lokalisering og hovudkontorfunksjon.
2. **Sektorpolitiske føremål eller andre politiske/ regionalpolitiske føremål:** Selskap som gjennomfører lovpålagde eller samfunnsmessige oppgåver der eigar ikkje siktar mot ei marknadsmessig eigenkapitalavkastning. Dei sektorpolitiske måla er sentrale i eigarskapsstrategien for desse selskapa. Årsaka til å opprette selskap innanfor denne kategorien er å gje selskapet ei større operasjonell sjølvstende eller fagleg uavhengig rolle. Desse selskapa opererer primært ikkje i konkurranse med andre, og alternativet til kommunalt eigarskap er ofte å organisere selskapet som forvaltningsorgan i eigen organisasjon. Enkelte selskap er og oppretta av reint politisk og ofte regionalpolitiske føremål. T.d. er samferdselselskapa vår eit døme på dette.

Uavhengig av kva for kategori selskapa har si hovudforankring vil Sykkylven kommune forvente at selskapa balanserer omsyna til økonomiske, miljømessige og sosiale konsekvensar av verksemda for eigarar, kundar, tilsette og andre interessentar. Målet med dette er å sikre langsiktig utvikling, men med ei tydeleg forventning om effektiv drift med god utnytting av selskapet sine ressursar.

Overordna mål for eigarskap i Sykkylven kommune:.

Sykkylven kommune skal vere ein ansvarleg eigar med langsiktig perspektiv. Fellesskapet sine verdiar skal forvaltast på ein måte som gjev tillit hos allmenta. Sykkylven kommune si eigarutøving skal bidra til høgast mogeleg avkastning over tid, eller mest mogeleg effektiv måloppnåing av samfunnsmessige mål. Måla skal nås på ein berekraftig og ansvarleg måte.

Eigarskap med finansielt føremål:

Selskapa som i hovudsak har finansielt føremål skal levere høgast mogeleg avkastning over tid. Andre tilleggsføremål skal tydeleggjerast i eigarstrategien. Eit selskap vil i utgangspunktet ikkje kunne skape verdiar og vere konkurransedyktig utan at det vert eigd og styrt med mål om høgast mogeleg avkastning over tid. Høgast mogeleg avkastning over tid føreset at selskapet er berekraftig. Eit berekraftig selskap balanserer økonomiske, sosiale og miljømessige forhold på ein måte som bidreg til langsiktig verdiskaping.

Eigarskap med politiske føremål:

Selskap som i hovudsak har samfunnsmål eller andre politiske føremål skal ha mest mogeleg effektiv måloppnåing. Samfunnsmål skal tydeleggjerast i eigarstrategien. Dersom selskapet også har verksemd i konkurranse med andre, forventar kommunen normalt høgast mogeleg avkastning over tid frå denne delen av selskapet si verksemd. Dei samfunnspolitiske måla varierer mellom selskapa, men for alle selskapa har Sykkylven kommune mål om mest mogeleg effektiv oppnåing av desse. Selskapa innanfor dette føremålet opererer primært ikkje i konkurranse med andre, men i enkelte tilfelle vil delar av aktiviteten operere i konkurranse med andre. I slike tilfelle har kommunen normalt høgast mogeleg avkastning over tid til denne avgrensa delen.

Dei overordna måla for alt eigarskap er ikkje gjentatt i dei einskilde eigarstrategiane i del-2 i eigarskapsmeldinga.

Overordna prinsipp for eigarstyring

Sykkylven kommune skal vere ein profesjonell eigar, som utøver eigarrolla si basert på prinsipp for god eigarstyring slik dei er nedfelt i [KS sine tilrådingar om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll](#), og slik det kjem fram i denne eigarskapsmeldinga.

Sykkylven kommune har definert nokre overordna prinsipp for eigarstyring.

Målet er at prinsippa skal bidra til føreseielege overordna rammer, rolleavklaring og ansvar.

Prinsippa er som følgjer:

1. Kommunestyret er generalforsamling i heileigde aksjeselskap.
2. Ordførar, eller den ordførar peikar ut, stiller på vegne av kommunen i deleigde selskap.
3. Kommunestyret oppnemner styremedlemar og representantar til aktuelle eigarorgan.
4. Den kommunale valnemnda skal foreslå styremedlemmar til alle selskap der kommunen har styrerepresentasjon, dersom anna ikkje er vedtekstfesta.
5. Kommunestyret vedtek retningslinjer for valnemnda sitt arbeid.
6. Det skal settast eit nøkternt nivå på leiarlønningar, pensjon, styrehonorar og anna godtgjering i selskapa.
7. Eigarskapsmeldinga skal oppdaterast etter behov, men skal handsamast av kommunestyret i løpet av første år av valperioden.

Selskap der Sykkylven kommune ikkje er eineigar:

Sykkylven kommune har interesser i fleire selskap som vi eig saman med andre. Det er ønskeleg at dei aktuelle prinsippa ovanfor også vert praktisert i og ovanfor desse selskapa. Sykkylven kommune som deleigar i selskap ønskjer ein systematisk dialog, også med desse selskapa. Dette for å kunne sikre ei samla god eigarstyring uavhengig av eigardel.

Del 2

Oversikt over selskap vi har aksjar i:

Selskaps navn	Eierandel i %	Vesentlig endringer i eierandel	Vesentlig nedskrivning	Reversering nedskrivning	Bokført verdi 31.12
EIGARINNSK. ÅKNES/TAFJ. IKS	20 %				200 000
ÅRIM IKS	8 %	avviklet mot aksjer i Bingsa Gjenvinning AS	40 000		-
MURITUNET AS	0,50 %				70 000
AURE OMSORGSBUSTADER AS	100 %				352 000
SYKKYLVEN BUSTADSELSKAP AS	100 %				4 600 000
SYKKYLVEN ENERGI HOLDING AS	100 %				51 670 516
RADIO STORFJORD AS		avviklet	1		-
BYRG KOMPETANSE AS	0,01 %				10 000
STORFJORDTERMINALEN AS	100 %				8 100 000
HAREID FASTL.SAMBAND AS	0,11 %				10 000
BINGSA GJENVINNING AS	1,95 %			46 000	46 000
BIBLIOTEKSENTRALEN AL	1 %				1 500
STORFJORDSAMBANDET ASA	34 %				4
SYKKYLVEN RESSURSENTER AS/FU	1 %				6 000
VELLEDALEN I BALANSE AS	0,006 %				5 000
SYKKYLVEN NÆRINGSUTV. AS	52,00 %				26 000
UTVIKLINGSFORUM FOR ÅLESUND LUFTHAVN VIK	2,44 %				25 000
MØRE OG ROMSDAL REVISJON SA	2,60 %				105 000
STRAUMGJERDE VASSVERK	1 %				5 000
DET NORSKE TEATRET LL	1 %				3
STORFJORD KULTURHUS SA	1 %				1
SYKKYLVEN LEGETJENESTE AS	100 %	avviklet	1 639 346		-
PLUSSLAB AS	25 %				12 500
NORSK MØBELFAGLEG SENTER	25 %				17 000
KOMPETANSESENTER FOR NORSK MØBELINDUSTRI		under utvikling			600 000
SYKKYLVEN FRLUFTSENTER	12,90 %				30 000
HUNDEIDVIK VASSVERK VERDI PÅL	1 %				5 000
ØVRE VELLEDALEN VASSVERK, PÅL	1 %				5 000
EIGENKAPITALINNSKOT KLP					19 361 878

Eigne strategiar for selskap der Sykkylven er eineigar eller majoritetseigar

Aksjeselskap

Namn	Sykkylven Energi Holding AS
Organisasjonsnummer	924 888 946
Stifta	2020
Sykkylven kommune sin eigardel	100%
Andre eigarar	Ingen
Aksjekapital	Aksjekapital består av 33 aksjar pålydande 600 000 per aksje. Totalt 19.800.000 i aksjekapital
Dagleg leiing	Per Arne Edvardsen
Styre	<p>Styrelieiar Steinar Johan Bakke</p> <p>Nestleiar Kristin Grebstad</p> <p>Styremedlem Arvid Ståle Skinnes</p> <p>Styremedlem Jarle Sverre Strømmegjerde</p> <p>Styremedlem Odd Arne Krüger</p> <p>Styremedlem Renate Synnøve Karlsen</p> <p>Styremedlem Per Magne Drotninghaug</p> <p>Varamedlem Anne Karin Watters</p> <p>Varamedlem Hallvard Hjorthol</p> <p>Varamedlem Kai Fjell</p> <p>Varamedlem Bergljot Hjortdal</p> <p>Revisor Revisor Klokk AS</p>
Selskapet si heimeside	<p>https://www.sykkylven-energi.no/</p> <p>Sykkylven Energi Holding AS- Proff- Informasjon</p>
Selskapet sitt føremål	<p>Føremål med verksemda er, direkte eller indirekte gjennom dotterselskap, overføring av elektrisk kraft med høg leveringssikkerheit og leveringskvalitet til kundar i Sykkylven kommune og produksjon av elektrisk energi i eigne kraftstasjonar. Selskapet skal vidare, direkte eller indirekte gjennom dotterselskap, yte gode og sikre tenester innan vassforsyning og avløp (VA) til innbyggerane i Sykkylven. I tillegg skal selskapet, direkte eller indirekte gjennom dotterselskap, bygge og vedlikehalde infrastruktur for fiberbaserte kommunikasjonsløyser.</p> <p>Selskapet kan og delta i andre aktivitetar som heng naturleg saman med energi-, kommunikasjon og VA- relaterte tenester eller gjennom deltaking i andre selskap.</p>

Eigarstrategi	<p>Sykkylven Energi Holding AS skal vere drivkraft for ei miljøvennleg samfunnsutvikling innanfor sitt produksjon og overføring av elektrisk energi, fiber infrastruktur og for tenester innan vassforsyning og avløp.</p> <p>Gjennom rasjonell og effektiv drift samt bygging av infrastruktur med rett kvalitet skal selskapet tilbakeføre verdier til eigar og lokalsamfunn.</p> <p>Selskapet skal utarbeide planar for ei berekraftig fornying av infrastrukturen . Høg levetid og eit avgrens klimafotavtrykk skal vere eit mål, og ny teknologi skal nyttast for å møte framtidens utfordringar på ein effektiv måte.</p> <p>Eigar ønsker at selskapet skal ha eit samarbeid med private vassverk i kommunen for å sikre felles ambisjon om trygge og berekraftig vassforsyning for innbyggjarane i Sykkylven kommune også i framtida.</p> <p>Utbyttet frå selskapet skal være resultatavhengig og skal maksimalt være 50 % av resultatet etter skatt. Dette skal gi eigar og selskapet gode rammevilkår for å utvikle verdiane i selskapet.</p>
---------------	--

Namn	Sykkylven bustadselskap AS og Aure Omsorgsbustadar AS
Organisasjonsnummer	979 298 285 Org nr 973 191 799
Stifta	1997
Sykkylven kommune sin eigardel	100%
Andre eigarar	Ingen
Aksjekapital	<p>Sykkylven bustadselskap AS: 4600 000,- fordelt med 4600 aksjar a kr 1000,-</p> <p>Aure Omsorgsbustadar AS: 352 000,- fordelt på 704 aksjar pålydande kri 500,-</p>
Dagleg leiing	Vidar Schultz Nakken
Styre	<p>Styreleiar Otto Magne Strømmegjerde Styremedlem Arvid Magne Aure Styremedlem Torill Velle Styremedlem Helga Karin Lermo Johansen Styremedlem Odd Arne Eidem Varamedlem Manuel Fernando Navarro Varamedlem Synnøve Ramstad Revisor Klokk AS Regnskapsfører Sr-Rekneskap AS Sykkylven</p>
Selskapet si heimeside	Sykkylven bustadselskap AS- Proff- Informasjon Aure omsorgsbustadar AS- Proff- Informasjon

<p>Selskapet sitt føremål per dato, nedfelt i vedtektene.</p>	<p>Sykkylven bustadselskap AS: Selskapet sitt føremål er å forvalte, drive og utvikle den bustadmassa selskapet disponerer. Selskapet kan også engasjere seg i tilknytt verksemd. Selskapet skal ikkje ha til formål å skaffe aksjeeigar økonomisk utbytte. Dersom selskapet går med overskot, skal overskotet tilførast annan eigenkapital. Ved eventuell avvikling av selskapet, skal aksjekapitalen gå tilbake til aksjonæren. Eit eventuelt overskot skal gå til helse- og sosialformål i Sykkylven Kommune.</p> <p>Aure Omsorgsbustadar AS: Føremålet med selskapet er å erverve og drive bustadar for tidsavgrensa utleige og kva som står i samband med dette. Bustadane skal leigast ut til eldre/ trygda, funksjonshemma og pensjonistar utpeika av Sykkylven kommune.</p>
<p>Eigarstrategi</p>	<p>Selskapet skal vere eitt av kommunen sine verktøy i kommunen i arbeidet med å skaffe/ legge til rette for vanskelegstilte på bustadmarknaden som treng hjelp frå det offentlege til å skaffe eller behalde bustad.</p> <p>Sykkylven kommune sin bustadpolitikk skal ligge til grunn for selskapet sin strategi, og strategiske val knytt til forvaltning av bustadmassa skal skje i tett dialog med eigar. Selskapet skal i hovudsak forvalt bustadar der det ikkje er døgnkontinuerlege kommunale tenester.</p> <p>Eigar ber selskapet om å leggje fram ei sak som syner konsekvensane av å fusjonere Sykkylven bustadselskap AS med Aure Omsorg AS. Saka skal leggjast fram i løpet av 2023</p>

Namn	Sykkylven Næringsutvikling AS
Organisasjonsnummer	954739651
Stifta	1989
Sykkylven kommune sin eigardel	52 % A-aksjar
Andre eigarar	48 % A-aksjar Sykkylven Industri og Næringslag
Aksjekapital	136 000
Dagleg leing	Åsne Helene Folstad
Styre	<p>Øystein Vikingsen Fauske, styreleiar Per Kjetil Våtmyr Anita Bente Kjersheim Bergljot Hjortdal Lars Magnus Hjellegjerde Skog Møtende vara: Thor Omenås Observatør: Odd Jostein Drotninghaug Observatør: Bente Glomset Vikhagen</p>
Selskapet si heimeside	https://www.skaparglede.no/sykkylven-naringsutvikling/

	Sykkylven næringsutvikling AS- Proff- informasjon
Selskapet sitt føremål	Selskapet sitt formål er å styrke og utvikle eksisterande og ny næringsverksemd i Sykkylven.
Eigarstrategi	<p>Sykkylven Næringsutvikling (SNU) skal vere ein katalysator, drivar og koordinator for viktige satsingar for lokalt næringsliv og legge til rette for og dra nytte av samarbeid med regionale miljø spesielt innan teknologi og reiseliv. Selskapet skal vere ei drivkraft i å realisere kommunen sin næringsstrategi som har følgjande satsingsområde:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Skaparglede i næringslivet 2. Opplevingsnæringar 3. Samarbeid og nettverk 4. Attraktive Sykkylven <p>Sykkylven Næringsutvikling skal bidra til god samhandling med kommuneadministrasjon, politikarar og regionale samarbeidspartnarar, for slik å oppnå best mogleg tilrettelegging av lokalt næringsutviklingsarbeid.</p> <p>Sykkylven Næringsutvikling ivaretar førstelinetenesta i det offentlege verkemiddelapparatet, med Hoppid-kontor som gir rettleiing og økonomisk starthjelp til gründerar. Selskapet forvaltar også Kommunalt Næringsfond for lokale vekstbedrifter.</p> <p>Næringssselskapet har ansvar for drift av møteplassen SkaparLINKEN som ble etablert i januar 2022 for lokale gründerar, bedrifter, kommune, eldsjeler, skule, og besøkande med ønskje om eit uformelt arbeidsfellesskap eller møtestad. SkaparLINKEN skal vere ein arena for nyskaping, kompetanse- og erfaringsutveksling.</p> <p>Selskapet skal jobbe for å sikre langsiktig og føreseibare rammevilkår for drift av selskapet. Kommunen fekk omstillings-status i 2021, for ei periode på inntil seks år. Omstillingsprogrammet bidreg med ressursar til auka aktivitet og tilrettelegging av bistand til lokalt næringsliv.</p>

Namn	Storfjordterminalen
Organisasjonsnummer	951 237 671
Stifta	1988
Sykkylven kommune sin eigardel	100%
Andre eigarar	Ingen
Aksjekapital	Selskapets aksjekapital er kr 735 000,- fordelt på 700 aksjer a kr 1050,-
Dagleg leiing	Jarle Strømmegjerde
Styre	Leiar: Jarle Straumegjerde Medlem: Anne Karin Watters

	Medlem: Erling Olav Opdahl Varamedlem: Torill Velle Varamedlem: Leif Kjetil Lorentzen
Selskapet si heimeside	Storfjordterminalen- Proff- informasjon
Selskapet sitt føremål per dato, nedfelt i vedtektene	Selskapets formål er kai og terminaldrift, samt alt hva hermed står i forbindelse med dette.
Eigarstrategi for selskapet	<p>Storfjordterminalen AS skal ha ansvaret for all hamneutbygging i kommunal regi i Sykkylven, samt drift av kaiene.</p> <p>Selskapet skal finne ei hensiktsmessig arbeidsfordeling mellom dei to kaiområda Aursneset og Aure sentrum. Området kring kaiområdet i sentrum må sjåast på i samband med utvikling av reguleringsplan for området.</p> <p>Selskapet skal samarbeide med andre aktørar, og Næringssekskapet SNU spesielt for å stimulere til aktivitet i samsvar med kommunen sin næringsstrategi generelt og reiselivsatsing spesielt.</p>

Namn	Storfjordsambandet AS
Organisasjonsnummer	943 112 339
Stifta	1987
Sykkylven kommune sin eigardel	33,8 %
Andre eigarar	Stranda kommune (33,1 %), Ålesund kommune (13,9 %), Stryn kommune (9,9 %), Fjord kommune (4,0 %), Volda kommune (3,3 %), Sula kommune (1,3 %), Ørsta kommune (0,7 %)
Aksjekapital	NOK 182.520,00
Dagleg leiing	Øyvind Michael Olsen
Styre	<p>Styreliear Hans Petter Brunstad Sørensen</p> <p>Nestleiar Leif Jarle Aure</p> <p>Styremedlem Anne Karin Watters</p> <p>Styremedlem Kjell Roar Haukeberg</p> <p>Styremedlem Torill Ansnes</p> <p>Varamedlem 1, Ivar Jan Kristen Langlo</p> <p>Varamedlem 2, Einar Arve Nordang</p> <p>Varamedlem 3, Anne Lise Lunde</p> <p>Revisor Klokk AS</p> <p>Regnskapsfører AS Stette Data</p>

Selskapet si heimeside	https://storfjordsambandet.no/ Storfjordsambandet- Proff- Informasjon
Selskapet sitt føremål per dato, nedfelt i vedtektene	Selskapets sitt formål er å utgreie alternativ for kryssing av Storfjorden med eit kjørbart samband, eventuelt arbeide for betring av eksisterande ferjesamband, og det som står i samband med dette.
Eigarstrategi	<p>Storfjordsambandet AS er eit viktig verktøy for Sykkylven kommune i å bidratt til ein felles og framtidsretta bu- og arbeidsmarknad for denne delen av Sunnmøre</p> <p>Dette inneber å skape ein effektiv kvardag og ei tryggare framtid med meir føreseibare transportmogelegheiter som sikrar attraktivitet og konkurranseevne for innbyggjarar og næringsliv.</p> <p>Selskapet skal legge vekt på ei berekraftig arealforvaltning, samt energieffektiviserande tiltak, null- og lavutslepp, samt fornybare ressursar i konseptval, anleggsperiode og i samferdselsprosjektet si levetid.</p> <p>Eigar sin strategi for perioden er:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Storfjordsambandet AS skal førebu, finansiere og gjennomføre konseptvalutredning (KVU) og uavhengig kvalitetssikring av konseptval (KS1) for Storfjordsambandet som heilhet, i samsvar med prosesskrava i frå Møre og Romsdal fylkeskommune (prosedyre for prosess og kvalitetssikring av «sjølvfinansierande prosjekt»). 2. Utviklingsprosjekt - berekraftige beslutningsmodellar for samferdselsprosjekt – digital tvilling <p>Eit samferdselsprosjekt under planlegging er avhengig av ei rekkje nøytrale data / dokumentasjon som underlag for administrative og politiske beslutningar. Dokumentasjonen er detaljrik og omfattande, men kan vere tidkrevjande og vanskeleg tilgjengeleg både for fagfolk, politikarar og samfunnet elles. Storfjordsambandet skal arbeide for at prosjektet kan verte nytta som ein demonstrator for bruk av digital tvilling som administrativ og politisk beslutningsstøtte i eit regionalt og / eller nasjonalt FoU-prosjekt, der resultatata vert gjort tilgjengeleg og eventuelt kommersialisert nasjonalt</p>

og internasjonalt. Ei slik satsing må finansierast av eksterne midlar.

3. Relasjonsbygging i regionen

Storfjordsambandet sitt arbeid skal bidra til relasjonsbygging og dialog mellom aktørane, samt synleggjere korleis sambandet vil få positiv innverknad / effekt på fleire av dei eksisterande og planlagde samferdselsprosjekta i regionen.

Del 3 – Roller, ansvar og årshjul for eigarstyring

Roller og ansvar:

Kommunestyret: Kommunestyret er ansvarleg for all kommunal verksemd. For å kunne ivareta dette mandatet må kommunestyret ha eit samla grep om heile den kommunale verksemda, her under det som skjer i selskap.

Kommunestyret:

- Utøver eigarstyring gjennom å vedta overordna mål og prinsipp i eigarskapsmelding
- Vedtek å opprette selskap, reorganisering, avvikling og oppløysing av selskap
- Vedtek føremål, stiftingsgrunnlag og leiande organ
- Fastset individuelle/selskapsvise eigarstrategiar med føremål om å gje ei klar retning på kva eigarane vil med selskapet.
- Vel styrerepresentantar til aksjeselskap AS og interkommunale selskap IKS
- Vedtek selskapsavtale for interkommunale selskap
- Vel medlemmer til representantskapet i interkommunale selskap
- Legge føringar for arbeid med å utvikle styringsdokument, som f.eks. eigarskapsmelding og eigarstrategiar

Styret:

Det er ikkje eigar, men styret, som har ansvaret for selskapsstyringa. Styret er selskapet si leiing, og styrer på vegne av eigarane. Styret har ansvar for at selskapet blir forvalta i samsvar med eigar sine interesser, og skal ivareta den strategiske leiinga av selskapet innanfor dei rammene som er gitt av eigar. Dette inneber mellom anna at:

- Styret skal føre kontroll og formulere selskapstrategiar, fatte vedtak og legitimere verksemda
- Vedtek styreinstruks for selskapet og instruks for dagleg leiar
- Styret har ansvar for økonomien til selskapet og vurdering av om det er grunnlag for vidare drift
- Styret skal sørge for at det årleg vert gjennomført ein oppfølgingssamtale med dagleg leiar. I aksjeselskap skal styret gjennomføre ein årleg samtale med revisor utan at dagleg leiar er til stades
- Styret skal kvart år legge fram årsmelding for generalforsamlinga som gir eit komplett bilete av selskapet
- Saker til generalforsamlinga eller tilsvarende organ skal sendast, med forslag til sakliste og alle relevante saksdokument til eigar helst innan 14 dagar, eller andre avtalte fristar, før møtet.
- Styret skal gjennomføre ei årleg eigenevaluering av styrets arbeid sett opp mot selskapet sine vedtekter
- Styret kan ta initiativ til eigarmøte for å bidra til god kommunikasjon mellom eigar og selskap.

Styret skal vere ein viktig diskusjonspart og støttespelar til leiinga i selskapet i større saker. Samtidig må styret kontrollere dagleg leiars arbeid ut i frå gitte målsettingar. Styret må derfor ha ei uavhengig rolle i forhold til dagleg leiar. Eit kompetent styre må kunne utfordre dagleg leiar og selskapet slik at det blir tatt gode avgjerder.

Styret skal som kollegium ha erfaring og kompetanse innanfor definerte behov for kvart selskap og omfattar områda:

- Kunnskap om selskapet si verksemd
- Spesialkompetanse og erfaring innanfor område som er relevant for selskapet
- Erfaring frå leiing og kompetanse knytt til organisasjonsmessige endringsprosessar
- Kompetanse og erfaring knytt til offentleg forvaltning
- Kompetanse og erfaring knytt til styrearbeid

Styreverv i selskap er personleg, dvs. at dei enkelte styremedlemmane ikkje representerer parti, kommunen eller andre interesser, men skal ivareta selskapet sine interesser innanfor dei rammene som er gitt av eigar(ane) gjennom vedtekter og eigarstrategi. Det fordrar høg integritet og evne til å vere konfidensiell om forretningsmessige transaksjonar og strategiske avgjerder.

Så snart som mogeleg etter at val av styremedlemmer er gjennomført, skal det bli gitt tilbod om opplæring i styrearbeid. Kommunen som eigar forventar at selskapet arbeider målretta med å ivareta sitt samfunnsansvar slik det er nedfelt i eigarskapsmeldinga.

Ordførar:

Ordførar møter som kommunen sin representant i selskapa sine eigarorgan, med dei føringane formannskapet gjev. For interkommunale selskap skal kommunen sine eventuelle andre representantar oppnemnst blant kommunestyret sine faste formannsmedlemmar. Ordførar kan delegere representasjonsretten til varaordførar eller anna representant for kommunen.

Kommunedirektøren:

Kommunedirektøren har ansvar for kommunen sin eigen organisasjon. Verksemd i selskap utanfor kommunen er ikkje underlagd kommunedirektøren sin kontroll og styring. Kommunedirektøren har berre ei rådgivande rolle ovanfor kommunestyret, selskapa sine eigarorgan samt ordførar og andre folkevalde.

Kommunedirektøren kan stille med ressursar til eit eventuelt sekretariat. Sekretariatet har ein støttefunksjon for dei folkevalde, og skal saksførebu eigarsaker som skal handsamast i folkevalde organ; eigarstrategi, selskapsetablering/avvikling og eventuelle aktive grep ovanfor det einskilde selskap. For å sikre kommunedirektøren nødvendig informasjon, kan kommunedirektøren bli gitt observasjonsstatus i styremøte for kommunale selskap og selskap etter kommunelova.

Kommunedirektøren skal elles:

- Administrativt følgje opp kommunen si vedtekne eigarskapsmelding, og ivareta kommunens direkte tenestodialog med selskapa.
- Førebu saker til politisk nivå om utforming av eigarskapsmelding, eigarstrategiar og selskapsvedtekter, eller andre saker som krev særskilt fokus frå selskapet sin eigar.
- Sikre at styrebehandla (vedtekne) budsjettforslag blir fremma som ein del av kommunedirektørens budsjett- og økonomiplan, samt at selskapa si rapportering følg kommunens økonomirapportering og årsmelding.
- Kommunedirektøren utarbeider utbytteforventningar som vert kommunisert til selskapa sine styrer i dei selskapa der det er aktuelt med utbytte, i tråd med eigarstrategiar som vert vedtatt.

Kontrollutvalet:

Selskapskontroll er ein av kontrollutvalets lovpålagte oppgåver, og er eit viktig verkemiddel for å sikre at selskapa underleggast folkevald styring og kontroll, jf. kommunelova § 23-2 c). Selskapskontrollen er todelt. Den eine delen er obligatorisk og dreier seg om eigarskapskontroll; kontroll med kommunens oppfølging av ansvaret sitt som eigar. Den andre delen er frivillig og omfattar forvaltningsrevisjon av selskap. Selskapskontroll kan i prinsippet gjennomførast i alle typar selskap, men omfanget av selskapskontrollen påverkast av eigarforholda i selskapa. Innsyns- og undersøkingsretten til kontrollutvalet, og/eller revisor, er øyremerkt følgjande selskap, jf. kommunelova § 23-6:

- interkommunale selskap (IKS)
- interkommunale politiske råd
- kommunale oppgåvefelleskap
- aksjeselskap der kommunen aleine eller saman med andre kommunar direkte eller indirekte eig alle aksjar i desse selskapa, har kommunen sitt kontrollutval og revisor rett til å innhente dei opplysningar dei finn påkravd, og kan gjennomføre nødvendige undersøkingar.

Utvalet skal varslast om, og har rett til å vere til stades, i eigarorgan etablert med heimel i kommunelova.

Årshjul for eigaroppfølging:

I årshjulet kjem det fram kva som er dei faste møteplassane for dialog og informasjon. I tillegg til dette ynskjer vi å halde ein open dialog med rom for kontakt og møter ved behov.

Aktivitet	Jan	Feb	Mar	April	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des
Styret si eigenevaluering												
Generalforsamling												
Eigardag med formannskapet												
Opplæring i styrearbeid etter oppnemning												
Møter ved behov												

Kontaktpunkt i kommunen:

Politisk kontakt	Ordførar
Administrativ kontakt	Kommunedirektør eller den han peikar på.

All kommunikasjon mellom selskap og kommunen, skal som hovudprinsipp førast i postmottak (innkallingar, møteprotokollar etc.)

Første året i valperioden skal eigarskapsmeldinga rullerast. Dette betyr at selskapa kvart fjerde år vert involvert i ein dialogprosess kring denne.

Sykkylven kommune er ikkje eineigar i alle selskap. Sykkylven kommune sine representantar i styre og fora i deleigde selskap skal formidle Sykkylven kommune sine prinsipp, rutinar og rolleforståing

slik dei kjem fram i eigarskapsmeldinga. Målet med dette er at Sykkylven kommune kan utøve ein samla god eigarskapspolitikk ovanfor alle selskap, også dei deleigde.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 13/23	Sykkylven kontrollutval	04.05.2023

Meldingar

Underliggende saker

05/23 Kommunestyret sitt vedtak - rapport frå forvaltningsrevisjon 2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 05/23	Sykkylven kontrollutval	04.05.2023

Kommunestyret sitt vedtak - rapport frå forvaltningsrevisjon 2022

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunn:

Vedlagt er vedtaket kommunestyret gjorde i sak om rapporten frå forvaltningsrevisjonen ressursbruk innan barnehageområdet.

Vedtaket var i tråd med kontroollutvalet si tilråding.

Vedlegg

Kommunestyret sitt vedtak - forvaltningsrevisjonsrapport 2022 - ressursbruk barnehageområdet



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 23/4412
Saksbehandlar: Silje Ramstad
Dato: 30.03.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 24/23	Kommunestyret	27.03.2023

Kontrollutvalet si tilråding - Rapport frå forvaltningsrevisjon 2022 - ressursbruk i barnehageområdet

Kommunestyret - 24/23

KST - behandling:

Jfr. RS-sak 12/23 - som vart omgjort til politisk sak.

Revisjon ved oppdragsansvarlig revisor Kurt Løvoll deltok i møtet.

Leiar i kontrollutvalet Leonhard Vårdal orienterte og gjorde greie for rapporten.

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KST - Vedtak:

Kommunestyret sluttar seg til tilrådingane i rapporten frå forvaltningsrevisjon ressursbruk i barnehageområdet og ber kommunedirektøren merke seg desse:

- Gjennomføre årleg/jamleg gjennomgang av skriftlege prosedyrar/rutinar i tråd med god internkontroll.
- Sjå nærare på om det kan vere aktuelt å publisere rutinar/prosedyrar slik at private barnehagar også har direkte tilgang til desse.
- Setje opp og publisere flytskjema, årshjul eller liknande i eit heilskapleg system som viser fasane innanfor spesialpedagogisk hjelp (jf rettleiar spesialpedagogisk hjelp), med tilhøyrande prosedyrar, fristar og rutinar.
- Gjennomføre evaluering av nye rutinar/iverksette tiltak/organisering knytt til tidleg innsats og systemarbeid. (Til dømes trefftid, fagteam, samarbeidsrutinar BTI)
- Endre mal for enkeltvedtak for å sikre at det kjem fram i vedtaket kva som er barnet sitt synspunkt og korleis barnet sin meining er lagt vekt på.

Kommunestyret bed kommunedirektøren om å rapportere skriftleg til kontrollutvalet innan utgangen av august 2023, på oppfølging av tilrådingane.

Bente Glomset Vikhagen
kommunedirektør

Synnøve Hunnes
einingsleiar